



Luster kommune





Budsjett 2016

Økonomiplan 2016-2019

Planleggingsprogram 2016-2019

Handsama:


2
0
1
5



Vedteke av Luster kommunestyre i
K-sak 91/15 den 17.12.15



Årshjulet 2016 - Luster kommune



Teiknforklaring - Raud og Blå aktivitet styringsdialog	Teiknforklaring - Grøn aktivitet medarbeidar- og brukardialog
TP - Tenesteplan	LD - Leiardialog
B - Budsjett	BU-BH - Brukarundersøking barnehage
ØP - Økonomiplan	BU-S - Brukarundersøking Skule
PP - Planleggingsprogram	BD - Brukardialog
R - Rekneskap	MS - Medarbeidarsamtale anna kvart år (2015 og 2017)
A - Årsmelding	VR - Vernerunde
T1 - Tertialrapport 1. tertial	IS - Introduksjonsseminar nye medarbeidarar
T2 - Tertialrapport 2. tertial	MU - Medarbeidarundersøking anna kvart år (2016 og 2018)
K - Kostra rapportering	

Saksprotokoll

Kommunestyret

17.12.2015

Sak: 91/15

Tittel: Saksprotokoll: Budsjett 2016, økonomiplan 2016-19, planleggingsprogram 2016-19.

Arkivsak: 15/2420

(Saksprotokollen er ikkje komplett, det er berre sjølve vedtaket som er teke inn)

Kommunestyret sitt vedtak. (korrigert.)

Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2016 og økonomiplan for 2016 – 2019 for Luster kommune slik det ligg føre i samsvar med spesifikasjon av drifts- og investerings-budsjettet inkludert endringar i tilleggstilråding av 09.12. og fellesframlegga frå kommunestyret si handsaming.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter høgste gjeldande satsar. Eigedomsskatten, jf. lov av 5.06.75, vert utskriven med 7 kr for kvar 1000 kr i takstverdi. Skatten vert utskriven på verk og bruk.
3. Nye betalings-satsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2016, ev frå dato som går fram av betalingshefte eller varslingsfristar.
4. Planleggingsprogrammet vert godkjent slik det ligg føre med den endring at planlegging nytt bustadområde Indre Hafslo-Vinda og bustadområde Marifjøra må tilpassast investeringsplanen.(flyttast fram.) Handlingsprogrammet i kommuneplanen sin samfunnsdel vert rullert som det går fram av tabellar i tenesteområda.
5. Kommunestyret vedtek slik bruk av fond i 2016:
Disposisjonsfond (drift): 2,89 mill.kr.
Næringsfond (drift);Funksjon 325 Generell bruk til næringstiltak 10,0 mill.kr.
Bruk av salsinntekter (til investeringar): 8,945 mill.kr.
Renter av kommunen sine omløpsmidlar, aksjeutbyte, gevinst/tap på finansielle instrument og gevinst på sal av konsesjonskraft vert å sjå samla. Næringsfond og konsesjonsavgiftsfond skal styrkast med ein million kvar, tilsaman 2 million kroner. Utover dette skal meir-/mindreavkastning i høve det budsjetterte salderast med bufferfond.
6. I samsvar med behov for lånefinansiering får rådmannen fullmakt til å godkjenne lånevilkår for låneopptak til investeringar i 2016 på inntil 54,3 million kroner med ei avdragstid på 30 år.
I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken med 5 mill.kr. til vidare utlån av formidlingslån til innbyggjarane.

7. Fullmakter elles:

- Kommunestyret gjev formannskapet fullmakt til å disponere tilleggsløyvingar og nye løyvingar.
- Rådmannen får likevel fullmakt til å fordele tilleggsløyvingar løn og aktivitetsbasert utjamningstilskot barnehage og grunnskule.
- Kommunestyret gjev formannskap/rådmann fullmakt til å gjennomføre investeringar innanfor dei rammer/presiseringar som ligg i budsjettet.
- Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om grunnkjøp innafor dei kostnadsrammer og presiseringar som ligg i budsjettet.
- Kommunestyret gjev kyrkjeleg fellesråd fullmakt til å disponera løyvinga på 200 000 kr til investeringar kyrkje.

8. Rådmannen rapporterer slik til kommunestyret (2016)

- Årsrapport og rekneskap i samsvar med kommunelova sine reglar.
- Rapportar pr 1. og 2. tertial med tilråding og naudsynte budsjettendringar innan dei definerte rammeområda definert i økonomireglement, jf . k-sak 63/14 .
- Separate byggje- og anleggsrekneskap for definerte investeringsprosjekt (kontoklasse 0) med eit samla kostnadsoverslag på minimum 3,0 mill.kr.
- Med grunnlag i vedteke reglement for finansforvaltninga, jf. k-sak 63/14

9. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette opp feil og innarbeide formannskapet og kommunestyret sine vedtekne framlegg. Endeleg kommuneopplegg i statsbudsjettet vert innarbeidd.

Ajourført dokument vert lagt fram for formannskapet 21.01.16.

Innhold:

Innhold:	5
0. Status og samandrag	6
1. Demografi som utgangspunkt for budsjett og planprogram.	11
2. Kommunen sine driftsinntekter	14
3. Kommunen sine driftsutgifter	16
4. Finansutgifter og inntekter - investeringar	17
5. Tenesteområda	18
5.1 Tenesteområde Folkevalde	18
5.2 Tenesteområde Administrasjon	21
5.3 Tenesteområde Oppvekst	25
Barnehage	25
Grunnskule	31
5.4 Tenesteområde Helsetenester	42
5.5 Tenesteområde Pleie og omsorg	49
5.6 Tenesteområde Sosial	57
5.7 Tenesteområde Tekniske tenester	62
5.8 Tenesteområde Næringsutvikling og naturforvaltning	69
5.9 Tenesteområde Kultur	76
6. Investeringsplan 2016 – 2019	80
7. Økonomiske taloversyn	108
Budsjettskjema 1A – drift	108
Budsjettskjema 1B – netto driftsutgifter pr. funksjon	109
Budsjettskjema 2A – Investering	110
Budsjettskjema – Økonomisk oversikt drift	111
Budsjettskjema – Økonomisk oversikt investeringar	113
Økonomiplan 2016 - 2019 Hovudtal	115
Økonomiplan 2015 - 2019 Investeringar	117
Tiltak/endingar i økonomiplan kontra budsjett 2016	119
8. Planleggingsprogram 2016 – 2018	120
9. Betalingssatsar 2016	135

0. Status og samandrag

Budsjett 2016 og ØP 2016-2019 avløyser B-15 og ØP 2015-18.

Opphavelig budsjett 2015 er regulert gjennom T1, T2 og eiga sak for regulering av investeringsbudsjett 2015.

Budsjett 2016

Budsjettframlegget for 2016 er ei vidareføring av opplegget frå 2014 og 2015 budsjettet med ei ytterlegare innstramming i det økonomiske opplegget.

Det er svikt i inntektsføresetnader, særskilt kraftrelaterte inntekter, utover det som det er teke omsyn til i tidlegare økonomi-planlegging.

Ideelt sett skule budsjettbalansen vore betre.

- *Budsjettframlegg er balansert, slik kommunelova krev men;*
- *-Nivået på avdrag er redusert ved at det vert lagt til grunn avdragsutsetjing på låneavtalar med 7,0 million kroner i 2016.*
- *-Det vert lagt opp til bruk av disposisjonsfond på 2,890 million kroner i sluttsaldering.*
- *-Det er lagt inn innsparingskrav på 1,0 million kroner på oppvekst og 2,5 million kroner på pleie- og omsorg som skal konkretiserast i eigne saker tidleg på nyåret.*
- *Einingane sine budsjetttråmer er justert opp med pårekeleg lønsutvikling, men det er i hovudsak ikkje gitt kompensasjon for prisutvikling for kjøp av varer og tenester.*
- *Budsjettregulering frå T1 og T2 i 2015 er vidareført når det gjeld endringar/tiltak av fleirårig karakter.*
- *2016 verknaden av tiltaksplan 2015 er budsjettert. (årsverknad.)*
- *Øp-tiltak (2016-18) frå 2015 budsjettet er revurderte og resultatet er referert under dei ulike tenestoområda.*
- *Kjende tilleggsoppgåver og plikter, er budsjettert opp og referert under dei ulike tenestoområda.*
- *Budsjettet er justert med dei aktivitetsendringane som følgjer av endringar i tal barn i barnehage, elevar i skulen/klassar og brukarar av kommunale tenester. Det er avsett 760.000 til endringar ved suppleringsopptak/nytt barnehageår og nytt skuleår. Dette vert fordelt via T1 arbeidet.*
- *Budsjettframlegget har stor aktivitet på utviklingsarbeid, utgreiingsarbeid og eit omfattande og svært ekspansivt investeringsprogram 2016-19.*
- *Investeringsplan legg opp til store investeringar i kommunale bygg; Hafslo barne og ungdomsskule, oppstart av renovering Rådhuset og vidareføring av rammeløyvingar på fleire område, jf tidlegare budsjetteringspraksis.*

Utvikling etter vedtak av Budsjett 2015, des. 2014 :

Rekneskap for 2014.

- Netto driftsresultat for 2014 vart 6,2 million kroner. Det er svakare enn ynskjeleg, men noko betre enn budsjettert. Bra budsjett disiplin, mindre utgifter til pensjon/premieavvik i høve det budsjetterte og svært god avkastning av aksjefond var sentralt i dette resultatet.
- Resultatet synte høg aktivitet i planarbeid, utviklings/nærings-arbeid og investeringar. Som tidlegare år registrerte me avvik i framdrift med behov for rebudsjettering og vidareføring av tiltaka i 2015.

Tertialrapport 1-2015:

- Grunnlag for å budsjettere opp avkastning aksjefond. (+1,5 mill.)
- Auka utgifter vegvedlikehaldet, vintervedlikehald. (1 mill.)
- Auka utgifter byggvedlikehald, snørydding tak m.v.(0,3 mill.)
- Oppretting av feil /Nav-budsjettering. (0,2 mill.)
- Styrking av flyktningarbeidet.
- Fondsfinansiering av nokre utviklings- og investeringstiltak.
- Avvikling av leasingavtalar på bilar.

Tertialrapport 2-2015:

- Grunnlag for å budsjettere opp eideomsskatteinntekter. (+1,675 mill.)
- Svikt i salsinntekter konsesjonskraft / vert avrekna mot bufferfond, ikkje nedbudsjettet.
- Auke lønsoppgjjer vert balansert mot lågare pensjonskostnader.(+/- 2,1 mill.)
- Auka driftsutgifter på pleie og omsorg og oppvekst. (+1,675 mill.)

Regulering av investeringsbudsjettet for 2015 :

- For å tilpasse investeringsbudsjettet til prognosert behov i 2015 vart budsjettet nedregulert med netto nærare 19 million kroner (18,874) i k/sak 71/15. Utvida behov i 2015 vart dekkja opp i saka og unytta løyvingar vart trekte inn for ev rebudsjettering om behov i 2016. Vurderingar om dette er grunna i endra planar, framdrift og/eller oppgjerstidspunkt.

Andre kommunestyrevedtak 2015:

I løpet av året er/vert det gjort kommunestyrevedtak, utover Rekneskap 2014, T1, T2 og 71/15 regulering av investeringsbudsjettet, som må omsyntakast i nytt budsjett/øp:

- Næringssaker m/finansiering.
- Busetjing av flyktningar.(inkl. SIAF)
- Byggjerekneskap Hafslo barnehage. (auka inv.kostn.)
- Bustadsosial handlingsplan.
- Kjøp av skuleeigedommen på Hafslo. («Husmorskulen»)
- Regional plan for vassforvaltning.
- Kvitevollen bustadfelt, (auka utbyggingskostn.)
- Felles PP-teneste i Sogn.
- Status og utviklingspl. Sogn Kulturskule.
- SFO vedtekter/plan.
- Kommunal plan for trafikktrygging.
- Kommunal plan for idrett og friluftsliv

Kommuneopplegg i statsbudsjettet for 2016 ;

- Kommuneopplegget kompenserar for løns- og prisutvikling og demografi.
- Det vert kompensert for auka pensjonsutgifter.
- Det skal vere handlingsrom for ei viss styrking av tilbod innan rus, psykiatri og øyremerkte satsing på helsestasjon/skulehelseteneste.
- Utviding av opptak barnehage, tidl. august vert no oktober. Det skal gjevast tilbod om gratis kjernetid også for 3 åringar frå familiar med låg betalingsevne.
- Satsing på auka lærartettleik i småskulen.

Avsluttande budsjettarbeid Budsjett 2016:

- I høve tidlegare økonomiplanlegging er det eit større pluss og eit større minus som gir utslag i budsjettarbeidet;
-Endring av føring av pensjon, fordeling over 7 år, gir lågare budsjettkostnader enn tidlegare planlegging har lagt til grunn.
-Gevinst ved sal av konsesjonskraft er det ikkje grunnlag for å budsjettere på 2015 nivå.(9,15 mill) Det er gjort nedtrekk på 3 million kroner, eit nedtrekk som kan syne seg å vere i minste laget, men her er det tidlegare etablert eit fond for regulering/balansering.
- Kommuneopplegget i statsbudsjettet gir eit mindre pluss i økonomien ved at dei krav og satsingar som der er prioritert kjem på område der Luster kommune innfrir krav om gode tenester.(barnehage, rus, psykiatri og helsestasjon.) Opplegget gir rom for at det vert etablert kommunepsykologstilling og styrking av tilbod helsestasjon vert drøfta nærare.
- Tiltakslista for 2015 har god gjennomføring og tiltaka er budsjettert med heilårsverknad i 2016. Øp- tiltaka frå 2015(tiltak 2016-18) er revurderte og tekne inn som budsjetttiltak i 2016 der det er grunnlag for det. Det vert vist til omtale i tenesteområda.
- Nye tiltak og behov er vurderte/prioriterte og tekne inn i framlegget så langt ein finn budsjetttrammer til det. Det vert vist til omtale i tenesteområda.
- Framlegget til betalings-satsar vert regulert med føringar til løns- og prisutvikling (Kpi sept/sept : 2,1 %, lønsutvikling: 3%) og statleg regelverk/maks.tak mv.
Der det er kommunalt handlingsrom og Luster har relativt låge satsar så er det lagt inn noko auke utover løns/prisutvikling. (om lag 5%) Det gjeld og sjølvkostområde.
Det vert lagt opp til tilleggsgebyr innan renovasjon og slam for å finansiere kommunale utgifter.
- Auka busetjing av flyktingar er omsyneteke i budsjettframlegget. Men det er pårekeleg at aktivitet/kommunale oppgåver vert høgare enn budsjettert, jf tilstrøyming/oppmodingar. Kostnader, ev auka kostnader, vert dekkja av statleg tilskot/flyktingfond.
- Investeringsprogrammet legg opp til investeringar i kommunale bygg og anlegg på over 90 millionar kroner i 2016. Det vert vist til eigen omtale av tiltaka. (kap 5) Sjølv om 23 millionar er rebudsjettering frå 2015 er planen for 2016 eit høgt investeringsnivå som vil auka lånegjeld med om lag 33 million kroner slik finansiering er planlagt.
Det vert i tillegg søkt om formidlingslån/startlån i Husbanken for vidare utlån på 5 million kroner og me må dekke opp eigenkapital i KLP på vel ein million kroner.

Økonomiplanen for 2016-19 .

- Økonomiplanen syner at det vert krevjande arbeid med å balansere økonomien i åra som kjem.
- Dei store inntektene er under press. Dei låge kraftprisane gir lågare inntekter og det er ikkje realistisk å budsjettera med auke i desse inntektene i økonomiplanperioden. Det er og usikkerheit om eigedomsskatteinntektene vil halde seg oppe. I 2016 vert dårleg pris kompensert av auka produksjon, men om dette vil halde fram i øp-perioden er usikkert. Til dette kjem at det er varsla nytt inntektssystem frå 2017 der og konsekvensane for Luster er uklare. Det er signal på at kompensasjon for avstandar vert vidareført medan andre småskala/struktur ulemper vert mindre vektlagt i nytt system. (Basistilskot som alle kommunane får på 13 million vert ev fjerna.)
- Rentenivået er lågt og kan budsjetterast på same nivå i økonomiplanperioden. Sjølv om ein risikerar noko svingingar så kan ein noko meir aktiv forvaltning av kapitalen tilseie at det er realistisk å oppretthalde kapitalinntektene på det nivået kommunen budsjetterer med i 2016 i økonomiplanperioden.

- Renteutgiftene vil auke som følge av auka lånegjeld i 2016 budsjettet. På den andre sida er netto belastninga frå forskottering av Gullringen ute. (frå 2015.)
- Kommunen har betalt meir enn minimumsavdrag på lånegjeld. I arbeidet med å saldere budsjettet må ein søkje avdragsutsetjing på delar av lånegjeld og det verkemiddelet må nyttast vidare i økonomiplanen.
- Som balansetiltak har kommunen valt å jamne ut og fordele pensjonskostnader. Frå 2015 har ein teke i bruk amortisering over 7 år i samsvar med forskrift for denne ordninga. Det vil pårekeleg auka kostnadene utover i perioden.
- Sjølv med desse føresetnadane for felles inntekter og utgifter vil det ikkje vere moglege å oppretthalde noverande nettoutgiftsnivå i drifta slik det no ser ut. I noko grad kan det nyttast andre fondsmidlar, men desse bør primært vere til buffer/reserve og eigenkapital i investeringar. Siste åra er det brukt av fond for å balansere.
- Ut frå dette må det arbeidast aktivt for å utgreie tiltak som kan betre balansen slik at uttak av fond/bruk av reserver vert så lågt og kortsiktig som mogeleg.
- I framlegget til økonomiplan er det lagt til grunn, innsparingskrav på dei fleste tenestemråda, prognose på innsparingar som resultat av utgreiingar/tiltak. Ideelt sett skulle desse utgreiingane vore komne lenger slik at tilpassingar i drifta kunne vore konkretisert. Dette vert følgt opp med enkeltsaker i kommunestyret på nyåret og i vidare plan/budsjett-arbeid.
- Framlegget til økonomiplan (år 2-3-4.) skulle hatt betre vurderingar på nye tiltak/utvida tiltak med auka utgifter som det er pårekeleg vil kome. At desse kan dekkast av omprioritering, ekstern finansiering(rammeoverføringar mv.) ev anna vekst i økonomien er ei forenkling som svekkar den langsiktige planlegginga. Vidareutvikling av økonomiplanarbeidet bør ha auka fokus på dette.
- Investeringsprogrammet er svært omfattande, spesielt gjeld dette dei to første åra. Ein føresetnad for å gjennomføre eit så ekspansivt investeringsprogram er at ein greier å stramme inn på drifta og oppnå gode driftsresultat dei næraste åra.

KommunePlanenSamfunnsdel - Handlingsdel.

- Gjennom budsjett- og økonomiplanarbeidet prøver ein å rullere /ajourføre dette arbeidet. Ein finn der fokusområde som utgangspunkt for vidare satsingar. Ideelt sett skulle integrasjon til budsjett og øp-tiltak vore betre og meir samordna.
- Nytt kommunestyre vil i vidare kommuneplanarbeid ta dette arbeidet opp til rullering/revisjon.

Planleggingsprogrammet for 2016-19.

- Programmet tek utgangspunkt i program for 2015-2018 og vedteken kommuneplan areal frå våren 2015.
- Kravet til styring og samordning gjennom planlegging er blitt stadig sterkare.
- Planleggingsprogrammet omfattar i hovudsak desse plantypene:
 - Kommuneplan-nivået.
 - Fagplanar for utvikling og verksemd på ulike område.
 - Detaljerte arealplanar – reguleringsplanar
- Med nytt kommunestyre startar nytt 4-års hjul for overordna planlegging. Planstrategi, plan for planane, skal vedtakast i første virkeår for nytt kommunestyre. (innan hausten - 16.) Det vert lagt føringar for enkel rullering av samfunnsdelen og «stadfesting» av arealdelen i perioden.

- I planleggingsprogrammet vert det prioritert reguleringsplanar som oppfølging av arealplanen. Planar der utbyggingstiltak står for tur vert prioritert. Reguleringsplanar for bustadbygging som sikrar byggjeklare bustadtomtar i alle bygdelag vert prioritert.
- Kommunestyret har flytta fram i tid utbyggingsoppgåver og planleggingsprogrammet er/vert justert for å samsvare med dette.(forsering av planarbeid.)
- Det vert vist til eige kapittel; Planleggingsprogrammet for 2016-19.

I arbeidet med planlegging innan samfunn og økonomi skal det prioriterast å få til gode prosessar og medverknad frå alle nivå i kommuneorganisasjonen.

1. Demografi som utgangspunkt for budsjett og planprogram.

Forventa demografisk utvikling og økonomiske verknader av denne utviklinga i Luster kommune i perioden 2015-2019.


Kommunane har ansvar for tenester som i hovudsak er retta mot ulike aldersgrupper i befolkninga. Framtidig utvikling i folketal og alderssamansetjing er viktige faktorar for å planleggje tenester og vurdere meir- eller mindreutgifter for kommunane.

Telemarksforsking gjorde i 2014 utrekningar for Luster kommune når det gjeld meir-/mindreutgifter dei kommande åra fram til 2018 basert på demografiske endringar. Telemarksforsking har lagt Statistisk Sentralbyrå sitt såkalla «mellomalternativ» for folketalsframskriving til grunn for sine utrekningar. Statistisk Sentralbyrå sine framskrivingar er gjort i 2014 og dei skriv slik om «mellomalternativet»:

Mellomalternativet (MMMM1) er befolkningsframskrivingenes hovedalternativ. Dette alternativet forutsetter en middels utvikling i både fruktbarhet, levealder og innvandring.

Frå 2014 til 2030 framskriv SSB ein vekst for Luster på 10,9 prosent, eller 553 personer. *Til samanlikning er det forventa vekst for fylket og landet på hhv. 6,3 prosent og 16,4 prosent.*

Det er ikkje gjort noko framskriving av folketalsutvikling for kommunane av SSB i 2015.



Figur 1 Befolkningsutvikling 2000-30, indeksert slik at nivået i 2000=100. Kilde: SSB

Prosentandel av befolkningen i ulike aldersgrupper pr 1.1.2014. Kilde: SSB.

	Luster	Sogn og Fjordane	Hele landet
0-5 år	7,0	6,9	7,4
6-15 år	13,1	13,0	12,1
16-66 år	63,0	64,3	66,9
67-79 år	10,5	10,2	9,4
80-89 år	4,9	4,4	3,5
90 år og eldre	1,6	1,2	0,8
0-66 år	83,1	84,2	86,3
67 år og eldre	16,9	15,8	13,7

Luster har generelt ein noko eldre befolkning enn landsgjennomsnittet. Andelen eldre over 67 år utgjorde 16,9 prosent av befolkningen pr. 1.1.2014. Tilsvarende andel for fylket og landet var hhv. 15,8 prosent og 13,7 prosent.

Tabell 1 Befolkningsutvikling og framskriving Luster kommune 2015-18. Kilde: SSB. Framskrivingstidspunkt 2014.

	1.1 2014	1.1 2015 Framskrive	1.1 2015 reelt	1.7 2015 reelt	2016 Fram- skrive	2017	2018
0-5	355	351	355	346	356	361	366
6-15 år	666	674	681	681	669	655	659
16-66 år	3 205	3223	3194	3165	3 245	3 273	3 291
67-79 år	533	557	557	578	577	595	609
80-89 år	247	237	248	236	227	223	227
90 år og eldre	81	77	83	87	78	80	72
Sum	5 089	5 119	5118	5093	5 152	5 187	5 224

Framskrivinga som er gjort av SSB i 2014 syner total vekst i folketalet i kommunen og mest vekst i aldersgruppene 16-66 år.

Ser vi på dei reelle tala så langt er det eit mindre avvik frå framskrivinga. Framskrivinga syner samla vekst i folketalet, medan me no gjennom 2015 ser ein mindre nedgang.

Barn i barnehagealder syner tal litt lågare enn prognose, barn i grunnskulealder litt høgare tal enn prognose. Det er færre i yrkesaktiv alder (størst nedgang), samsvar for 67-79 og høgare tal o/80 enn prognosen legg til grunn.

Det er likevel ikkje dramatiske endringar; 80-89 minkar noko (11 personar frå 1.1.14 til 1.7.15), medan 90+ aukar litt i same perioden (6 personar).

Gruppa 0-15 har auka med 6 personar frå 1.1.14 til 1.7.15.

I 2014 var fødselstalet i Luster kommune 70, det er høgste fødselstal på 14 år. I 2015 er prognosane 51 barn.

Luster kommune har hatt ei nettotilflytting i aldersgruppa 0-15 dei siste åra. Dvs at den typiske tilflyttaren til Luster kommune er ein banefamilie med relativt små barn, gjerne i barnehagealder. Utflyttaren er typisk ein person som er ferdig med høgare utdanning og får seg arbeid i ein annan kommune og melder flytting.

Dei siste 16 åra er det i fylgje SSB fødd 925 barn i Luster kommune, men grunna netto tilflytting er det i denne aldersgruppa no 1036 personar.

Tal elevar i grunnskulen hausten 2015 vil vere 660. Dersom vi legg fødselstala til grunn vil tala for skuleåret 20/21 vere 599 elevar. Dersom ein legg til ei netto tilflytting omlag på same nivå som siste 10 åra, vil det vere 650 elevar skuleåret 20/21.

Busetjing av flyktningar har til ein viss grad påverka desse tala og det er grunn til å anta at dette vil påverka tala og framover.

Tabell 2 Beregna meir-/mindreutgifter 2015-18 knytta til demografisk utvikling. Luster kommune. Faste 1000 2014-kr. Kilde: SSB/TBU.

	2015	2016	2017	2018	2015-2018
0-5 år	-781	1 107	681	620	1 627
6-15 år	1 159	-724	-2 028	580	-1 014
16-18 år	-983	-2 163	3 343	-787	-590
19-66 år	465	795	171	403	1 833
67-79 år	1 384	1 154	1 039	808	4 385
80-89 år	-1 645	-1 645	-658	658	-3 291
90 år og eldre	-1 667	417	834	-3 334	-3 751
Sum	-2 069	-1 061	3 381	-1 052	-801
Sum ekskl. 16-18 år	-1 086	1 102	38	-266	-211

Berekninga ovanfor er gjort med utgangspunkt i framskrivingane frå 2014. Som synt ovafor er den reelle utviklinga noko annleis enn framskrivinga så langt. Vi tek likevel med denne tabellen med fylgjande kommentarar:

For skule- og barnehage tek ikkje denne framskrivinga omsyn til om endra tal barn utløyser fleire/færre tal barnehageavdelingar og skuleklassar. Me har og relativt store endringar i fødselstal frå år til år som påverkar dette. Med så små tal som me har her er framskrivinga derfor ein upresis indikasjon på korleis utgifter utviklar seg.

For eldre er det i større grad snakk om individuelle tenester og framskrivinga er ein betre indikator på utvikling av utgifter. Reelle tal i aldersgruppa 80+ syner 323 personar pr 1.7.15. Framskrivninga syner 305 personar 1.1. 2016.

Dette kan tyde på at reduksjonen i gruppa 80+ ikkje kjem så raskt som framskrivingane frå SSB indikerer.

I perioden 2015 – 2019 vil truleg demografikostnadene til Luster kommune endre seg relativt lite.

Tal barn i aldersgruppa 0-5 år og 6-15 år vil vere relativt stabile, dog med årlege variasjonar og pårekeleg med ein viss nedgang i elevtal i perioden.


Færre eldre i aldersgruppene 80-89 år, men litt auke 90 år og eldre, vil kunne redusere utgiftene til pleie- og omsorgstenestene noko.

Stabilt tal eldre i aldersgruppa 67-79 år

Det er viktig å vere klar over at innbyggjartilskotet i rammeoverføringane tek omsyn til desse endringane og kompenserer for auka utgifter og trekker for sparde tenestebehov årleg.

Det vil vere aktuelt å fornya prognosar på utvikling i folketal og demografikostnader anna kvart år, ny vurdering i 2016.

2. Kommunen sine driftsinntekter



I berekningsteknisk dokumentasjon til statsbudsjett(Grønt hefte), blir det lagt opp til ein reell vekst i dei frie inntektene (rammetilskot og skatteinntekter) på 1,4%, rekna frå anslag på rekneskap for 2015. Prisvekst (deflator) er anslått til 2,7%, og nominell vekst i frie inntekter 4,3%.

Basert på KS sin prognosemodell får dei frie inntektene for Luster kommune i 2016 ein nominell auke på 3,9%, noko som utgjør 11,3 mill kr. Mindreveksten i frie inntekter i høve landsgjennomsnittet skuldast i hovudsak nedtrekk av distriktstilskotet. (2,44 mill.kroner.)

Eigedomsskatten er auka med 1,6 mill kr. i høve budsjett 2015. Årsaka er feilbudsjettering i 2015. Den reelle auke frå rekneskap 2015 til budsjett 2016 er 0,6 mill kr. Sal konsesjonskraft er lagt inn me 6,15 mill kr. Dette er 3,0 mill kr. lågare enn budsjettert i 2015. Det er venta låge prisar på kraft også i 2016.

Skatt på formue og inntekt

Det kommunale skatteøre for personlege skattytarar er sett til 11,8 % som er 0,55 prosentpoeng høgare enn i 2015. Dette er i samsvar med framlegg til statsbudsjett.

Eigedomsskatt

Det er i 2016 budsjettert med 61,0 mill kr i eigedomsskatt (sjå over).

Rammetilskot

Rammetilskotet for 2016 er budsjettert med 154,5 mill kr. Dette i samsvar med KS sin prognosemodell og regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett.

Konesjonsavgift

Det er budsjettert med konsesjonsavgifter på 15,2 mill kr. I samsvar med regelverket er heile summen fondsavsett. Det er tilbakeført 10,0 mill kr til finansiering av tiltak i driftsbudsjettet .

Overføringer

Overføringer er dels frie inntekter, men også ein del inntekter som er bunde opp mot nivået på tenesteproduksjonen. Av dei største postane kan nemnast:

Konsesjonskraftvinst

Kommunen har for 2016 berekna ovannemnde forbruk til 86,5 Gwh som er ein auke på 4,7 Gwh frå uttak i 2015.

Konsesjonskrafta vert disponert slik i 2016

- Konsesjonskrafta til eige bruk vert teke ut til sjølvkost.
- Resten av kraftmengda vert seld i marknaden.

Det er i 2016 budsjettert med slik vinst av konsesjonskraftsalet:

• Bruk til eigne bygg mv	12,5 Gwh	0,0 mill kr
• Sal i marknaden	74 Gwh	<u>6,15 mill kr</u>
• Sum		6,15 mill kr

Dette forutset ein forventa snitt kraftpris over året på ca 23 øre for 2016. Dette er over marknaden i dag. Eit sal for 2016 i dag vil gje ein pris på i underkant av 20 øre pr kwh. I budsjettet er det lagt inn inntekt på 6,15 mill kr.

Kommunen har bufferfond for ev å utlikna mindreinntekt i budsjettåret.

Øyremerka statstilskot ressurskrevjande brukarar

Dette er øyremerka statlege midlar innretta mot brukarar med store hjelpebehov.

Mva-kompensasjon

I 2016 er budsjettert med ein forventa mva-kompensasjon på 7,3 mill kr (drift). Momskompensasjon investeringar vert ført direkte i investeringsrekneskapen.

Brukarbetaling/leigeinntekter

Det er i budsjett 2016 lagt inn ei viss realauke i avgifter og betalingsattsar. Auken relaterer seg til sattsar der Luster kommune har låge sattsar, der det er låg sjølvkostdekning eller statlege sattsar og føringar. Det er innført nytt gebyr for å dekkja kommunale utgifter til renovasjon og slam/private utsleppsanlegg.

Barnehage:


Betalingsatts for ein 100%-plass i barnehage vert frå 01.01.16 sett til kr 2.655,- pr månad (2580,-), tilsvarande maksimalprisen. Alternative plasstorleikar er 60% og 80%.

Matpengar dekkar innkjøp av matvarer og moderasjonsordningar er vidareført.

Gradert foreldrebetaling og gratis kjernetid er innført i samsvar med statleg regelverk.

Inntektstap er kompensert via rammeoverføring.

3. Kommunen sine driftsutgifter



Brutto driftsutgifter veks med 5,1 % frå budsjett 2014 til budsjett 2015.

Dette er ikkje reell auke då det i budsjettframlegget for 2016 er innarbeidd budsjett for flyktningarbeidet med driftsutgifter på i overkant av 8 million kroner. Tidlegare budsjett har kun budsjettert løn flyktningkonsulent og andre utgifter er ført mot flyktningfondet utanom budsjett.

Løn er og i dette framlegget ført som netto lønsutgifter etter refusjon sjukelønn og refusjon permisjonar.

I driftsutgiftene er det prognosert lønsvekst(jf nedanfor.) medan andre utgifter i utgangspunktet ikkje er justert for prisstigning. Dette representerer ein innstramming i budsjettet som kan reknast til omlag 1,5 million kroner.

Det er gjennomført nokre opprettingar og endringar som påverkar fordeling mellom funksjonane.

Lønsvekst

Det er avsett ein samlepost på 6,5 mill kr til dekking av lønsoppgjjer 2016. Dette tilsvarar 3,0 % årslønsvekst. Løyvinga føreset å skulle dekke tillegg etter lokale forhandlingar hausten 2015 og lønsoppgjjer i 2016.

Tilleggsøyvingar

Forutan reservepost løn er det lagt inn ein samla sum på 1.000.000 til utviklings/endringsarbeid og generell tilleggsøyving.

Til nytt barnehage- og skuleår er det avsett 760.000.

Det er vidareført løyving på kr 150.000,- til rådvelde for formannskapet.

4. Finansutgifter og inntekter - investeringar

Det er lagt opp til investeringar i 2016 på 90 mill kr. Om lag 25 mill av desse er oppattbudsjettering av investeringar som var med i budsjett 2015, men som av ulike årsaker ikkje vert gjennomført i 2015. Frå 2016 -201 er samla investering på 202 mill kr.

Lånegjelda vil auka sterkt i perioden 2015 -2017.

	2016	2017	2018	2019
Saldo 1.1	383	416	432	430
Nye lån	53	37	22	23
Avdrag	20	21	24	25
Saldo 31.12	416	432	430	428

Mill kr

Av kapitalutgiftene vert ca 2,8 mill kr/år dekkja av staten som kompensasjon for låneopptak til investeringar innan pleie/omsorg, skule og Lustrabadet.

Kapitalkostnader som vert inndeckja gjennom sjølvkostordningane tilsvarer ei lånegjeld på ca 39 mill kr.

Lånet til Gullringtunnelen (forskottering, 115 mill kr pr 1.01.11), er ikkje med i tabellen.

Rentkompensasjon for Gullringen vert i 2015 utbetalt med 3,0 mill kr frå Fylkeskommunen og i 2016 og 2017 med 1,75 mill kr kvart år.

Fylkeskommunen vil i 2016 og 2017 refundere forskottering på 121 mill kr slik at lånet kan slettast. Kommunen har ikkje netto utgifter på Gullringen etter 01.01.2015.

Renteutgiftene

Ca. 70 % av kommunen sine lån utanom Gullringen har flytande rente. Det er i budsjett økonomiplan budsjettert med slike forventna renter, lik Kommunalbanken sin prognose:

2016 2,2 %

2016 2,5 %

2017 2,75 %

2018 3,0 %

Rente- og finansinntektene

Det er budsjettert med 2 mill kr i renteinntekter som vert fondsavsett, ein million til styrking av næringsfondet og ein million til konsesjonsavgiftsfondet.

Det er budsjettert med aksjeutbyte på eigarskap med 2,3 million kroner.

Det er budsjettert med gevinst på finansielle instrument /auka verdi på aksjefond med 4,5 million kroner.

Det er vidare budsjettert med 6,15 million kroner i gevinst på sal av konsesjonskraft.

Meir/mindre inntekter på rente, aksjeutbyte, avkastning aksjefond og gevinst sal av konsesjonskraft vert saldert mot bufferfond som pr årsskifte er på 17 million kroner.

Avdrag på lån


Opptekne lån er i hovudsak budsjettert med avdrag i samsvar med inngåtte avtaler. Det er lagt inn 7,0 mill lågare avdragsbetaling i 2016 . Dette kan gjerast fordi Luster kommune har hatt større avdragsbetalingar enn minstekravet. For nye lån er det lagt til grunn ei nedbetalingstid på 30 år. Det er i år ein lagt til grunn halvårsverknad av kapitalkostnadane. Samla er det framleis budsjettert med avdrag som overstig krav til minimumsavdrag. I åra etter 2016 er det lagt opp til at ein kan auke avdragsbetalinga i samsvar med nye låneopptak og om mogeleg noko meir.(reducere avdragsletten)

5. Tenesteområda

5.1 Tenesteområde Folkevalde

Politisk organisering

Politisk styringsmodell vart sist justert ved vedtak i k-sak 34/07. Vidare vart tal kommunestyrrerepresentantar redusert frå 29 til 25 frå ny valperiode hausten 2011, jf. k-sak 55/10.



Overordna mål:

- Gje dei folkevalde arbeidsforhold slik at alle i kommunen har høve til å delta i lokalpolitikken.
- Sikra gode avgjerdsprosessar og effektiv fordeling av oppgåver ved hjelp av delegering og klare retningslinjer.
- Leggje til rette for at politiske organ får frigjort tid til overordna oppgåver.
- Sjå til at Luster kommune i alle samanhengar opererer innafør gjeldande regelverk og nyttar fellesskapet sine midlar på ein effektiv og god måte.
- Arbeide godt med alle saker som måtte kome frå kommunen sine kontrollorgan.
- Styrke det interkommunale samarbeidet, både gjennom Sogn regionråd og på nordsida av fjorden.

Budsjett 2016

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
100	POLITISK STYRING	3 370	3 587	-6,0

*2016; ikkje valår, forbruksjustering.

Særskilt om 2016

- Vidareføre opplæringsarbeidet av folkevalde som starta hausten 2015.
- Gjennomføre val til råd etter at organisering og samansetjing er vedteke av kommunestyret.
- Gjennomføre val av domsmenn.
- Godtgjersle ordførar/tapt arbeidsforteneste folkevalde vert regulert med 3,2 %
- Gjennomføre årlege temaøkter for kommunestyret. Informasjon og opplæring av den kommunale verksemda/aktivitet for nytt kommunestyre skal fullførast. Det er og vedteke temamøte på; Flyktningarbeidet, trepartsamarbeidet og barn og unge. Vert ev supplert.
- Vidareføra kommuneplanarbeidet med handsaming av ny planstrategi for perioden.
- Utarbeide, via mellombels komite, ruspolitisk handlingsplan for inneverande kommunestyreperiode.
- Vurdere kulturskuletilbodet etter tilråding frå mellombels komitè.
- I 2015 har Luster kommune delteke i «byregionsamarbeidet» mellom Leikanger, Sogndal og Luster. Dette samarbeidet går vidare i 2016, etter at det er løyvd midlar frå Kommunaldepartementet. I den fassen ein no går inn vert det arbeidd med tre hovudtema:
 1. Korleis kan kommunane utnytte tilflyttingspotensialet knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv?
 2. Korleis kan kommunane bidra til å sikre eksisterande , og leggje til rette for nye statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane?
 3. Korleis kan vi kople og utnytte kompetansemiljøa i kommunane til innovasjon og nyskaping?
- Følgje opp enkeltsaker med kommunestyrehandsaming etter gjennomført utgreiingsarbeid: m.a vurdere samanslåing av Gaupne skule og Luster ungdomsskule, legevakttilbodet, pleie- og omsorgstilbodet, førebyggjande helsearbeid (Friskhuset).
- Revidere politisk delegeringsreglement.
- Revidere reglement for råda og utarbeide reglement for utval for samhandlingsreforma.
- Revidere reglement for kommunestyret og ev også for andre politiske utval.(sakskomitear.)
- Handsame saker frå styret i Lustrabadet KF og gjennomføre årlege val til styret i selskapet. Formannskapet er valnemnd i dette arbeidet.
- Arbeide for at kommunen opprettheld status som Fairtrade-kommune.
- Følgje opp arbeidet med dei større investeringstiltaka i budsjettet.
- I samråd/samvirke med kontrollutvalet gjennomføre og vedta overordna analyse for prioritering av tema for forvaltningsrevisjon i kommunestyreperioden.
- Etter vedtak i 2015, 26.11, vert arbeidet med noverande kommunereformprosess avslutta.

Tiltak 2016 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Arbeida for å få fram nye nasjonale samferdselstiltak i NTP i vegplanperioden. Prioritert satsingsområde er Sognefjellstunnelen	Arbeide for å få prioritet til KVVU, konseptvalutgreiing.	Fylkeskommune/ Statens Vegvesen Sogn Regionråd
Prioriterte satsingar på fylkesvegnettet i planperioden.	Påverknadsarbeid i eigen regi og via regionrådet mot SFFK mv.	Sogn Regionråd
Etablere gode regionale samarbeidstiltak som styrkar tenestetilbodet for innbyggjarane i Luster ved å utarbeida ein regional strategi som trekkjer opp rammene for samarbeidet i Sogn Regionråd sitt område. Viktige nye tema er; kulturelt samarbeid, folkehelse, PPT, landbruk, teknisk drift/forvaltning, viltforvaltning (jakt)	Det er igangsett samarbeidstiltak på området PPT, kultur, folkehelse. Løpande arbeid gjennom samarbeid i Sogn Regionråd.	Sogn Regionråd Nordside-kommunane Nabo-kommunane

Driftsendingar etter 2016 (økonomiplan)

- Valår 2019, ev 2017, truleg med nye reglar i høve elektronisk manntalsavkryssing på vallokale.
Vil vere behov for IT-utstyr på vallokalet og opplæring av personell på vallokale.
- Vurdering av tal valkrinsar.

Tiltak etter 2016 (økonomiplan) frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Etablere pendlarruter (buss)		
Tilretteleggja for busstilbod/transporttilbod til kommune-senteret for yngre og eldre i kommunen		

5.2 Tenesteområde Administrasjon

Organisering

Tenesteområdet omfattar rådmannen og stabseiningane.

Av desse arbeider næring, plan, eigedom, oppvekst, kultur og folkehelse med oppgåver som heilt eller delvis vert belasta andre område, og desse vert omtalt der dei fagleg høyrer til.

Overordna mål

- Yta innbyggjarane gode tenester og vere eit effektivt forvaltningsorgan.
- Arbeide med å forenkle rutinar, prosessar og planarbeid.
- Gje dei folkevalde tilstrekkeleg grunnlag for å fatta vedtak.
- Følgje opp politiske vedtak og dei mål og arbeidsoppgåver som ligg i budsjett, økonomiplan, kommuneplan og andre planar.
- Initiere og leggje til rette for kontinuerleg organisasjonsutvikling.
- Skapa ein organisasjonsstruktur og -kultur som gjev rom for både omstilling og personleg og fagleg utvikling.
- Vidareutvikla og styrka samarbeidet mellom ulike fagområde.
- Leggja til rette for at tenesteeiningar får naudsynt støtte, rettleiing, kvalitetssikring, styring og koordinering.

Tenester og oppgåver - generelt

110 Revisjon og kontrollutval (KU)

Kommunen kjøper revisjonstenester hjå Sogn og Fjordane Revisjon IKS. KU leverer eiga årsmelding til kommunestyret. PricewaterhouseCoopers AS er sekretariat for KU.

120 Administrasjon

Området omfattar rådmannen, stabseiningane personal og organisasjon, økonomi og servicetorget sine tenester. Målgruppene for tenestene er *innbyggjarane, dei folkevalde og driftsorganisasjonen*.

Administrasjonen arbeider med saksførebuing til politiske organ og oppfølging av politiske vedtak. I høve den kommunale driftsorganisasjonen har ein ansvaret for overordna styring, støtte, rettleiing og kvalitetssikring. Døme på oppgåver er prosjektleiing, personalforvaltning, rekruttering, organisasjons- og kompetanseutvikling, seniortiltak, tillitsvaldsarbeid, kvalitets-systemet, IKT, budsjettering og økonomiplanlegging, finansforvaltning, rekneskap, løn, fakturering, eigedomsskatt, skatterekneskap, innkrevjing, arbeidsgjevarkontroll, innkjøp/rammeavtaler, forsikringar og kommunearkivordninga.

Servicetorget administrerer og samordnar informasjonstenesta gjennom Lustranytt, heimesida, annonsering og eigne trykksaker. Servicetorget omfattar sentralt publikumsmottak, sentralbord, postmottak, arkiv og trykkeriteneste. Servicetorget yter tenester i høve Husbanken sine støtteordningar, bustadformidling, skjenkeløyve, dør til dør transport, produksjonstillegg, støtte til kulturtiltak, kommunale avgifter mv.

Administrasjonen arbeider også med internopplæ., opplæring for folkevalde og administrerer dei folkevalde sine arbeidsvilkår. Sekretariatet for folkevalde organ ligg i staben.

121 Egedomsforvaltning

Her vert ført forvaltningsutgifter i høve kommunen sin egedomsmasse. Skadeforsikring for kommunal egedom er samla på budsjettkapitlet.

130 Administrasjonsbygningar

Drift av rådhuset.

170/171 Premieavvik (pensjon)

Premieavvika er differansen mellom betalt og bokført pensjon. Etter nytt prinsipp vert denne utlikna i null kvart år.

180 Diverse fellesutgifter

Her er budsjettert reserve lønsoppgjjer og generelle tillegg/reserveløyvingar. I tillegg fører vi her kommunen sin kostnad til lærlingar.

Styringsmål 2016

Styringsmål		Datakjelde	Status		Mål 2016
			Luster	Landet	
B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0
B	Tal klagesaker m/omgjeringssvedtak	Registrering	0	-	0
Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap Visma	93%	-	< 100%
M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6), siste status er 2014	Betre Kommune	5	-	4,8
M	Sjukefråvær	Fråværsstatistikk	1,9		<2,3

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

*) ev. avvik/status vil bli gjort frå og med januar 2016.

Budsjett og årsverk 2016

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
110	REVISJON OG KONTROLLUTVAL	1 016	939	8,2
120	ADMINISTRASJON	24 574	26 713	-8,0
121	EIGEDOMSFORVALTNING	1 804	1 788	0,9
130	ADMINISTRASJONSLOKALE	1 049	1 062	-1,2
170	PREMIEAVVIK	0	0	
171	PREMIEAVVIK	0	-1 500	
180	DIVERSE FELLESUTGIFTER	9 235	4 954	86,4
283	TILSKOT/LÅN HUSBANKEN			
	SUM	37 678	33 956	11,0

*110 – auka driftutgifter og kjøp av tenester. Økonomisk revisjon har auka kostnader m.a. grunna store pensjonsplikter. I høve framlegg frå kontrollutvalet er budsjettet redusert til påreknede forbruk.

*120- tiltak 2015 gjennomført, løn kart/oppmåling flytta til f.303.

*180- avsetjing til hovudoppgjjer lønn.

Årsverk:

2012 35,0 årsverk (anna inndeling)

2013 30,2 årsverk

2014 29,1 årsverk

2015 27,5 årsverk (*reduksjon frå 2013 til 2016 er løyst via overgang til pensjon/delvis pensjon.)

2016

Særskilt om 2016

- Oppfølging etter administrativ analyse og ikt-analyse 2015. Effektivisering, effektiv forvaltning, digitalisering og interkommunalt samarbeid må prioriterast. Nærare vurdering av organisatoriske endringar.
- Datalagring hjå Bluefjords
- I 2015 har vore eit større arbeid med oppgradering av sak/arkivsystemet til kommunen. Det nye elektroniske arkivet kjem i drift frå nyttår 2016 og det vert prioritert å få elektroniske elevmapper frå skuleåret 2016-17.
- Levere eldre arkiv til arkivdepot på fylkesarkivet, m.a avslutte og avlevere PPT sitt arkiv.
- Vidareutvikle heimesida i samarbeid med Balestrand, Leikanger og Sogndal. Arbeidet starta i 2015.
- Ta i bruk Svar Ut teneste, digital forsending av dokument til innbyggjarar, via Altinn og digital postkasse.
- Arbeid med rekrutteringstiltak og kompetanseutvikling skal prioriterast.
- Gjennomgang og drøfting av kapitalforvaltning.
- Gjennomføre medarbeiderundersøking og brukarundersøking barnehage og skule.
- Følgje opp politiske vedtak og leie utviklingsprosjekt.
- Revisjon av beredskapsplanar og innføre varslingsystem i beredskap (UMS).
- Skifte av leverandør bedriftshelseteneste til Stamina helse, reduserte faste kostnader.
- Skatteoppkrevjarrolla vert vidareført som kommunal oppgåve.
- Kontrollutvalet sitt budsjett er redusert med 50.000, i høve framlegget frå kontrollutvalet. Før avsette ressursar til overordna analyse og forvaltningsrevisjon vert disponert skal kommunestyret orienterast.
- Rådhuset var i 2015 oppført med midlar til fasadeprojekt som ikkje vart gjennomført. Det vert no planlagt byggesteg 1 for 2016, med glastak atrium, vedlikehald av tak og ventilasjonsanlegg.

Tiltak 2016 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Kommunedelplan som skal visa korleis kommunen skal vera førebudd på å handtera uynskte hendingar og minst innehalda plan for kriseleiing, varslingslister, ressursoversikt, evakueringsplan og informasjonsplan	Vidare planarbeid i 2016	Vil bli skildra i kommunestyresaka.
Etablere gjennomgangsbustader i alle bygdelag (Indre Hafslo og Veitastrond ferdig 2014) (Fortun under bygging 2015-16) (Nærare vurdering av Sørsida/Ornes.)	Ferdigstilling av Fortun. Vurdere Sørsida/Ornes.	Stiftinga Luster Utleigebustader
Tilpassa den kommunale informasjonstenesta til nye kommunikasjonsmedium og nye innbyggjargrupper	Utvikle heimesida med større meny på fleire språk. Innføre USM-varsling ved beredskapsvarsel.	

Driftsendringar etter 2016 (økonomiplan)

- Det er føresettt ytterlegare reduksjon i administrative ressursar.
- Ytterlegare «e-tiltak» for effektivisering.
- Nærare vurdering av utvida interkommunalt samarbeid på ein del administrative oppgåver.
- Auka betaling for tenester.

Tiltak etter 2016(økonomiplan) frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Vidareutvikla kommunale serveringstilbod som vektlegg kosthald og bruk av lokal mat		
Stimulere bustadutbyggingsprosjekt med husvære til utleige	Vurderast i bustadsosial handlingsplan	

5.3 Tenesteområde Oppvekst

Tenesteområde oppvekst er organisert med barnehage, skule og SFO. Det er tre reine barnehagar; Gaupne, Gamlestova og Hafslo barnehage. Fem einingar er organiserte som oppvekstsenter med barnehage, barneskule og SFO. I tillegg er det tre reine grunnskular; Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule. Veitastrond skule er administrativt knytt til Hafslo barne- og ungdomsskule medan Veitastrond barnehage er organisert som ei avdeling under Gamlestova barnehage.

PPT Luster vil frå 1. januar 2016 inngå i den nye fellestenesta PPT Sogn med Sogndal som vertskommune. I staben til rådmannen er tenesteområdet representert gjennom leiar oppvekst (100 % stilling), rådgjevar tilpassa opplæring (20 % vår 2016) og pedagogisk konsulent for barnehage (50 % stilling).

Barnehage

Overordna mål

Desse måla tek utgangspunkt i barnehagelova (2011, s.9) i §1:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene»

I tillegg til barnehagelova er den statlege rammeplanen styrande for barnehagedrifta.

Luster kommune sine overordna mål er å:

- ha full barnehagedekning med høg kvalitet på tilbodet. Ha tilstrekkeleg med plassar slik at ein kan ta inn nye barn i løpet av året, jf. gjeldande vedtekter
- gje alle barn eit godt barnehagetilbod som er variert og brukartilpassa og som byggjer på eit heilskapleg læringssyn med omsorg, lek og læring som sentrale deler
- leggja til rette for at barna også får aktivitetar utanfor barnehagen sine lokale og område, dvs. gjera seg nytte av nærmiljøet og naturen
- styrkja det pedagogiske tilbodet i barnehagane med faglege satsingsområde og kompetanseheving av personalet
- syta for at barnehagepersonalet er i stand til å gje omsorg og opplæring i samsvar med sentralt gjevne føringar og målsetjingar

Tenester og oppgåver

Barnehage

Tre reine barnehagar; Gaupne, Gamlestova og Hafslo barnehage. Fem einingar er organiserte som oppvekstsenter med barnehage, barneskule og SFO – Skjolden, Luster, Jostedal, Indre Hafslo og Solvorn. 15. august 2015 opna den nye «heiltidsbarnehagen» på Veitastrond.

Administrativt er Veitastrond barnehage organisert som ei avdeling under Gamlestova barnehage. I staben til rådmannen er det pedagogisk konsulent for barnehage (50 % stilling).

Alle barn som har rett på plass får plass ved hovudopptak. Kommunen har og suppleringsopptak frå 15. januar. Bemanningssituasjonen er god og stabil, det kan i periodar vera nokre utfordringar med å skaffe vikarar.

Overgang barnehage – skule

Kunnskapsdepartementet legg føringar for at det skal vera gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule. Det ligg gjennomarbeidde prosedyrar i vårt kvalitetssystem. Desse prosedyrane vil verta vidareutvikla for barnehage- og skuleåret 2015/16. Fleire konkrete tiltak er allereie føreslege, mellom anna å ha formaliserte overgangssamtalar som også tek opp korleis det har gått med 6-åringane som byrja i skulen i tillegg til at skulen vert orienterte om dei komande førsteklasingane.

Tverrfagleg samarbeid

Barnehagane samarbeider med nærmaste skule, andre barnehagar, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP for å ivareta barna best mogeleg. Barnehagane samarbeider dessutan tett med PPT når det gjeld utgreiing og oppfølging av enkeltbarn og grupper. HSP-team (helse, sosial, psykisk helse) har to møter i året. Innarbeidde rutinar vert evaluerte med jamne mellomrom for å få til dei best moglege tilboda.

Forutan dette deltek pedagogisk konsulent barnehage som fast representant for Oppvekst i det tverrfaglege forumet Familieforum der Helsestasjonen, psykisk helseteam, PPT har møtt fast i tillegg til at Sogn barnevern og BUP møter ved høve.

Barn med særskilde behov skal vera ein del av barnegruppa, men samtidig få særskild støtte ut frå egne behov. Eit tett samarbeid med PPT, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP er her naudsynt. Gode rutinar for eit slikt samarbeid har vorte utvikla gjennom det tverrfaglege prosjektet «Saman for barn og unge». Det er utarbeidd ei handbok for tverrfagleg samarbeid. Hausten 2015 gjennomførte Oppvekst også ei kartlegging om tidleg innsats der barnehagane og samarbeidsinstansar uttala seg om kvalitetane i noverande system i tillegg til å peika på område med forbettringspotensiale.

Språkutvikling og lesing

Barnehageåret 2015-16 er språkutvikling og lesing felles satsingsområde for barnehagane i Luster. I januar 2015 skipa Oppvekst til eit seminar om dialogisk lesing i barnehagen der alle tilsette i barnehagen deltok med både ekstern og intern kurshaldar/kompetanse.

Gjennom det kommunale fagnettverket blei det i juni og september 2015 gjennomført to kursdagar om språkutvikling og den første leseopplæringa i regi av Statped Aust. På kursa møtte både pedagogar i barnehagen og lærarar på 1.-2. trinn slik at ein kunne sjå heile den første leseopplæringa i samanheng. Vinteren 2015 tok 12 pedagogar og assistentar nettkurset «Barn og språk» arrangert av Norsk nettskole i samarbeid med DysleksiNorge. Barnehageåret

2015-16 vil det vera ni andre pedagogar og assistentar som tek kurset. Kvar barnehage har dessutan sett opp eigne mål og tiltak når det gjeld språkutvikling og lesing.

Oppvekstbibliotek

Som ein del av satsinga på oppvekstbibliotek har alle barnehagane i Luster etablert mini-utlån av bøker i garderobeområdet i barnehagen. På denne måten er det enkelt for barn og føresette å låna med seg bøker. Skjolden bibliotek er elles pilot når det gjeld automatisert utlån.

Fysisk aktivitet

Alle barnehagane er barnehageåret 2015-16 med på eit forskingsprosjekt styrt av Høgskulen i Sogn og Fjordane, det såkalla PRESPAS (The Sogn og Fjordane Preschool Physical Activity Study). Hovudmåla er å undersøkje kor fysisk aktive 3–5 år gamle barnehagebarn i Sogn og Fjordane er og korleis den fysiske aktiviteten heng saman med faktorar som motorisk utvikling, kjønn, alder, vektstatus og sosial bakgrunn. Undersøkinga føregår i tre periodar – haust, vinter, sommar – slik at ein også får undersøkt fysisk aktivitet gjennom årstidene.

På sikt er vona at undersøkinga skal gje hjelpande svar på korleis barnehagen kan bidra til å fremja fysiske aktivitet og motoriske utvikling hjå barnehagebarn på tvers av barna sine føresetnadar og bakgrunn.

Psykisk helse

Tre av barnehagane i Luster – Solvorn, Indre Hafslo og Gamlestova – er med på eit forskingsprosjekt om angst blant småbarn i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Forskingsprosjektet inngår i eit tverrfagleg prosjekt der Luster kommune også har fått stønad frå Fylkeskommunen. I samband med prosjektet er det planlagt at det skal lagast kurs- og rettleiingsmateriell som også dei andre barnehagane i kommunen kan gjera seg nytte av.

Barnehageplassar

15. august 2015 vart ein merkedag i barnehagesoga i Luster kommune. Då vart det for første gong tilbydd fulltidsbarnehage i Veitastrand fire dagar i veka. På grunn av høge barnetal er det også utvida barnehagetilbod i Jostedal og i Indre Hafslo barnehageåret 2015-16.

Ved hovudopptaket for 2015 var det solide søkartal i alle barnehagar, og det er fullt ved dei fleste av barnehagane utifrå noverande bemanning. Per 1. november 2015 er det nokre ledige plassar i barnehagane i Gaupne, Solvorn og Veitastrand. Etter suppleringsopptaket med verknad frå 15.01.2016 er det fullt i alle barnehagar unnateke ved Luster oppvekstsenter.

Også ved suppleringsopptaket for 2015-16 med søknadsfrist 15. oktober var det høge søkartal. Til saman 37 søkarar søkte ved suppleringsopptaket. 19 (21) av desse var nye søkarar, 19 (16) søkarar hadde allereie plass i ein barnehage, men søkte utvida plass eller omplassering til eigen krins. Ny teljemåte for 3-åringane i barnehagen, dvs. at barn fødde i januar–juni tel som ein plass og ikkje to, innført frå og med januar 2015 og elles ledig kapasitet, vil langt på veg gje søkarane plass innafor eksisterande rammer, alternativt må det løyvast ekstra midlar til å auke bemanninga for å ta inn alle nye søkjarar.

Tal plassar i dei ulike barnehagane fordeler seg slik pr. 15.11.15:

Barnehage	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Gaupne	108	103	102	107	105
Hafslo	59	62	59	59	57
Luster	29	33	30	33	29
Gamlestova	55	53	48	55	49
Jostedal	25	23	22	24	25
Solvorn	13	15	11	15	13
Skjolden	17	23	18	23	22
Indre Hafslo	30	30	26	30	26
Veitastrond	15	13	15	15	stengt
Sum	351	355	331	361	326

På Veitastrond er det no fulltidsbarnehage måndag - torsdag. Både ved barnehagane i Jostedal og i Indre Hafslo vil det vera trong for å gjera ombyggingar og/eller ei mindre utviding for å møta trongen for fleire barnehageplassar og tilfredsstillast arbeidsmiljøkrav for personalet. Planarbeidet for å møta desse utfordringane er godt i gang og vil leggjast fram som ein del av økonomiplanen.

Årsverk og tilleggsressursar

Endringar i tal barn, tal årsverk og tilleggsressursar (spesialpedagogiske tiltak) frå 2014/2015 til 2015/2016 (pr. 15.11.2015) er slik:

Barnehage	Barn 2014	Barn 2015	Årsverk 2014	Årsverk 2015	Spes.ped. 2014	Spes.ped. 2015
Gaupne	80	78	19,30	19,40		0,56
Slo	41	43	10,00	11,0	0,44	0,44
Luster	24	25	5,50	5,50	1,09	0,44
Gamlestova	45	42	11,00	10,0	1,65	1,27
Jostedal	13	19	3,38	4,38		0
Solvorn	14	12	3,35	3,35		0
Skjolden	14	17	3,35	3,95		0,85
Indre Hafslo	21	23	4,50	5,50	1,09	1,40
Veitastrond	5	9	0,74	2,4		0
Totalt	257	268	61,12	65,48	4,27	5,25

Pr. 15.11.15 har 271 barn barnehageplass. Av desse får seks barn spesialpedagogisk tilbod og/eller styrkingstilbod.

Barnehageåret 2015/2016 har lustrabarnehagane ein personalressurs på 65,48 årsverk innan ordinær drift og 5,25 årsverk innan spesialpedagogiske tiltak, totalt 70,73 årsverk. Dette er ein auke på om lag 5,34 årsverk samanlikna med året før. Auken skuldast at 11 fleire barn har barnehageplass dette barnehageåret enn i fjor, utvida barnehagetilbod på Veitastrond og ein auke i spesialpedagogiske tiltak.

Barnehage

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2016
				Luster	Landet	
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0
	B	Tal klagesaker m/omgjæringsvedtak	Registrering	0	-	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2014 Visma	99,8 %	-	<100 %
	M	Medarbeidartilfredsheit (3 barnehagar, skala 1-6)	BedreKommune 2015	4,7	4,6	4,8
	M	Sjukefråver -barnehage	Fråversstatistikk 2014	5,5 %	-	5,5 %
Barnehage	B	Oppmøteprosent på foreldremøte haust	Registrering 2015	80%	-	90 %
	B	Brukartilfredsheit (skala 1-6)	Brukarspørjing	5,1	5,2	5,2
	B	Andel styrarar og leiarar utan pedagogisk utdanning	SSB	3 %	10,9 %	0
	B	Andel assistentar med relevant utdanning	SSB	44,2 %	28,5 %	50 %

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

Budsjett og årsverk 2016

Tal i 1 000 kr.

Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
201	BARNEHAGE	31 774	30 507	4,2
211	STYRKA BARNEHAGETILBOD	2 826	2 712	4,2
221	BARNEHAGELOKALE	2 692	2 645	1,8
	SUM	37 292	35 864	4,0

*201 Det er avsett 760.000 til suppleringsopptak og nytt barnehageår. Behov vert drøfta i T1.

2012	65,6 årsverk
2013	62,3 årsverk
2014	61,7 årsverk
2015	65,9 årsverk
2016	70,7 årsverk

Særskilt om 2016

- Gjennomføra suppleringsopptak for 2016 frå 15. januar og opptak for nytt barnehageår.
- Praksis kring eventuell oppstart i barnehage for barn yngre enn eitt år bør vurderast / klargjerast.
- Gradert foreldrebetaling og gratis kjernetid er etablert, desse vert utvida med eitt alderstrinn frå nytt barnehageår.
- Vidareføring utvida tilbod og heiltidsbarnehage Veitastrand.

- Betre gjennomføring og styring av styrka opplæring i barnehagane.
- Satsing på språkutvikling, lese- og skrivestimulerande aktivitetar gjennomført etter arbeidsmåtene i barnehagen. Eigne fagsamlingar om dette gjennom det lokale fagnettverket.
- Vidareføra satsing på fysisk aktivitet/uteaktivitet i barnehagane.
- Ni pedagogar og assistentar tek vinteren 2016 vidareutdanning i språkutvikling. Målsetnaden med etterutdanninga er å førebyggja lese- og skrivevanskar.
- Oppvekstbibliotek. Evaluera pilotprosjektet ved Skjolden oppvekstsenter og vurderer automatisert utlån ved dei andre oppvekstsentra. Arbeida for å gjera bibliotekromma til ein levande stad for litteraturformidling og leseglede. Mini-utlån av bøker ved alle barnehagane.
- Eige fagkurs om samlingsstunda for barnehagetilsette.
- Prosjekt angstførebyggande tiltak hjå små barn, Solvorn, Indre Hafslo og Gamlestova. Vert vurdert utvida til alle barnehagane.
- Utviding og ombygging barnehagedel Indre Hafslo og Jostedal.

Grunnskule

Overordna mål

- Arbeida for ein inkluderande skule, med god trivsel, høg fagleg kvalitet og gode resultat
- Arbeida systematisk med både den første og den andre leseopplæringa – korleis lese for å læra – og skrivning som grunnleggjande dugleik på tvers av fag.
- Auka kunnskapen blant pedagogisk personale om lese- og skrivevanskar hjå elevane
- Flytta fokuset frå spesialundervising til tilpassa opplæring og auka kvaliteten på spesialundervisinga
- Gje SFO-tilbod til elevar på 1.-4. klasseteg så langt som mogleg ved heimeskulen
- Gje tilbod om opplæring på grunnskulenivå for vaksne og norskopplæring med samfunnskunnskap for innvandrarar/flyktningar
- Tilby vidareutdanning og kompetanseheving for å betra fag- og kompetansegrunnlaget.
- Oppretthalda ein desentralisert skulestruktur med vekt på lustraidentitet

Tenester og oppgåver – generelt

202 Grunnskule

Obligatorisk grunnskuleopplæring er basert på opplæringslova og læreplanar.

Det er 658 elevar i grunnskulen i Luster skuleåret 2015/16, fordelt på dei ni skulane i kommunen. Elevtalet varierer frå 7 til 219 elevar på dei ulike skulane. Elevane er delte i 39 grupper / klassar. 56 elevar får spesialpedagogiske tilbod etter enkeltvedtak. Dette er ein tydeleg nedgang frå året før då 79 elevar hadde enkeltvedtak. 19 elevar får særskilt norskopplæring etter § 2-8 i opplæringslova og enkeltvedtak, noko som er ein auke frå fjoråret då 15 elevar hadde dette opplæringstilbodet.

Veitastrond skule vert administrert frå Hafslo barne- og ungdomsskule. Elevane på Veitastrond har, i samarbeid med heimane, eit tilbod der dei går på Hafslo barne- og ungdomsskule einskilddagar. Fagplanar og opplegg blir tilpassa slik at dei kan gå inn i ordinær undervising. Ordninga blir praktisert når vegforholda gjer det mogeleg. Skuleåret 2015-16 har Gaupne skule og Luster ungdomsskule felles rektor som ei mellombels løysing.

Luster kommune har seks barn som går på skule i andre kommunar og som kommunen betalar skuleutgifter for. Luster kommune har i skuleåret 2015/16 tre gjesteelevar frå andre kommunar.

Elevtal Luster 2014–16

Skule	2014-15	2015-16
Gaupne skule	131	135
Hafslo barne og ungdomsskule	222	219
Indre Hafslo oppvekstsenter	45	40
Jostedal oppvekstsenter	30	26
Luster oppvekstsenter	49	44
Luster ungdomsskule	132	131
Skjolden oppvekstsenter	39	37
Solvorn oppvekstsenter	20	19
Veitastrond skule	5	7
SUM	673	658

Elevar fordelt på alderssteg 2015/16

Klasse	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Elevar	Klassar
Luster ungd.								41	42	48	131	6
Hafslo b. og ungd.	23	18	19	19	29	17	29	23	17	25	219	12
Gaupne skule	16	22	26	16	14	21	20				135	7
Luster oppv.	4	8	7	2	8	6	9				44	3
Skjolden oppv.	1	5	5	6	6	8	6				37	3
Indre Hafslo oppv.	6	5	2	8	6	7	6				40	3
Jostedal oppv.	0	8	5	3	3	3	4				26	2
Solvorn oppv.	2	3	3	3	3	3	2				19	2
Veitastromd	1	1	1	1	2	1	0				7	1
	53	70	68	58	71	66	76	64	59	73	658	39

Framskrivning av elevtal til slutten av Øp-perioden syner ein større nedgang. Tilflytting har dei siste åra auka elevtalet slik at nedgangen truleg vert ein del mindre enn skissert nedanfor:

Elevar i Luster - 2019/20, framskrivning:

Eining	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	SUM
Luster ungd.								35	37	45	117
Hafslo b. og ungd.	18	16	21	15	23	18	19	23	34	21	208
Gaupne skule	22	17	13	20	16	23	26				137
Luster oppv.	6	6	4	4	4	9	7				40
Skjolden oppv.	2	4	5	3	1	5	5				25
Indre Hafslo oppv.	6	4	5	4	6	5	2				32
Jostedal oppv.	2	5	0	7	0	8	5				27
Solvorn oppv.	3	1	4	5	2	3	3				21
Veitastromd	2	1	1	1	1	1	1				8
SUM	<i>61</i>	<i>54</i>	<i>53</i>	<i>59</i>	<i>53</i>	<i>72</i>	<i>68</i>	<i>58</i>	<i>71</i>	<i>66</i>	615

Trivsel og miljø – sosial kompetanse

Olweus-programmet, eit haldningsskapande arbeid mot mobbing og antisosial åtferd og arbeid for auka sosial kompetanse, held fram. Det er avsett 10 % stilling til ein kommunal koordinator for kvalitetssikring av programmet. Sju av skulane i Luster er med på programmet. Olweus-satsinga er eit ledd i det kontinuerlege arbeidet med å forhindre mobbing i skulen.

Hafslo barne- og ungdomsskule arbeider med utviklingsprogrammet PALS. Dette er ein tiltaksmodell for å styrke sosial kompetanse, førebyggje og meistra åtferdsproblem.

Overgang barnehage – skule

Kunnskapsdepartementet legg føringar på at ein skal få til gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule. Det ligg gjennomarbeidde prosedyrar i kvalitetssystemet til Luster kommune. Desse prosedyrane vil verta vidareutvikla for barnehage- og skuleåret 2015/16 både når det gjeld overgang barnehage – skule og overgangen barneskule - ungdomsskule.

Lesing som fagleg satsingsområde

Ein overordna kommunal leseplan som gjeld både for barnehage og skule vart innført ved oppstart barnehage- og skuleåret 2014-15. Leseplanen har sidan vorten følgt opp med ei rekke konkrete støttetiltak. Gjennom eit systemsamarbeid med Statped Aust har me hatt ein serie kurs om lesestrategiar med alle lærarar i Luster vinteren 2015 og hausten 2015. Det har også vore lagt opp til mellomliggjande arbeid og oppgåver på skulane mellom dei ulike fagøktene. Kursrekka om lesing har erstatta dei tidlegare kommunale fagnettverka i engelsk, norsk og matematikk. Systemsamarbeidet med Statped Aust er planlagt vidareført vinter og vår 2016. Kvar skule har elles nedfelt eigne mål og tiltak for lesing i utviklingsplanane sine for å realisera den kommunale leseplanen.

Frå spesialundervising til tilpassa opplæring

Skuleåret 2014-15 reetablerte Oppvekst eit lokalt fagnettverk om spesialundervising. Det har vore lagt opp til to-tre nettverksmøter kvart halvår. Ansvarleg lærar/koordinator for spesialundervising på kvar skule møter i nettverket, eventuelt også rektor. Intensjonen med fagnettverket er å ha eit forum for å diskutera problemstillingar knytt til spesialundervising og tilpassa opplæring, dela både erfaringar, utfordringar og gode løysingar.

I samband med søkelyset på tilpassa opplæring gjennomførte Oppvekst ei kartlegging om tidleg innsats i barnehagar og skular og tilgrensande hjelpeinstansar. Kartlegginga vil verta formidla gjennom ein mini-rapport ved årsskiftet 2015-16. Tidleg innsats-kartlegginga er første fase i planprosessen for å laga ein ny kommunal plan om spesialundervising og tilpassa opplæring. Den førre planen

Ungdomstrinnsatsing

Ungdomstrinnsatsinga 2013–2017 med utgangspunkt i Stortingsmelding 22, *Motivasjon – Mestring – Muligheter*, er ei nasjonal satsing med tilbod om støtte til lokalt utviklingsarbeid i klasseleing, rekning, lesing og skriving.

Målsetjinga er auka motivasjon og læringsutbytte på ungdomstrinnet gjennom meir praktisk, variert og relevant undervisning for å heve nivået i rekning, lesing og skriving spesielt. Dette skal auka gjennomføringa i vidaregåande skule.

Ungdomsskulane i Luster – til liks med brorparten av dei andre ungdomsskulane i Sogn – er med i pulje 4 som tek til hausten 2016. Begge ungdomsskulane i Luster har valt skriving som satsingsområde. Gjennom ungdomstrinnsatsinga får skulane tilbod om skulebasert undervisning over tre semester med rettleiing frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Skulebasert kompetanseutvikling vil seia at skulen, med leing og alle tilsette, deltek i ein utviklingsprosess på eigen arbeidsplass der målet er å utvikla samla kunnskap, haldning og ferdigheit på skulen når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Ungdomstrinnsatsinga i kvar region vert koordinert av ein eigen utviklingsrettleiar. I samband med ungdomstrinnsatsinga vil kommunen også få tildelt ein eigen ressurs frå Udir som skal nyttast til ein ressurslærar som skal støtta og rettleia kollegaene på ungdomsskulane. Denne ressurslæraren vil få fagleg påfyll gjennom eigne ressurslærarsamlingar på Gardermoen.

Entreprenørskap

Grunnskulen i Luster skal leggja til rette for at barn og ungdom får god opplæring og kunnskap i entreprenørskap som kan stimulere til nyetablering. Alle elevane skal få øving i og høve til å utvikla dei kreative evnene sine gjennom arbeid med idear som dei kan utvikla.

Ungdomsskulane har også tradisjon for entreprenørskap gjennom årvisse elevbedrifter.

Fagnettverk

Skulane deltek i ulike regionale fagnettverk der det er faste felles kursdagar. Det er fagnettverk i matematikk, engelsk og norsk lagt til ein planleggingsdag i august og ein i januar ved semesterstart. I tillegg er det nettverk for kunst og handverk m.fl., entreprenørskap, psykisk helse, spesialpedagogisk undervisning, fådelte skular, IKT, rektorar og rådgjevarar.

Forutan regionale nettverk har Luster kommune også eigne kommunale fagnettverk. Opphavleg var dei kommunale fagnettverka organiserte etter faga norsk, matematikk og engelsk, men etter januar 2015 er modellen at fagnettverket er organisert etter det / dei kommunale faglege satsingsområda. Barnehage- og skuleåret 2015-16 er lesing og språkutvikling felles satsing. Dei kommunale fagdagane om lesing er gjennomført i samarbeid med Statped Sørøst. I tillegg blei det hausten 2015 gjennomført eit eige nettverksmøte om engelsk. Det er avsett midlar til 20 % stilling til å koordinera dei lokale fagnettverka.

Oppvekstbibliotek

I samband med omlegginga av bibliotekenesta i kommunen, har Luster folkebibliotek saman med Oppvekst samarbeidd om etableringa av såkalla oppvekstbibliotek, det vil seia kombinerte barnehage- og skulebibliotek. I august 2015 blei det nye biblioteket ved Skjolden oppvekstsenter opna, og biblioteket i Skjolden er pilot for satsinga med automatisert utlån. Mykje av bibliotekarressursen i prosjektet er knytt til oppvekstbiblioteket på Hafslø som skal vera tilgjengeleg for både skuleelevane og barnehagebarna i krinsen. Dette bibliotekprosjektet vil dreia seg både om det bibliotektekniske – automatisert utlån – og om oppvekstbiblioteka som ein stad for litteraturformidling og leselyst. Fylkesmannen har gjeve eit mindre tilskot til satsinga.

Leiing

Til oppstart skuleåret 2015/16 blei det tilsett ein ny rektor, Luster oppvekstsenter, og ein ny assisterande rektor ved Luster ungdomsskule. Gaupne skule og Luster ungdomsskule har felles rektor dette skuleåret som ei mellombels løysing. To rektorar tek vidareutdanning som leiarar gjennom det nasjonale utdanningstilbodet kalla rektorskulen. Det skjer ved Høgskulen i Oslo og Akershus i samarbeid med tre andre tilbydarar.

Forsterka opplæring – intern kompetanseheving

Mange elevar får spesialundervisning etter enkeltvedtak. Det vert sett i gang arbeid for å få til forsterka opplæring som i større grad ivaretek enkeltelevane utan at dette skjer gjennom spesialundervisning/enkeltvedtak.. Dette vert eit satsingsområde i skuleregion Sogn gjennom «System for styrka læring».

Seks lærarar er i gang med å ta eit etterutdanningskurs i lese- og skrivevanskar i regi av DysleksiNorge og Norsk nettskole. Førre skuleår tok 27 lærarar og leiarar dette kurset. Det langsiktige målet er at skulane skal ha god kompetanse i eigne rekker innafor lese- og skrivevanskar slik at denne elevgruppa i større grad kan få dekkja behova sine gjennom den ordinære tilpassa undervisinga i staden for spesialundervising.

I tillegg til etterutdanningskurset i lese- og skrivevanskar, deltek fem lærarar på eit tilsvarande nettkurs i dyskalkuli, dvs. spesifikke matematikkvanskar. Også dette kurset vert arrangert av Norsk nettskole.

Fysisk aktivitet

Nasjonalt er det stort fokus på auka fysisk aktivitet, noko og folkehelsearbeidet stadfestar. Alle skulane i kommunen har stort fokus på fysisk aktivitet, der det vert integrert fysisk aktivitet i dei ulike faga FysAk.

Valfag

Hausten 2014 vart det innført valfag også for 10. trinn, mellom anna trafikk. Dette medfører ein utvida timetalsauke samanlikna med tidlegare skuleår. Ved Hafslo barne- og ungdomsskule tilbyr ein fire ulike valfag: Fysisk aktivitet og helse, Trafikk, Produksjon av varer og tenester, Design og redesign. Ved Luster ungdomsskule tilbyr ein også fire valfag: Fysisk aktivitet og helse, Teknologi i praksis, Innsats for andre, Trafikk.

IKT

Innføringa av IKT i alle fag og digital ferdigheiter som ein av dei fem grunnleggjande ferdigheitene, gjer det viktig å ha ei brei satsing på IKT både når det gjeld programvare, maskinvare og pedagogisk bruk. Hausten 2014 blei strategigruppe for IKT oppvekst gjenopprett og vil arbeide systematisk med IKT i barnehage og skule. Det er også etablert eit lokalt fagnettverk av IKT-kontaktar/pedagogar som har møte eit par gonger i halvåret. I tillegg er det hausten 2015 etablert eit regionalt IKT-nettverk der også IKT-kontaktane/pedagogane møter.

Når det gjeld programvare så er det vedteke at skulane skal ta i bruk Microsoft 365. Innføringa av denne programvaren må skje gradvis og første steg er å få til FEIDE-pålogging, noko som er planlagt på nyåret 2016. Fleire av skulane har byrja å ta i bruk ei kombinert berbar datamaskin og nettbrett, kalla Surface.

Inn på Tunet

Nokre grunnskuleelevar får tilbod om alternativt pedagogisk opplegg i delar av skuleveka .

Den praktiske oppløringa utgjer ein sentral del av opplegget. Det finst tre «Inn på Tunet»-tiltak som grunnskulen nyttar pr. i dag. Alle tiltaka er i tilknytning til gardsbruk. Finansieringa av dei pedagogiske tiltaka skjer over budsjettet til den enkelte skule.

Leksehjelp

Skuleåret 2015-16 blei leksehjelp endra frå å gjelda 1.-4. trinn til å gjelda 4.-7. trinn. Årsaka til dette er at skulane opplevde at leksehjelpordninga ikkje var særleg verknadsfull for dei yngste elevane. Samstundes er leksene gjerne meir utfordrande høgare opp i klassestega, og difor er det fornuftig at elevane i auka grad kan få hjelp med leksene medan dei er på skulen.

Det er 135 elevar som dette skuleåret nyttar leksehjelpordninga. I fjor var talet 146 elevar når ordninga gjaldt 1.-4. trinn. Leksehjelp er gratis. Elevane på 4.-7. trinn får tilbod om leksehjelp to timar per veke. Organiseringa er ulik frå skule til skule for å tilpassa ordninga best mogeleg lokalt.

Nyutdanna

Kunnskapsdepartementet og KS har inngått avtale om å arbeide målretta for at nyttilsette og nyutdanna pedagogar i skule og barnehage skal få eit tilbod om rettleiing. I Luster har me ei eiga mentorordning, med 10 % kommunal koordinatorressurs, og eit eige program for nyttilsette med fleire samlingar per semester.

Oppfølginga vert samordna for alle skulane og barnehagane i Luster kommune. Det er også tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane om mentorordninga. I år deltek 12 lærarar på nyutdanna/nytilsettprogrammet.

Samarbeidspartnarar

Skulane samarbeider tett med PPT, som har samarbeidsrutinar i det sakkunnige arbeidet og i oppfølgingsarbeidet. Frå og med 1. januar 2016 vil det verta oppretta ei felles PP-teneste for Luster, Sogndal, Vik, Leikanger og fylkeskommunen for Sogndal vidaregåande skule. I utgangspunktet vert rutinar og søknadsprosedyrar vidareført som i dei førre skuleåra.

Skulane samarbeider elles med Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP. Tverrfaglege team (HSP-team) er samansette av personar frå helse, sosial og psykisk helse. Teama har faste møte på alle skulane. Det er samarbeid med folkehelsekoordinatoren når det gjeld førebyggjande arbeid.

215 Skulefritidsordninga (SFO)

SFO er eit friviljug tilbod om ein trygg og god stad å vera for skulebarn på 1.- 4. klassesteg, før og etter skuletid, og i skuleferiar. Skuleåret 2015/16 var det ei omlegging av SFO når det gjeld prisstruktur slik at det no er ein fast timepris.

I SFO skal barna få tilsyn og omsorg ut frå lokale og individuelle behov. SFO skal vera ein stad for lek, tryggleik og trivsel, og det skal leggjast til rette for fysisk aktivitet, god helse og tiltak for auka sosial kompetanse. Barna skal ha medverknad i val av aktivitetar. Det vert gjeve SFO-tilbod i alle krinsar, med unntak av Veitastrond. I skuleferiar er det tilbod i Gaupne og på Hafslø.

Våren 2015 vart det laga nye vedtekter og plan for SFO. Plan og vedtekter vart vedteke i kommunestyret 18. juni 2015. Hausten 2015 hadde dei SFO-tilsette felles seminar på rådhuset der dei mellom anna laga grunnlaget for ein felles idé- og aktivitetsbank for SFO i Luster.

Elevar i SFO 2015/16

Skule/barnehage	2014-15	2015-16
Luster oppvekstsenter	10	10
Gaupne skule	52	47
Hafslo barne og ungdomsskule	33	35
Indre Hafslo oppvekstsenter	11	11
Jostedal oppvekstsenter	10	7
Skjolden oppvekstsenter	8	4
Solvorn oppvekstsenter	7	6
Sum	131	120

223 Skuleskyss

Elevane i grunnskulen i Luster vert årleg registrerte for den strekninga der dei har krav på skyss. Dette gjeld også elevar som har fått denne retten på individuelt grunnlag, då som regel grunna farleg skuleveg. Skuleåret 2014-15 blei det innført elektroniske reisekort. Det er Fylkeskommunen som står for utsending og drift av desse. I løpet av vinteren 2016 skal det utarbeidast forslag til eit kommunalt reglement for skuleskyss i Luster.

213 Vaksenopplæring

Norskopplæring for innvandrarak busette i Luster, med rettar/plikter etter introduksjonslova, vert gjennomført i eit samarbeid mellom Luster, Leikanger, Lærdal og Sogndal. Opplæringa føregår i Sogndal. Utgiftene vert dekte av særskild statstilskot og refunderte til Sogndal etter refusjonskrav. Det vil vera eit aukande tal personar som går i norsk vaksenopplæring og norskopplæring for framandspråklege då Luster kommune har forplikta seg til å ta imot fleire flyktingar dei komande åra.

Grunnskuleopplæring for vaksne iflg. § 4A i opplæringslova

Personar som har behov for fornøya grunnskuleopplæring, t.d. på grunn av sjukdom, skade eller mangelfull dugleik innan ein skilde skulefag, har rett på slik opplæring. Vaksne utan fullført grunnskule kan også ha slik rett. Per november 2015 er det tre vaksne flyktingar som tek grunnskuleopplæring for vaksne. Dette tilbodet vert også organisert gjennomført i Sogndal.

202 Pedagogisk psykologisk rettleiingsteneste (PPT)

Luster har fram til 1. januar 2016 hatt eiga PPT-teneste med psykolog og to spesialpedagogar. Kommuneloped har vore organisatorisk knytt til PPT. PPT har arbeidd saman med oppvekst og rektorkollegiet for å få til ein inkluderande skule. Det har vore nær kontakt med skule- og barnehagemiljøet gjennom regelmessige besøk og faste møteavtalar gjennom året. PPT har etablert gode rutinar, organisering og fordelingsopplegg når det gjeld bruk av spesialpedagogiske ressursar.

Faste samarbeidsmøte med andrelinja vil halde fram. Det er samarbeid med psykiatrieiniane i Indre Sogn. Det er og tett samarbeid mellom kommunane i regionen. PPT er elles med i ei nettverksgruppe saman med Statped Vest (statleg spisskompetanse på pedagogisk område). Det er etablert eit nettverk i regionen der ein vil ha 3–4 møte i året.

Gjennom Sogn regionråd har det vore gjennomført eit større utgreiingsarbeid om ei mogleg felles PPT-teneste i Sogn. Den endelege rapporten utarbeidd av Deloitte vart lagt fram vinteren 2015. Handsaminga av PPT-saka i kommunestyret 18. juni konkluderte med at Luster sluttar seg til samarbeidsavtalen om felles PP-teneste i Sogn saman med Vik, Leikanger, Sogndal og fylkeskommunen. Aurland vil slutta seg til samarbeidet frå og med august 2016. Sogndal kommune vil vera vertskommune for den interkommunale PP-tenesta.

Vedtaket i kommunestyret inneber at det skjer ei verksemdoverføring frå Luster kommune til Sogndal kommune frå og med 1. januar 2016. Dei tilsette har fått tilbod om overføring og to tilsette nyttar seg av denne ordninga. Det er lagt opp til at innarbeidde rutinar og søknadsprosedyrar for spesialundervising vert følgt opp på vanleg måte i den nye fellestenesta.

Det vert lagt opp til styrking av eige arbeid med tilpassa opplæring hausten 2015 og våren 2016 for å møta omorganiseringa av PPT. Det må arbeidast for å sikra ei fortsatt utøvande logopedteneste.

Styringsmål 2016

Grunnskule

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2016
				Luster 2015	Landet 2015	
Felles alle	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0
	B	Tal klagesaker m/omgjæringsvedtak	Registrering	0	-	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2014	98,4 %		< 100 %
	M	Medarbeidartilfredsheit (2 skular, 5 oppv. senter, skala 1-6)	BedreKommune 2014	4,9	4,6	5,0
	M	Sjukefråver	Fråversstatistikk 2014	3,9 %	-	4,5 %
Grunnskule	B	Grunnskulepoeng	Skoleporten	41,3	40,7	42,5
	B	Elevmotivasjon 7. trinn 10. trinn	Elevundersøking	4,0	4,0	4,1
				3,6	3,5	3,9
	B	Trivsel 7. trinn 10. trinn	Skoleporten	4,4	4,4	4,5
				4,3	4,2	4,4
B	Mobbing på skulen 7. trinn 10. trinn	Skoleporten	1,2	1,2	1,0	
			1,1	1,2	1,0	

Nasjonale prøver	Nasjonale prøver – 5. trinn (2014-15)		Luster	Landet	Mål 2016	
	B	Lesing	Skoleporten	50	50	51
	B	Engelsk	Skoleporten	49	50	50
	B	Rekning	Skoleporten	50	50	51
	Nasjonale prøver – 8. trinn (2015-16)		Luster	Landet	Mål 2016	
	B	Lesing	Skoleporten	49	50	51
	B	Engelsk	Skoleporten	49	50	50
	B	Rekning	Skoleporten	51	50	51
	Nasjonale prøver – 9. trinn (2015-16)		Luster	Landet	Mål 2016	
	B	Lesing	Skoleporten	53	53	54
	B	Rekning	Skoleporten	58	54	56
	Resultat eksamen – 10. trinn		Luster	Landet	Mål 2016	
	B	Norsk hovudmål skriftleg	Skoleporten	3,8	3,4	3,8
	B	Engelsk skriftleg	Skoleporten	x	3,7	3,8
	B	Matematikk skriftleg	Skoleporten	3,2	2,9	3,3

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

Nasjonale prøver vert frå og med skuleåret 2014/15 lagt om og det vert laga ein ny poeng-skala. Difor er det først frå skuleåret 2015/16 at ein kan setja opp nye samanliknande mål.

x Luster kommune fekk ingen elevar opp i engelsk skriftleg eksamen skuleåret 2014/15.

*Resultat 1,0 på mobbing er mål om «nullvisjon, ingen mobbing i lustraskulen.

Budsjett og årsverk 2016

Tal i 1 000 kr.

Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
202	GRUNNSKULE	76 668	77 086	-0,5
213	VAKSENOPPLÆRING	120	-10	-1300,0
215	SFO	1 798	2 173	-17,2
222	SKULELOKALE	9 203	9 635	-4,5
223	SKULESKYSS	2 300	2 200	4,5
	SUM	90 090	91 084	-1,1

*202 Redusert ramme til ny PPT organisering, redusert spes.ped tiltak, generell innstramming, auka betaling for elevar i andre kommunar.

*215 Betre balanse mellom bemanning og utnyttede plassar/innt.

*222 Redusert husleige grunna kjøp av fellesbygg Hafslø.

2012 113,4 årsverk

2013 110,4 årsverk

2014 111,7 årsverk

2015 117,5 årsverk (ikkje samanliknbart med tidl.)

2016 111,47 årsverk (dette talet inkluderer lærarar, assistentar, SFO, og merkantilt personale)

Særskilt om 2016

- Etablering av felles PP-teneste frå 1. januar 2016. Kostnadane vert fordelt på dei deltakande kommunane etter fastnøkkel (25%) og elevtal. Reduserte kostnader for Luster. (netto 0,5 mill.)
- Laga ny plan om tilpassa opplæring og spesialundervising for grunnskulane i Luster. Målet er å flytta fokuset frå spesialundervising til tilpassa opplæring, redusera omfanget av spesialundervising og auka kvaliteten på tilpassa opplæring
- I samarbeid med SR og Statped Vest deltek Gaupne skule og fire andre skular i Vik og Leikanger i eit eige spes.ped prosjekt med temaet frå spesialundervisning til tilpassa opplæring.
- Utgreiing om mogleg samanslåing av Gaupne skule og Luster ungdomsskule skal leggjast fram for kommunestyret i februar. Eventuelle samordningsgevinstar, faglege fordelar og økonomi skal avklarast.
- Ungdomsskulane i kommunen skal delta i den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i utvikling» som går over tre semester frå og med hausten 2016. Felles fagleg satsingsområde er skriving som grunnleggjande ferdigheit på tvers av fag.
- Vidareutvikla rutine og større fokus på god overgang mellom barneskule og ungdomssteget.
- Lesing som grunnleggjande dugleik er felles fagleg satsingsområde skuleåret 2015/16 for alle grunnskulane i Luster. Satsinga vert fagleg støtta gjennom ei kursrekke / lokale fagsamlingar i samarbeid med Statped Sørøst.
- Omfattande vidareutdanning blant lærarpersonalet. 12 lærarar deltek på det nasjonale vidareutdanningsprogrammet Kompetanse for utvikling. I tillegg deltek to rektorar på den såkalla rektorskulen, det nasjonale vidareutdanningsprogrammet for leiarar i skulen.
- Den systematiske etterutdanning på lese- og skrivevanskar som byrja førre skuleår held fram dette skuleåret. Ni lærarar tek vidareutdanning på dette viktige feltet gjennom eit nettkurs i regi av DysleksiNorge og Norsk nettskole. Fem lærarar tek tilsvarande kurs om dyskalkuli, dvs. spesifikke matematikkvanskar.
- Vidareutvikla oppvekstbiblioteket som arena for litteraturformidling og leselyst.
- Luster kommune er pilotkommune i prosjektet Krafttak for song og både skular og barnehagar deltek i aktivitetane i prosjektet.
- Byrja innføringa av Microsoft365 og tilhøyrande programverktøy som arbeidsreiskap for lærarar og elevar i Lustraskulen.
- Halda fram tradisjonen med lokal nettverksbygging på faglege satsingsområde, IKT og spesialundervising og styrka samarbeidet mellom skulane og mellom skule og barnehage. Vurdera å utvida det lokale nettverksarbeidet.
- Følgja opp satsingsområda i System for styrka opplæring, det regionale utviklingsprogrammet.
- Vurdera felles plattform for haldningsskapande utviklingsprogram. (Olweus, Pals ev. anna.)
- Skulesymjingsordninga i Lustrabadet skal evaluerast. Det er avsett eit mindre beløp til skysskompensasjon. (30')
- Ombygginga av Hafslo barne- og ungdomsskule skal fullførast før skulestart aug. 2016.
- Mindre utbyggingstiltak Luster ungdomsskule kan prioriterast.

Tiltak 2016 oppvekst frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Sikra gode faglege og sosiale overgangar mellom barnehage/barneskule/ ungdomsskule /vidaregåande	Det vert arbeid med å vidareutvikle prosedyre	
Vidareutvikla oppvekstsentera	Vert følgt opp gjennom tiltak i ståstadsanalysen *	
Bruka den kulturelle skulesekken målretta i høve til auka kunnskap og eigen og lokal identitet	Setje fokus på innhaldet i den kulturelle skulesekken	Samarb: Kultur
Tilretteleggja for opplæring om lokal kulturhistorie i barnehage og skule	Bevisstgjere barnehagane og skulane om innhaldet i den kulturelle skulesekken og ev. andre tilbod	Samarb: Kultur
Tilretteleggja for ei god opplæring og oppfylging der basisfaga skal ha sterkt fokus gjennom heile skuleløpet	Kontinuerleg arbeid	
Etablera felles møteplassar for born i barnehage og grunnskule	Vil sjå på felles arrangement	
Ha tilgang på godt og oppdatert undervisningsutstyr til ei kvar tid	Vert kontinuerleg arbeid med Bør lagast ein IKT-plan	Samarb: IT
Innarbeida tilbod om fysisk aktivitet i opplæringa i barnehage/skule kvar dag	Vidareutvikle det tilbodet den einstilte barnehage/skule har i dag	
Vidareutvikle arbeid og kompetanse i entreprenørskap i grunnskulen	Kvar skule lage entreprenørplan	Sogn region, andre skular

Andre tiltak etter 2016

- Endringar i barne- og elevtal
- Vidareutvikling av oppvekstbiblioteket.
- Ungdomskulesatsing
- Kompetansebygging på spesialundervising; vidareføre arbeidet i høve lese- og skrivevanskar i skulen og språkutvikling i barnehagen.
- Opningstider barnehage.
- Kompetanseutvikling skule og barnehage.
- Ev. drøftingar omkring strukturelle tiltak og andre tiltak.
- Det er føresett innsparingar i ØP.(1+1 mill.)

Tiltak etter 2016 (økonomiplan) frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Arbeida for å etablera tiltak som betrar tilhøva for dagpendlarar til nabokommunane	Er ikkje prioritet pga. av at det ikkje er meldt behov pr i dag. Ev behov for utvida opningstider i barnehage	

5.4 Tenesteområde Helsetenester

Organisering

Tenesteområdet er organisert som ei sjølvstendig eining under leiing av helsesjef. Ansvar for folkehelsearbeidet er lagt til folkehelsekoordinator i stab hjå rådmann.

Overordna mål og delmål

Overordna mål:

- Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale helse- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, rehabilitering, behandling, pleie og omsorg.

Delmål:

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle og betre evna til tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Vidareutvikle korttidsavdelinga og øyeblikkeleg hjelp plassane.
- Ha god kontroll og kvalitet på tildeling av tenester og ressursbruk.
- Ha eit godt tilbod til gravide og til barn/unge 0-20 år som fremjar psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggjer sjukdom og skader.
- Ha eit godt fungerande miljøretta helsevern.
- Ha ei fagleg sterk og godt dimensjonert fastlegeteneste med god trening i akuttmedisin
- Ha ei godt utstyrt og – drifta legevakt med god samhandling med ambulansetenesta.
- Ha ei tilgjengeleg og fleksibel rehabiliteringsteneste.
- Ha lågterskeltilbod med høg kompetanse innan psykisk helse.
- Vere god på koordinering og fagleg oppfølging av kommunen sitt førebyggjande rusarbeid, samt av den einskilde rusmiddelbrukar.
- Vidareføre og vidareutvikle folkehelsearbeidet.
- Utvikle ein felles og målretta informasjonsstrategi.

Tenester og oppgåver – generelt

232 Helsestasjon/skulehelseteneste/jordmorteneste:

Fødselsførebuande kurs og svangerskapskontrollar. Følgje ”Veileder 0-20 år for kontroller på helsestasjon/skulehelsetjensten”. Støtte og styrke foreldrerolla. Delta i tverrfaglege ansvarsgrupper og i samarbeidsmøte med foreldre, skule, barnehagar og andre fagmiljø. Delta i kriseteam. Råd og rettleiing til foreldre, barnehagar og skular. Delta i foreldremøte og undervisning på ulike klassetrinn (pubertet, samliv, rus, psykisk helse, fysisk aktivitet, kost m.m.). Fokus på overvekt/fedme hjå barn og unge og tilbod om helseundersøking/-samtale. Helsetilbod til flyktingar, fyrste gongs undersøking og oppfølging av barn/barnefamiljar.

233 Smittevern/reisevaksine:

Tilby barnevaksinasjonsprogrammet. Utføre influensavaksinering til definerte målgrupper. Tilby reiseråd og reisevaksine. Tuberkulosekontroll av definerte grupper, m.a. arbeidsinnvandrarar /sesongarbeidarar. Legekontoret set også stivkrampe- og influensavaksiner. Rullering av smittevernplan, følgje opp meldingar via MSIS som er statens registrerings-system for smittesjukdommar. Ha beredskap for pandemi.

233 Samfunnsmedisin:

Miljøretta helsevern som gjeld alt som verkar på helsa, t.d. ureining i vatn, luft, støy, inneklima, radon, drikkevatt og badevatn. Godkjenning av campingplassar, skular og barnehagar mm. Samarbeid med miljøhygienikar (interkommunalt MHV Indre Sogn), mattilsyn og helsesøster.

233 Folkehelse:

Helsestasjon/skulehelsetenesta har stor merksemd på førebyggjande og helsefremjande arbeid – både fysisk og psykisk. Sentrale i dette arbeidet er å oppdage tidleg og tidleg innsats. Fysioterapitenesta tilbyr trening til eldre på omsorgscentra (betre balanse mm.).

Folkehelseoversikt (FHO):

FOD skal gje grunnlag for eit systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid, og skal ha opplysningar og vurderingar om befolkningssamansetning, oppvekst/levkår, fysisk og sosialt miljø, skader/ulykker, helserelatert åtferd og helsetilstand. Kommunen skal ha ein løpande oversikt og kvart fjerde år skal det utarbeidast eit omfattande oversiktsdokument som skal føreligge ved oppstart av arbeidet med planstrategi. FHO skal danne grunnlag for strategiar, mål og tiltak forankra i plansystemet etter plan- og bygningslova.

Sogn frisklivs- og meistringssenter (Sogn FMS):

Sogn FMS er ei vidareutvikling av Sogn frisklivssentral og er eit samarbeid mellom kommunane Luster, Leikanger og Sogndal. I tråd med samhandlingsreforma er det eit ynskje at lærings- og meistringstilbod også blir oppretta i kommunane ev. interkommunalt. Dette medfører behov for auke i stillingsstorleik med 30 % frå 2016. Drifta 2016 vert fordelt i samsvar med gjeldande avtale (Luster 42,5 %, Sogndal 42,5 % og Leikanger 15%).

Tilbod i Sogn FMS:

- KID kurs – kurs i depresjonsmeistring.
- Kurs og aktivitetstilbod til familiar som har barn med overvekt.
- Kurs for pårørande til personar med minnesvikt og demens.
- Røykeslutt – og kosthaldskurs.
- Individuelle samtalar og gruppetilbod innan fysisk aktivitet.

Nye tilbod:

- Kosthaldskurs for tilsette i pleie og omsorg.
- Kurs i meistring av depresjon for unge vaksne og ungdom (KID og DU) og kurs i meistring av belastning (KIB) for unge vaksne.
- Fysisk aktivitetstilbod og kosthaldskurs for flyktningar i introduksjonsprogram.
- Temakveldar om kosthold og matlagingskurs for studentar.
- Nettverksgrupper/sjølvhjelpsgrupper for personar som har kreftsjukdom.

Nokre tilbod blir drifta av prosjektmidlar i ein utprøvingfase. I Sogn FMS samarbeida ein med fagmiljø i kommunane, fylkeskommunen, frivillige lag og organisasjonar, Helse Førde og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Aktivitet og kurstilbod vil føregå i alle 3 kommunane. Frå 01.01.16 har tiltaket skifta namn til Frisklivsentralen Sogn.

SLT Politiråd Luster, Leikanger og Sogndal:

Kommunane Luster, Leikanger og Sogndal har etablert eit regionalt SLT Politiråd (SLT = Samordning av lokale kriminalitetsforebyggjande tiltak).

- SLT er ein modell for samordning og ikkje eit aktivitetsprogram. Målet er å få meir ut av allereie igangsette tiltak ved at ulike sektorar støttar og utfyller kvarandre sitt arbeid. Særskild fokus: barn og unge.
- Organet er eit samarbeid mellom dei tre kommunane, der kvar kommune har ei undergruppe/arbeidsgruppe lokalt.
- Organet er forankra i kvar kommune ved ordførarane og representant(ar) frå administrasjonen og politiet ved regionlensmann.

Trygge lokalsamfunn (TL):

TL er eit WHO- konsept som vektlegg forankring, systematikk, langsiktigheit og samarbeid på tvers av fagområde og organisatoriske skilje som metode i arbeidet for å forebygge skader og ulykker. Forsking viser at denne arbeidsmetoden har effekt, og at ulukkerisiko for mange aldersgrupper kan reduserast med 25 – 40 % dersom ein klarer å mobilisere sentrale instansar som næringsliv og frivillige organisasjonar i tiltaksarbeidet lokalt. Som ein del av folkehelsesatsinga har arbeidet starta opp for at Luster skal få formell godkjenning som trygt lokalsamfunn. Folkehelserådet er styringsgruppe og ein har sett på 4 satsingsområde:

- Trygge eldre – forebygging av fall
- Trygg skuleveg – gå/sykle til skulen
- Landbruk – forebygging av ulykker
- Lokal skaderegistrering

Ungdomskontakt:

Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar for å skape lågterskel aktivitetstilbod. Legge til rette for drift av Luster Danseverkstad; ung til ung formidling gjennom dans. Sidan oppstart i 2006 har frivillig ungdom vore ung-instruktørar og gitt hundrevis av barn og unge dansegleder i sine lokalmiljø i Luster. I tillegg til å vera utøvande dansarar, ung-instruktørar og koreografar, jobbar instruktørane bevisst med å vera gode forebilde for elevane. Ny instruktørgruppe In Pression, har fått utdanning gjennom fylkeskommunen i samarbeid med «Dans Utan Grenser». In Pression tok over etter In Motion som avslutta sitt arbeid i 2013. Instruktørane har dansetilbod i Gaupne, Hafslo og Luster.

Aktivitetstorget ME'N'U er ein ungdomsstyrt, rusfri møteplass for ungdommar i heile kommunen (13-18 år). Det er organisert med ungdomsstyre og styringsgruppe. Det har vore innom 20 – 60 ungdommar på kubbkveldande annakvar fredag. Størst deltaking er det ved aktivitetar som kveldsope skitrekking og open idrettshall. Andre oppgåver: ungdommens kulturmonstring, regionalt nettverk for ungdomskontaktar, nattugler, ungdommens kommunestyre, tverrfaglege samarbeidsgrupper og kontaktperson i høve fritidsklubbane.

Interkommunalt krisesentertilbod:

Luster sitt krisesentertilbod vert ivareteke av eit interkommunalt samarbeid i Sogn og Fjordane med Flora som vertskommune. Krisesenteret skal oppfylle kommunane sine plikter om krisesentertjenester til innbyggjarane etter *Lov om Krisesenter* §§ 1 og 2. Tilbodet skal sikre eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vold eller

trugsmål om vold i nære relasjonar. Helse forvaltar kommunen sitt driftstilskot til krisesenteret i Sogn og Fjordane. Grunnlaget for tildelinga er KS Sogn og Fjordane sin modell for tildeling av driftstilskot. (400.000 frå Luster i 2016.)

Senter for incest og seksuelle overgrep:

I oktober 2012 opna nytt senter for incest og seksuelle overgrep i Førde (SMISO). Senteret er finansiert med 20 % frå dei fleste kommunane i fylket og resten frå Staten. Senteret er eit dag-tilbod med tilbod om eine-samtalar, temakvelder, sjølvhjelpstilbod mm. Det vil og bli arbeid forebyggjande mot skular. (27.000 frå Luster i 2016.)

Permanent overgrepsmottak:

Staten har gjeve føringar om at det skal vere eit overgrepsmottak i kvart fylke, knytt til eit av legevaktsamarbeida. Dette er eit kommunalt ansvar og kommunane i fylket har gått saman om slikt tilbod. Mottaket er plassert på SYS-IKL (Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktssamarbeid) som er fysisk lokalisert til akuttmottaket Førde Sentralsjukehus. (85.000 frå Luster i 2016.)

241 Fysioterapi:

Privat praksis og kommunal fysioterapi. Fysioterapeutar undersøker og behandlar, driv opptrening og rehabilitering etter operasjonar, sjukdom, skade, ved funksjonssvikt, sjukdom/plager i muskel- og skjelettsystemet mm. Behandlinga føregår individuelt og/eller i grupper. Det er i dag mellom anna gruppetilbod i basal kroppskjenning(BK) i samarbeid med psykisk helseteam. Spesialkompetanse blant fysioterapeutane i bl.a. manuell terapi, BK og triggerpunktbehandling. Fysioterapeutar er også viktige for helsefremjande og forebyggjande arbeid gjennom aktivitet, rådgiving og opplæring. Driv «Betre balanse»- grupper og deltek i anna forebyggjande arbeid. Leiande fysioterapeut deltek i koordinerande eining (KE).

241 Allmennlegeteneste:

Drift av fastlegeordninga. Ha tilstrekkeleg kapasitet til å møte etterspurnad på kontrolltimar og augeblikkeleg hjelp. Ha fokus på krav i fastlegeforskrifta. Utdanning av spesialistar i allmennmedisin, opplæring av turnuslegar legevikarar og studentar i medisin. Sjukeheimslege; besøk 2ggr pr. veke ved kvar sjukeheimsavdeling, dagleg på KA. Intern-opplæring kvar veke. Fokus på fagutvikling. Høg standard og trening på akuttmedisin. Ligge i forkant med IKT utvikling, spesielt med meldingsutveksling eksternt. Ta i bruk ny og fagleg rett teknologi for å gje best mogleg tilbod til pasientane, under dette bruk av video-konsultasjonar med spesialisthelsetenesta, E-portal og SMS varsling av legetimar.

241 Ergoterapi:

Funksjonstrening og tilrettelegging av omgjevnader for fysisk funksjonshemma, inkludert hjelp til syns- og hørselshemma. Kartlegging av funksjonstap og treningsbehov. Formidling av hjelpemiddel. Leiar for Demensgruppa. Forebyggjande tilbod i samarbeid med fysioterapeut, folkehelsekoordinator og frivillige. Ansvar for TT-skyss og Service-skyss. Samarbeid med ergoterapeut i heimetenesta om eit best mogleg tenestetilbod for flest mogleg.

241 Psykisk helsevern:

Psykisk helseteam arbeider både førebyggjande og behandlande. Samtalebehandling individuelt og i grupper. Dagtilbod 2 dagar per veke på "Huset" som er eit lågterskeltilbod for samtalar og aktivitetar, samt på "Bruvoll" - eit eige butilbod. Heimebesøk til brukarar slik at dei kan meistre kvardagen. Rettleiing til personale i pleie og omsorg. Samarbeidsmøte internt i kommunen og mot spesialisthelsetenesta. Gjennomfører kurs i depresjonsmeistring (KID) og basal kroppskjensle. Teamet har eige tilbod om fysisk aktivitet med miljøterapeut/aktivitør. Leiar er koordinator i psykososialt kriseteam. Heile psykisk helseteam deltek etter behov.

241 Legevakt:

Akuttberedskap 24 timar alle dagar. Legevakt i Gaupne med godt utstyrt akuttbil. Kjøper LV-sentraltenester (telefonsentral) av Lærdal kommune. Bruk av nytt naudnett og øvingar i lag med ambulansetenesta.

243 Rusomsorg:

Ruskonsulenten gjev eit individuelt tilpassa tenestetilbod til alle som har eit rusproblem. Fokus på førebygging, behandling og rehabilitering. Oppfølginga består av individuelle samtalar, heimebesøk, rettleiing, kartlegging, arbeid med familiar, koordinering og oppfølging på arbeids- og treningscenter. Tett samarbeid med interne og eksterne instansar.

Styringsmål 2016:

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2016
				Luster	Landet	
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0
	B	Tal klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	0	-	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap Visma	97 %		<100 %
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	Betre Kommune 2014	4,9	4,8	5,0
	M	Sjukefråvær	Fråværsstatistikk	5,7 %	-	<5,0 %
Helse	B	Gjennomføringsgrad heimebesøk til nyfødde innan 2 veker	SSB/ Registrering	100 %	-	95 %
	B	Gjennomføringsgrad helseundersøking 2 år	SSB/ Registrering	100 %	-	100 %
	B	Gjennomføringsgrad helseundersøking 1. klasse.	SSB/ Registrering	100 %	-	100 %
	B	Gjennomføringsgrad grunnvaksine etter grunnskule.	SSB/ Registrering	94,7 %	-	95 %

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

Kommentar til tabell:

- Ny medarbeidarundersøking vert gjennomført hausten 2016.
- Gjennomføringsgrad heimebesøk til nyfødde og grunnvaksine etter grunnskule vil variere etter behov. Ikkje alle ynskjer heimebesøk eller vaksinar, men alle får tilbod.

Budsjett og årsverk 2016:

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
232	FØREBYGGING SKULE OG HELSESTJONSTENESTE	4 182	3 759	11,2
233	FOREBYGGENDE ARBEID, HELSE OG SOSIAL	2 649	2 274	16,5
241	DIAGNOSE, BEHANDLING, RE HABILITERING	13 816	13 420	3,0
243	TILBOD RUSFØREBYGGANDE TILTAK	810	819	-1,1
	SUM	21 456	20 272	5,8

*232 Styrking 2015 er budsjettet i ramme og underbudsjettering jordmor 2015 er retta opp.

*233 Reduserte prosjektmidlar SFMS må erstattast av ordinære driftsmidlar, inkl 30% auka stillingsressurs.(jfk-vedtak)

*241 Reduksjon legevakt KAD/sjukeheim er budsjettet, ??

*243 Auka satsing via statstilskot.

2012 20,4 årsverk

2013 19,8 årsverk

2014 19,8 årsverk

2015 21,5 årsverk (inkl. folkehelsearb 1,5 årsv. 2015)

2016 21,3 årsverk

Særskilt om 2016:

- Det er i 2015 gjennomført eit prosjektarbeid med vurdering av førebyggjande folkehelsearbeid i kommunen. Dette arbeidet vert vidareført med grunnlag i tilrådingar i prosjektrapport og presentasjon for formannskapet 14.10.2015 – Målet er å få fram ei kommunestyresak, der ein tek nærare stilling til om tiltaket skal gjennomførast og rammene for vidare arbeid. Arbeidet må sjåast i samheng med mål om etablering av nytt dagsenter, treningscenter og ny organisering av *Frivilligsentralen*. Det vert avsett planleggingsmidlar med mål om kommunestyrehandsaming før sommarferien, ev gjennomføringsvedtak.
- Legevaktorganiseringa i Luster vert utfordra av nye nasjonale faglege krav til tenesta. Dagens organisering med mykje bruk av vikarleger på vakt vil ikkje stette framtidige krav. Utfordringane er særleg store i feriar og kostnadar ved bruk av vikarar har auka monaleg. Heile regionen har utfordringar og Vik, Leikanger, Sogndal og Luster arbeider med eit utgreiingsarbeid der felles legevakt vert nærare vurdert. Rapporten skal vere klar innan 01.03.2016 og ein tek sikte på politisk handsaming innan 01.05.2016.
- Etter søknad har Luster fått tilskot frå Helsedirektoratet til ny psykologstilling. Tilskotet er på 300.000 pr. år. Kommunen må finansiere resterande. Tidlegare leiar av PPT går inn i stillinga. Stillinga vert lagt til psykisk helseteam i eininga Helse. I dette ligg ei klar styrking av tilbodet til menneske med psykiske problem og/eller rusmiddelproblem. Det skal leggast vekt på barn/unge og særskild dei som står i fare for a falle ut av, eller har falle ut av skulen.
- Etter søknad har Luster fått eit tilskot på kr 600 000 til styrking av det kommunale rusarbeidet. Tilskotet skal gå til å dekke utgifter til stillingsressurs og det er tilsett i 80 % prosjektstilling med start 16.11.2015. Tilskotet er gjeve for eitt år, men ein kan søkje årleg i inntil 3 år (så lenge styrking av rusarbeid er eit nasjonalt satsingsområde). Målsetjinga er å få fleire personer med rusrelaterte problem ut i jobb og/eller meiningsfull aktivitet. Det

førebyggjande arbeidet skal og prioriterast. Tiltaket medfører ei klar styrking av rusarbeidet i kommunen.

- Budsjettframlegget opnar for at det vert oppretta ein ny legeheimel med 20% kommunal stilling i løpet av 2016.
- Vakant fysioterapiheimel/-stilling vert vidareført i budsjettframlegget.
- Det vert arbeidd med ein ny og samla folkehelseoversikt for Luster kommune, som skal handsamast politisk tidleg i 2016. Denne oversikta skal mellom anna leggjast til grunn ved utarbeiding av ny planstrategi.
- Vidareføre koordinatorfunksjonen i SLT/politirådsamarbeidet (eksternt finansiert).
- Revisjon av smittevernplan (forenkling).
- Ta i bruk ny og fagleg rett teknologi og vidareutvikle bruk av fagprogram.
- Vidareutvikle bruk av E-portal i kommunikasjon med pasientar.
- Ta i bruk og vidareutvikle dei moglegheitene som ligg i telemedisin.
- Følgje opp regionalt arbeid innan psykisk helse; oppvekstområdet, helsestasjon og rekruttering av psykologar i regionen. (jf. og system for styrka læring.)

Tiltak 2016 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Gode og føremålstenlege fagprogram og tilgang til støtteverktøy.	Ta i bruk tilgjengeleg og utprøvde program.	Pleie og omsorg. IKT
Utvikle Luster kommune som «Trygg lokalsamfunn-kommune»	Vert arbeidd med jf. tekst over. Det er aktuelt å søkje om formell godkjenning i 2015/2016	Fylkeskommunen
Utvikla og etablera lågterskel tilbod som organiserte aktivitetar i bygdene, turstiar, badeplassar m.m.	Vert arbeidd vidare med ulike tiltak.	Sogndal og Leikanger. Fylkesmann og Fylkeskommunen

Driftsendringar etter 2016 (økonomiplan):

- Vidareføre arbeidet med ev realisering av *Friskhuset*.
- Samhandlingsreforma, spes. utvida oppgåver rus og psykiatri.
- Årsverkand av ny legeheimel.
- Ev endringar legevakt.
- Det fylkeskommunale tilskotet på kr 150 000 til stillinga som folkehelsekoordinator vil bli teke vekk frå og med 2017.

5.5 Tenesteområde Pleie og omsorg

Organisering

Tenesteområdet er organisert i 3 tenesteeiningar; Luster heimeteneste, Luster sjukeheimsteneste og Arbeids- og treningscenteret (ATS).

Overordna mål og delmål

Overordna mål:

Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale pleie- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, ØH- tilbod, rehabilitering, behandling, pleie og omsorg

Delmål:

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle dagtilbod for eldre heimebuande.
- Vidareutvikle og betre evna til tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Styrke helse- og omsorgstilbodet til heimebuande med stort omsorgsbehov.
- Vidareutvikle heildøgns teneste i omsorgsbustad og omsorgsplass.
- Vidareutvikle og styrke korttidsavdelinga, ØH – tilbodet og demensomsorga.
- Ta i mot alle ferdigbehandla pasientar frå sjukehus.
- Gje tilbod om sjukeheimplass, omsorgsplass eller bustad med heildøgns teneste til brukarar med fagleg definert behov.
- Gje yrkeshemma eit godt tilpassa og meningsfylt arbeids- og opplæringstilbod.
- Legge til rette for og kontinuerleg arbeide for at tilsette får størst mogleg stillingar.
- Utvikle ein felles god og målretta informasjonsstrategi.
- Auka samarbeidet med frivillige organisasjonar.

Tenester og oppgåver – generelt

Tenester og oppgåver kan fordelast på følgjande funksjonar:

- Hjelp i heimen
- Butilbod utanfor institusjon
- Sjukeheim (institusjon)
- Aktivisering – eldre/funksjonshemma
- Aktivisering – Arbeids- og treningscenteret (ATS)

Verktøyet ”IPLOS” (Individbasert Pleie- og OmsorgsStatistikk) vert brukt ved vurdering av medisinske og pleierelaterte behov (og nivå for tenestetildeling), samt behov for sjukeheimplass/heildøgns omsorg. Verktøyet sikrar ei grundig og einsarta vurdering av alle pasientar og bidrar til gode interne prioriteringar. Alle kommunar vart frå 2006 pålagde å bruke ”IPLOS”.

254 Hjelp i heimen

Heimehjelp – praktisk bistand til daglege gjeremål:

Målet med tenesta er å gje heimebuande med særlege hjelpebehov praktisk bistand i heimen og ivareta eigenomsorg og personleg stell. Brukaren skal i størst mogleg grad takast med i

gjeremåla. Brukar betalar ein eigendel i månaden ut frå husstanden si inntekt. Det kan - etter individuelle vurderingar - gjevast tilbod innan følgjande område (jf. regelverk haust 2010):

- Reinhold av kjøken, stove, soverom, bad/toalett, gang/entre og oppvask. Vask av vindauge - maks 2 gongar pr. år. Vasking av brukaren sine klede
- Personleg hygiene t.d. av- og påkleding, hjelp til dusj/hårvask.
- Sengeskiift.
- Hjelp til å sette opp handleliste, bestille varer og gjere innkjøp frå næraste butikk dersom handelsstanden ikkje bringar varer.
- Tillaging av tørmat, oppvarming av middag, hjelp til å bestille middag frå omsorgssenteret.
- Opplæring/trening i daglege oppgåver.

Praktisk bistand - opplæring:

Målet med tenesta er å gjere den enkelte brukar mest mogeleg sjølvstendig i dagleglivet. Dvs. hjelp til å skapa/oppretthalde eit sosialt nettverk, opplæring i husarbeid, matstell/innkjøp, personleg hygiene, påkleding, klevask, økonomi, bu-rettleiing og til å strukturere kvardagen.

Matombringning:

Dette vert tildelt heimebuande som grunna helse- eller funksjonssvikt ikkje greier å lage varm mat sjølv. Middagen vert levert av frivillige og/eller heimetenesta.

Tryggleiksalarm:

Tenesta vert, etter individuell vurdering, tildelt åleinebuande utan tilsyn delar av døgnet. Søkjar må vere klår og godt motivert. Alarm til Alarmsentralen (Florø). Alarmen kan verte formidla attende til pårørande eller heimesjukepleien. Ingen akuttberedskap.

Heimesjukepleie - pleie og omsorg utanfor institusjon:

Tenesta er døgnbasert. Behov for heimesjukepleie må vera grunna i helsesvikt. Gruppa av brukarar er samansett og ein brukar kan vere mellombels eller kronisk sjuk, skada, funksjonshemma eller alvorleg sjuk. Heimesjukepleien kan ikkje tilby følgje til lege/sjukehus eller tenester som vert dekkja av andre tenester, t.d. heimehjelp.

Dagsenter:

Føremålet med tenesta kan være hjelp til eigenomsorg, sosial støtte, aktivisering og opplæring i daglege gjeremål. Dagsenter er eit gratis tilbod for alle bebuarar ved eldresentra.

Individuell plan (IP):

Brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester frå det offentlege har rett til IP. IP er eit verktøy for samarbeid på tvers av ulike tenester og skildrar tenester som brukar har behov for. IP synleggjer eit forpliktande samarbeid og ei ansvarsfordeling mellom ulike einingar.

Brukarstyrt personleg assistanse (BPA):

BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp til personar med funksjonshemming som har behov for dagleg bistand, både i og utanfor heimen. Brukar har rolla som arbeidsleiar med ansvar for organisering, rettleiing og innhald, alt innan dei tidsrammer som kommunen sitt vedtak gjev.

Omsorgsløn:

Dette er ei ordning som skal gje kompensasjon til personar med særleg tyngjande omsorgsoppgåver. Omgrepet "særleg tyngjande" inneber at oppgåvene må vare ei viss tid og ha eit omfattande omfang. Omsorgsløn er ei teneste ein ikkje har rettskrav på og er oftast ei delteneste i tillegg til andre omsorgstenester.

262 Butilbod utanfor institusjon

Omsorgsbustadar:

Omsorgsbustad vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein leiger bustaden og denne vert sett på som brukaren sin heim. Bustaden er lagt til rette for funksjonshemma. Leigetakar kan få heimetenester på vanleg måte. Ei samling av omsorgsbustader vert kalla eldresenter. Det er 3 eldresenter i kommunen (Hafslo, Luster og Gaupne) og følgjande fordeling av omsorgsbustader :

Hafslo:	16
Luster:	18
Gaupne:	36 (27 i Gaupne, 9 Grandmo)
Sum	70 omsorgsbustadar i kommunen

Omsorgsplassar:

Omsorgsplassar er ei buform som vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein kan, i likskap med heimebuande, få tenester frå heimetenesta. Ein leiger husværet og dette vert sett på som brukaren sin heim. Dagens omsorgsplassar har dusj, toalett, kjøken-benk og kjøleskap. Bebuaren kan nytte seg av felles vaskerom og kjøken/stove (på gruppa). Straum og alle måltid (frukost, middag, kaffi og kveldsmat) inngår i husleiga. Måltida blir serverte på stova på gruppa. Det er etablert 8 omsorgsplassar ved Gaupne omsorgssenter, 9 ved Luster omsorgssenter og 9 på Hafslo omsorgssenter.

Tildeling av omsorgsbustad/omsorgsplass:

Tildeling av bustad skjer etter ei samla vurdering av søkjaren sin fysiske, psykiske og sosiale situasjon. Dette inneber at det ikkje vert teke omsyn til kor lenge søkjaren har vore registrert med søknad til omsorgsbustad/-plass. Det er for tida stor søknad, flest mot område Gaupne.

261 Sjukeheimane:

Luster kommune har tre sjukeheimar med 12 langtidsplassar på Hafslo, 24 i Luster og 20 i Gaupne – totalt 56 plassar. I Gaupne er det 8 korttidsplassar, og 2 av desse er øyeblikkeleg hjelp (ØH) plassar. Det er dermed for tida totalt 64 (56 + 8) institusjonsplassar i kommunen. Av langtidsplassane er 10 plassar i Gaupne og 8 plassar i Luster for demente.

Kommunen sitt tildelingsteam står for tildeling av både sjukeheims plassar, omsorgsbustadar, omsorgsplassar og transport-/parkeringskort for funksjonshemma. Teamet er samansett av leiar for sjukeheimetenesta, leiar for heimetenesta og helsesjef/kommuneoverlege. Det er møte kvar veke og det vert ført protokoll frå møta. Ein har følgjande plasskategoriar:

- Langtidsopphald.
- Tidsavgrensa opphald (utredning/behandling, rehabilitering), avlastningsopphald, dagopphald og nattopphald.
- Øyeblikkeleg hjelp (ØH) opphald.

Dei fleste nye som får plass på sjukeheim blir tildelt ”Tidsavgrensa opphald”. Dette er gjerne pasientar som treng opptrening, rehabilitering eller utredning/behandling. Ved tildeling veg medisinsk-faglege forhold tyngst. Særleg vanskelege sosialmedisinske forhold vert og vektlagde. Ved kvar tildeling vert *alle* aktuelle pasientar vurderte.

Dagopphald er eit aktiviseringstilbod for heimebuande eldre for å motverke einsemd og sosial isolasjon. I tenesta inngår middag og transport til og frå omsorgssenteret. Aktivitetsstova ved sjukeheimane har fast opningstid og aktivitetar som song, kulturinnslag, musikk, bingo og baking. Stova er open for pasientar ved omsorgssenteret, bebuarar i omsorgsbustadar og omsorgsplassar, samt heimebuande. Fotpleiar og frisør kjem til omsorgssentra etter avtale.

234 Aktivisering, eldre/funksjonshemma

Støttekontakt:

Støttekontakt vert nytta overfor born, unge og vaksne med psykiske problem, yngre og eldre funksjonshemma og familiar med samansette problem. Støttekontakten si oppgåve er å hjelpe den enkelte til ei meiningsfull fritid. Oppgåvene kan innebera sosialt samvær, aktivisering og følgje til fritidsaktivitetar.

Avlastning utanfor institusjon:

Tenesta er avlastningstiltak for personar/familiar med eit særskilt tyngande omsorgsarbeid. Avlastningstiltak kan vera besøksheim eller avlastningsbustad der tilsette i heimetenesta avlastar dei som får tenesta. Enkelte funksjonshemma barn kan ha eit så stort omsorgsbehov at dette overstig foreldra si omsorgsevne. I slike høve vil det føreliggja ei hjelpeplikt, som t.d. å tilby avlastning.

Ressurskrevjande tenester:

Dette er tenester til brukarar med store/samansette hjelpebehov. Det blir, i tett dialog med pårørande/brukar/verje, fatta vedtak i høve tenester som omsorgsløn, støttekontakt, avlastning, besøksheim, praktisk bistand, opplæring, brukarstyrt personleg assistanse mm.. Behov og innsats innan dette er som elles i landet aukande og det er eit eige øyremerka statstilskot til ordninga som slår inn når hjelpebehovet vert stort/av eit visst omfang.

Inn på tunet (IPT)- tilbud til heimebuande demente i tidleg fase:

Tenesta er blitt eit integrert tilbod i heimetenesta. Tiltaket har synt gode resultat og er i tråd med målsetjingane i ny helse- og omsorgsplan om tidleg og aktiv/førebyggjande innsats og i Demensplan 2015 – «den gode dagen.»

273 Aktivisering - Arbeids- og treningssenteret (ATS)

Hovudoppgåva til ATS er opplæring og arbeidstilbod til yrkes-/utviklingshemma (dagtilbod). Tilbodet er behovsprøvd. Søkarar kan få eit tilbod under føresetnad av at det er ledig plass og at det finst høvande oppgåver å tilby. Senteret har i dag ca. 30 yrkeshemma arbeidstakarar på fast plass og eit varierende tal yrkeshemma på ulike mellombelse avtalar.

Det vert lagt stor vekt på trivsel, meningsfulle oppgåver tilpassa den einskilde og kontakt med lokalsamfunnet gjennom dei varer og tenester som vert produserte. ATS er den største vedprodusenten i distriktet og for andre produkt og tenester har ein etterkvart oppnådd godt tilpassa tilbod både for arbeidstakarar og kundar. ATS tilbyr i tillegg til dei faste plassane også mellombelse plassar for brukarar frå vidaregåande skule, NAV, Sogneprodukter, Luster Arbeidssenter m.fl. Senteret jobbar tverrfagleg og på tvers av avdelingsgrenser. Tilbodet er under utvikling og justering for å kunna gi eksisterande og nye arbeidstakarar eit best mogeleg tilpassa og variert tilbod innafor tilgjengelege ressursar.

Det er viktig å oppretthalde eit relativt stort volum (brukarar og arbeidsoppgåver) for å kunne gje aktuelle nye brukarar gode og tilpassa tilbod, samstundes som eit stort volum sikrar betre moglegheit til å gje dagens brukarar eit godt og individuelt tilpassa tilbod.

ATS har tredobla tal brukarar over ein periode på 12-13 år. Dette har skjedd utan vesentleg auke i løyvde midlar, og har vore mogleg ved at:

- Brukarar med evne til å yte hjelp får gjere det som ein del av sin jobb.
- Samarbeid med heimetenestene for brukarar som treng mykje oppfølging.
- Auka inntening som følgje av auka sal av varer og tenester.

ATS kan tilby følgjande oppgåver til sine brukarar:

- Vaskeri (rulling av dukar, gardiner, utleige av dukar, reparasjon av arbeidstøy).
- Vedproduksjon, inkludert transport ut til kundar.
- Matlaging/kantinedrift/catering.
- Digitalisering/scanning av bilete og dokument.
- Skule- og jobbfrukt.
- Grøntarbeid/hagestell og gravstell.
- Bil-reingjering.
- Vaktmeisteroppgåver og drift av lager for hjelpemiddel.
- Interntransportrute for tøy og matrute
- Vareruter for COOP Byggmix og transportoppgåver for Jostedal Industrier
- Postruter
- Riving og pakking av bomullstøy
- Pakking av strøsand
- Monteringsarbeid, inkl. div. pakking
- Flyttehjelp

- Makulering
- Utplussing i andre verksemder

Styringsmål 2016

Styringsmål		Datakjelde	Status		Mål 2016	
			Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist	Kostrast /EDB sak og arkiv, Gerica	0	-	0
	B	Tal klagesaker m/omgjeringssvedtak	Registrering	0	-	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre: <ul style="list-style-type: none"> • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste 	Rekneskap Visma	97 % 99 %	- -	< 100 % < 100 %
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6): <ul style="list-style-type: none"> • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste 	Betre kommune 2014	4,5 4,1	4,6 4,6	4,5 4,5
	M	Sjukefråvær: <ul style="list-style-type: none"> • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste • ATS 	Fråværsstatistikk	8,7 % 9,1 % 5,5 %	11,7 % -	< 7,0 % < 7,0 % < 6,0 %
Sjukeheimsteneste / Heimeteneste	B	Andel årsverk med fagutdanning : <ul style="list-style-type: none"> • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste 	SSB/KS i prosent SSB/KS i prosent	68 % 66 %	74 % 74 %	74 % 73 %
	B	Liggedøgn på sjukehus for utskrivingsklare pasientar	Samhandlingsbarometeret	0	16,3	0
	B	Andel brukarar med samansette behov som har fått tilbod om IP: <ul style="list-style-type: none"> • Luster heimeteneste 	Registrering Gerica	100 % (27 stk.)	-	100 %
	B	Avvik knytt til legemiddelhandtering: <ul style="list-style-type: none"> • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste 	LKK LKK	15 14	- -	12 12
	B	Avvik knytt til fall med brot: <ul style="list-style-type: none"> • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste 	LKK LKK	3 0	- -	0 0
	B	Avvik knytt til screening – ernæring: <ul style="list-style-type: none"> • Luster sjukeheimsteneste • Luster heimeteneste 	LKK LKK	0 0	- -	0 0

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

Kommentar til tabellen:

- Ny medarbeidarundersøking vert gjennomført hausten 2016.
- Eit noko dårleg resultat på tal årsverk med fagutdanning skuldast i stor grad at bu-assistentar og heimhjelp er med i grunnlaget.

Budsjett og årsverk 2016

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
234	AKTIVISERING ELDRE/FUNKS	8 835	7 225	22,3
253	PLEIE, OMSORG, HJELP I I	55 819	58 697	-4,9
254	PLEIE, OMSORG, HJELP I H	50 207	50 369	-0,3
261	BOTILBUD I INSTITUSJON	1 772	1 139	55,6
265	BOTILBUD UTENFOR INSTITU	-3 207	-3 323	-3,5
273	ATS	3 919	4 187	-6,4
	SUM	117 344	118 294	-0,8

*234 Utvida/fleire tiltak ressurskrevjande teneste.

*253 Årsverknad av tiltak 2015; redusert nattevakt, redusert bakvaktordning og ny kjøkkenløsning samt innsparingskrav er lagt inn.

*261 Inntekter mat er overført til kjøken (253), nettoutg. aukar for oms.plassar.

*273 Tiltak avslutta.

2012	172,8 årsverk
2013
2014	176,7 årsverk
2015	175,2 årsverk
2016	167,4 årsverk

Særskilt om 2016

- Vidare arbeid med utviklingsprosjektet i pleie og omsorg (PLO), med følgjande tiltak:
 - Leing og interne prosessar, inkl. re-organisering.
 - Tettare samarbeid, samvirke mellom tenestene, «inne og ute», rekruttering og kompetanseutvikling.
 - Ressursbruk i Luster heimeteneste, med mål om reduksjon av indirekte tid.
 - Kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.
 - Vurdere samla tenestetilbod i kommunen si helse- og omsorgstrapp. Under dette særleg innhald/tilbod i dei tre sjukeheimane og plan for framtidig demenstilbod.
- Det vert lagt fram eiga sak for kommunestyret tidleg i 2016 om samla tenestetilbod i PLO. Det er føresett at omlegginga i PLO skal gje ei innsparing om lag 2,5 mill. i 2016 og ytterlegare innsparingar i perioden med gjennomføring av tiltak og årsverknad. (5mill.)
- Vidare arbeid med etablering av dagtilbod for bebuarar og heimebuande. Tiltaket er ei viktig oppfølging av nasjonale mål om auka førebyggjande innsats og gode tilbod på eit lågare nivå i omsorgstrappa. (jf. og mål i samhandlingsreforma). Oppbygging av eit godt /utvida dagtilbod, må og sjåast i samanheng med eventuell realisering av *Friskhuset*.
- Gjennomføring av prosjektet *Krafttak for song* i samarbeid med folkeakademiet.
- Fylkeskommunen gjennomfører ein regional anbodsrunde på kjøp av vaskeritenester. Luster har opsjon på deltaking og ev. tenestekjøp må vurderast i lys av pris og kvalitet.
- Utstyr for telemedisin vert teke i bruk i korttidsavdelinga (KA). Ein kan dermed gjennomføre video-konsultasjonar med spesialisthelsetenesta og betre tenestetilbodet.
- Ta i bruk ny teknologi for å arbeide rasjonelt og gje eit best mogleg tilbod til brukarar.
- Digitalisering av tryggleiksalarmlar inkl. utviding av velferdsteknologi står på programmet.
- Det vert innført årsturnus i pleie og omsorg frå 1. mars 2016.
- Omsorgsbustadkapasiteten bør utnyttast betre og meir rasjonelt. Ein må under dette vurdere utleige til andre brukargrupper og eventuelt sal av bustader Luster.

- Vurdere ev kjøp av private tenester til særleg ressurskrevjande brukarar.
- Vidareutvikla tilbodet ved ATS med m.a. auka skulering og fleire oppgåver med større variasjon og utfordringar. Ta i bruk transportløyve, auka oppgåver innafør transport, grøntarbeid, vaktmeister-arbeid, kjøken m.m. Ved-produksjonen vert teken noko ned. Nærare drøfting av utviklingsplan og framdrift i denne.
- Det vert i 2016 innkjøpt 9 seters minibuss og ATS etablerer eit internt transporttilbod.

Tiltak etter 2016 (økonomiplan) frå samfunnsdelen til kommuneplanen

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Utvikla kulturtilbod som stimuleringstiltak i eldreomsorga for å fremje god psykisk og fysisk helse blant heimebuande.	Vidareføre/vidareutvikle eksisterande kulturtilbod og vurdere nye/fleire tilbod.	Frivillige lag og organisasjonar, søknad om tilskot frå Helsedirektoratet
Helse og omsorgsplan skal vera førande for kommunen sine tenester og handsamast kvar valperiode.	Arbeidet med gjennomgang og vurdering av det samla tenestetilbodet i pleie og omsorg vil og omfatte ein revisjon av Helse- og omsorgsplan	
Tilretteleggja og ta i bruk ny IT-teknologi for å kommunisera mellom ulike helsenivå og tenester	Telemedisin: Utstyr er på plass og arbeidet med å ta det i bruk startar.	Helse Førde

Driftsendringar etter 2016

- Det er føresett at ny samansetjing av det samla tenestetilbodet i pleie og omsorg vert innført gradvis i økonomiplanperioden.
- Det vert arbeidd vidare med planane for gjenbruks-/bruktbutikk ved ATS i samarbeid med SIMAS.

5.6 Tenesteområde Sosial

Organisering

Tenesteområdet består av NAV Luster og Sogn barnevern. NAV Luster er eit partnerskap mellom stat og kommune. Sogn barnevern er ei interkommunal teneste mellom kommunane Leikanger, Sogndal, Balestrand (frå 1.9.2011) og Luster - med Sogndal som vertskommune.

Overordna mål

- Fremja økonomisk og sosial tryggleik, betre levekår for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Prioriterte grupper er ungdom, flyktningar, einslege forsørgjarar og barnefamiljar.
- Gje økonomisk rådgjeving som kan bidra til å løyse eller førebyggja sosiale problem.
- Tett oppfølging av mottakarar av økonomisk sosialhjelp og aktiv bruk av arbeidsmarknadstiltak for å få flest mogleg over i arbeid/aktivitet og hindre ny-rekruttering av sosialhjelpsmottakarar.
- Kommunen skal tilby aktivitetstiltak for personar som har arbeid som eit langsiktig mål og som i dag tildeles økonomisk stønad.
- Kvalifiseringsprogrammet skal bidra til at fleire kjem over i arbeid og aktivitet.
- Integrering av flyktningar gjennom introduksjonsprogrammet på heiltid og fulltid, med norskopplæring, arbeids- og språkpraksis og tett samarbeid med dei frivillige organisasjonar for ein meiningsfull fritid.
- Medverke til at barn og unge får gode oppvekstvilkår.
- Sikre at barn og unge, som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid.
- Samarbeide tett med andre faggrupper for å sikre best mogleg tenesteyting, og for å gje eit samla godt tenestetilbod til brukarar.

Tenester og oppgåver – generelt:

242 Sosial rådgjeving og 281 Økonomiske sosialhjelp/-rettleiing:

Økonomisk stønad (sosialhjelp) er ein del av samfunnets økonomiske sikkerheitsnett og skal sikre at alle har nok midlar til livsopphald. Hjelpa er meint å vere midlertidig og skal bidra til å gjere den enkelte mottakar sjølvhjelpen, skape sosial tryggleik og betre levevilkår. Hjelpa kan ytast som bidrag, lån eller garanti for lån, og er ei skjønsmessig yting der alle søkjarar har krav på individuell vurdering ut frå sitt behov. Sosial ulikskap er meir enn noko anna knytt til arbeidslivet og det er eit mål at alle skal være i stand til å forsørgje seg sjølv.

Råd og rettleiing i forhold til eigen økonomi er svært viktig i arbeidet med sosialhjelp. Føremålet er ikkje bare å løyse eksisterande problem, men å førebyggje at problem oppstår. Tilbodet kan innebere rettleiing i samband med oppsett av hushaldsbudsjett og til å få oversikt over eigen økonomi. Det vert arbeidd saman med brukar for å finne årsaker til overforbruk og tiltak for å redusere forbruket. Slikt arbeid gjev gode resultat hos mange av brukarane. Det skal difor gjevast tilbod om gjelds- og økonomirådgjeving til innbyggjarane som har utfordringar. Det vert og gjeve hjelp til å førebu saker for namsmannen der ein ikkje har kome til ei løysing med kreditorane og brukar stettar krava til å få gjeldsordning.

276 Kvalifiseringsprogrammet (KVP):

Kvalifiseringsprogrammet er regjeringa sitt viktigaste verkemiddel for å motverke fattigdom. Programmet rettar seg mot personar med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne. Det handlar i stor grad om personar som - utan eit slikt program - ville vore avhengig av økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde over lengre tid. Programmet er eit tilbod om opplæring og arbeidstrening, det skal bestå av arbeidsretta aktivitetar i kombinasjon med andre tiltak som kan forberede overgang til arbeid. Programmet skal vere heilårleg og på full tid. Rettleiar og brukar skal saman planlegge innhaldet i programmet. Det er viktig at brukar har stor medverknad på innhaldet i programmet og får tilpassa oppfølging.

Flyktingtenesta:

Luster har sidan 2010 teke i mot flyktingar i “nyare tid”. Ein liten del av desse har flytta frå kommunen. Det er truleg mange årsakar til flytting, men mest vanleg er utdanning, jobb og/eller kjende i anna kommune. I mars 2015 vart det vedteken ny strategi for integrering av arbeids-innvandrarar og flyktingar som gjev mål og overordna føringar for flyktingarbeidet i kommunen. Per 1. oktober 2015 var det 29 vaksne flyktingar og 20 barn under 18 år busett i Luster. Flyktingane har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet med opplæring i norsk og samfunnskunnskap, samt arbeids- og språkpraksis. Programmet skal vere på heiltid. Innhaldet skal være individuelt tilrettelagt og ta utgangspunkt i den einskilde sin bakgrunn og kompetanse. Målet er normal deltaking i arbeids- og samfunnsliv og økonomisk sjølvstende.

251 Barnevernstiltak i familien:

Hjelpetiltak i heimen er som hovudregel frivillig tiltak der familien har samtykka til hjelp. Tiltaka skal etter lova vere tenlege for mottakar. Fleire familiar mottok hjelpetiltak av ulik karakter frå barnevernstenesta. Sogn barnevern har fokus på å gje rett tiltak til det enkelte barn og familie/heim. Sogn barnevern har tilsett eigne tiltakskonsulentar for å følgje opp familiar som har behov for det. Omorganisering i Bufetat har ført til at kommunane må utføre desse oppgåvene sjølve.

252 Barnevernstiltak utanfor familien:

Plassering av barn utanfor heimen skjer både i fosterheim og institusjonar, alt etter behova til barnet. Slike plasseringar skjer både etter samtykke (frivillig) og ved omsorgsovertaking. Dette er ressurskrevjande tiltak som vert gjort når det ikkje er mogleg å avhjelpe situasjonen ved hjelpetiltak i heimen. Barnevernstenesta er pålagt ved lov både å følgje opp barn som er plasserte og familien til barnet etter plassering. Tenesta har som mål å i større grad unngå omsorgsovertakingar ved å sette inn gode rettidige hjelpetiltak i heimen for å betre omsorgssituasjonen til utsette barn.

283 Tilskot til etablering/tilpassing:

Det ligg to tilskotsordningar innanfor funksjon 283. Bustadtilskotet skal medverke til etablering i eigen bustad og til å sikre eigna bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Tilskotet skal og sikre at vanskelegstilte kan bli buande i ein eigna bustad.

Det kan òg søkjast om tilskot til tilpassing av bustad dersom nokon i husstanden har nedsett funksjonsevne og har spesielle behov for å gjere bustaden betre eigna for seg. Kommunen blir tildelt midlar frå Husbanken, og føretek tildelinga.

Andre stønadsordningar frå Husbanken:

Startlån skal medverke til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde denne. Husbanken gjev lån til kommunen for vidare utlån av startlån til enkeltpersonar. Kommunen kan gje startlån til personar som ikkje får lån eller tilstrekkeleg lånebeløp i ordinære kredittinstitusjonar. Startlån skal tildelast etter ei behovsprøving. I vurderinga skal kommunen legge vekt på om søkjaren:

- a) Forventas å ha langvarige problem med finansiering av eigd bustad.
- b) Har nytta moglegheita til sparing innanfor dei økonomiske moglegheitene søkjaren sine inntekter og nødvendige utgifter til livsopphald gjev.

Søkjaren må ha evne til å betene lånet over tid og ha nødvendige midlar att til livsopphald.

Styringsmål NAV Luster:

Styringsmål		Datakjelde	Status Luster		Landet	Mål 2016
			2013	2014		
1	Tal klagesaker m/omgjeringssvedtak	Registrering	3	1	-	0
2	Snitt stønadslengde (md) 18-24 år	SSB/Kostra	4,7 md	4,2 md	-	3,7 md
	Snitt stønadslengde (md) 25-66 år	SSB/Kostra	4,4 md	5,5 md	-	4 md
3	Andel som går over 6 md. på stønad	SSB/Kostra	37 %	41 %	35 %	25 %
4	Andel mottakarar som får gjeldsrådgeving	Sosio	-	13 saker	-	20 saker
5	Andel med sosialhjelp som hovudinntekstkjelde	SSB/Kostra	46,9 %	40 %	47,3 %	35 %

Kommentar til tabellen/det einsskilde styringsmål:

- 1) Det er generell målsetjing å unngå klagesaker med omgjeringssvedtak.
- 2) Det er eit mål at tid med sosialstønad vert så kort som mogleg. 4,2 md. er fortsett lengre enn ynskjeleg. (18-24 = 12 stk)
- 3) Det er mål om å redusere andelen (33/av 80) som fekk stønad over 6 md.
- 4) Jf prioritert arbeidsområde, prosjekt vert vidareført som driftsressurs.
- 5) Det er eit mål at denne andelen fortsett går ned (32/ av 80 i 2014.).

Styringsmål Sogn barnevern:

Styringsmål		Datakjelde	Status Luster			Mål 2016
			2012	2013	2014	
1	Tal mottekne meldingar	Registrering	27	39	43	-
	Tal henlagte meldingar	Registrering	1	8	6	-
	Tal fristbrot oppfølging av meldingar (frist på 7 dg)	Registrering	0	0	0	0
2	Tal undersøkingar	SSB/Kostra	26	36	37	-
	Tal henlagte undersøkingar	Registrering	13	6	24	-
	Tal fristbrot (frist på 3 md.)	Registrering	3	4	7	0
3	Tal barn med tiltak pr. 31.12	Registrering	72	63	31	-
	Andel barn i tiltak pr. 31.12 med utarbeida plan	Registrering	84 %	69 %	96 %	100 %

Kommentarar til tabellen/ *Generelt:*

Sogn Barnevern vil ikkje tilrå at det vert fastsett mål på indikatorane *tal mottekne meldingar, tal henlagde meldingar, tal undersøkingar, tal henlagde undersøkingar* og *tal barn med tiltak*.

Grunngjevinga er at dette er lovpålagde oppgåver som vil variere etter behov, og det er barnevernsfaglege vurderingar som må styre kva som skal skje i den einskilde sak.

Det einskilde styringsmål:

- 1) Ei *melding* kan kome til barnevernet som munnleg eller skriftleg bekymring på namngjeve barn, frå anonym eller namngjeve kjelde. Barnevernet må innan 7 dagar avgjere kva som vert gjort med meldinga – anten leggja den vekk eller følgje opp.
- 2) Når barnevernet har konkludert med at meldinga skal følgjast opp er det ein frist på 3 månader for å gjere ei *undersøking* (i særskilde tilfelle 6 månader). Barnevernet vil då sjå nærare på saka og foreldre/føresette vert informerte. Lovkravet er null fristbrot. I 2014 var det 7 fristbrot i Luster og dette er ikkje bra. Det vert arbeidd med forbetring.
- 3) Eit *hjelpetiltak* er som hovudregel eit frivillig tiltak og alle under 18 år med hjelpetiltak skal ha tiltaksplan. Utviklinga dei tre siste åra er innan dette område positiv.

Budsjett og årsverk 2016

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
242	NAV	1 570	1 210	30,0
276	KVALIFISERINGSORDNINGA	700	700	-0,1
281	ØKONOMISK SOSIALHJELP	1 670	1 505	10,9
	SUM	3 940	3 415	15,4

*242 50% stilling som gjeldsrådgjevar har vore prosjekt/eksternt finansiert, vert frå 2016 finansiert over drift.

Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
244	BARNEVERNSTJENESTE	2 593	2 511	3,3
251	BARNEVERN TILTAK I FAMILI	1 098	1 098	0,0
252	BARNEVERN TILTAK UTENFOR	5 763	5 763	0,0
	SUM	9 454	9 371	0,9

Særskilt om 2016

NAV Luster/ sosialt kommune:

- Ny *Strategi for integrering av arbeidsinnvandrere og flyktingar 2015-2019 (SIAF)* vart vedteke i kommunestyret 5.3.2015. Det vil i 2016 bli arbeidd med oppfølging.
- Det er budsjettert utgifter på nærare 8,5 million kroner til flyktingarbeidet i 2016. (i 281) Det vert lagt opp til full kostnadsdekning via flyktingfondet der prognosen er tilføring av 11-12 million kroner. Meirinntekter vert avsett til fond for seinare bruk.
- Kommunestyret gjorde i 2015 to vedtak om busetjing av flyktingar, og det er vedteke at totalt 65 skal busetjast i perioden 2016 – 2019. Familiesameining kjem i tillegg. På grunn av den store tilstrøyminga av asylsøkarar og flyktingar til Noreg, er det forventa stor aktivitet og auka press innan dette område i åra som kjem.
- Som følge av auka busetjing av flyktingar vil det bli vurdert behov for ytterlegare styrking flyktingtenesta og områda barnehage, skule, helse, kultur mm. Økonomiske ressursar må hentast frå flyktingfond. Pr. no er flyktingtenesta dimensjonert med 2 ½ stilling, leiar NAV(delressurs) og noko styrkingstiltak skule og barnehage.
- Innan sommaren 2016 skal det avklarast om Luster sjølv, heilt eller delvis, skal/kan ta ansvar for opplæring i norsk og samfunnsfag for flyktingar. Denne tenesta vert i dag

kjøpt av Sogndal. Det kan og gjerast nærare vurderingar om flyktingtenesta skal organiserast uavhengig av NAV.

- Ny *Bustadsosial handlingsplan 2015 – 2019* vart vedteke i kommunestyret den 5.3.2015. Det vil i 2016 bli arbeidd med oppfølging av denne. Prioriterte tiltak er:
 - Auka sirkulasjon i bustadmassen ved at fleire eig bustad – «leige til eige». Leigetakar i kommunale bustader med ynskje og potensiale om å eige bustad, får tilbod om kjøp av bustaden dei bur i eller anna kommunal bustad.
 - Startlån til fleire personar med lita betjeningsevne. Kommunen kan ta auka risiko og med dette tildele fleire startlån.
 - Utarbeide nye retningsliner for bustadsosialt arbeid i tråd med sentrale føringar som skal sikre at økonomiske verkemidlar, tildeling av tenester og bustad blir sett under eitt ved tildeling.
 - Samarbeide aktivt med privat leigemarked.
- Det skal leggjast fram sak med vurderingar om ev kommunal utleigebustad på Ornes.
- Det vert i 2016 lagt inn midlar til auka husleige for NAV kontoret.
- Nasjonale føringar stiller no krav til aktivitet for økonomisk stønad. Dette vil bli fylgt opp med tiltak i 2016 og framover.
- I 2013 fekk NAV Sogndal, Leikanger og Luster tilskot til prosjektet *Økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving til vanskelegstilte* for perioden 2013-2015. Det vart tilsett i 100 % prosjektstilling som for Luster utgjorde om lag 33 %. Målet er å hindre fattigdom hjå barn og deira familiar, samt auke kompetansen i kontora. Prosjektet vart vidareført i 2015 med ein eigendel frå kommunen. Tiltaket vert vidareført som ei fast 100% stilling delt ,ellom Luster og Sogndal. Leikanger kjøper ev. tenester etter behov.
- Arbeidet med fokus på stønadslengde må prioriterast.
- Følgje opp KS-satsing på «utanforskap»
- Vidareføre oppgåvene til Luster arbeidssenter A/S, ev i interkommunalt samvirke.

Sogn barnevern:

- Sogn Barnevern har frå 1.1.2016 totalt 13,5 stillingar /17 tilsette.
- Situasjonen i høve ev. endra oppgåvedeling mellom kommunalt barnevern og statleg Barn, Ungdom og Familieetaten (BUFETAT) er ikkje avklara. Signala har så langt vore at kommunane skal ta eit større ansvar for fleire av tiltaka framover.
- I B-15 vart det lagt inn ytterligare ei 100 % tiltaksstilling frå 1.1.2015, for å snu den negative utviklinga med mange omsorgsovertakingar. Denne stillinga er og finansiert av kommunane i Sogn Barnevern, men ved omdisponering innafor den økonomiske ramma (andre postar er teke tilsvarende ned). Stillinga vert vidareført i 2016.
- Det er faste kontaktpersonar mot kvar avdeling i kommunen, men alle i Sogn barnevern kan vere sakshandsamar i Luster. Sakene vert fordelt med bakgrunn i kapasitet og kompetanse hjå sakshandsamar.
- Arbeid med kontinuitet i leiarskap og eit godt arbeidsmiljø i kontoret vert prioritert.
- Få til betre rutinar for tilbakemelding av status og utfordringar i barnevernet og til politisk nivå/formannskapet.
- Sogn barnevern har fast kontordag i Luster kvar 2. tysdag.

Tiltak frå samfunnsdelen til kommuneplanen er gjennomført via SIAF + Bustadsosial handlingsplan

5.7 Tenesteområde Tekniske tenester

Organisering

Tenesteområdet omfattar stabseiningane Plan, Eigedom og tenesteeininga Teknisk Drift.

Hovudoppgåve Plan:

- Ansvar for kommune- og samfunnsplanlegging, spesielt arealplanlegging
- Forvaltning av areal, byggetiltak og tilskotsordningar.
- Kartforvaltning og oppmåling.

Hovudoppgåve Eigedom

- Drift, forvaltning og utbygging av kommunal eigedom.
- Drift, forvaltning og utbygging av infrastruktur og tenester innan kommunalteknisk område.
- Førebyggjande brannvern (tilsyn, feiing), brann- og beredskapsoppgåver via SBR-IKS.

Hovudoppgåve Teknisk drift:

- Teknisk drift er ei utøvande eining "Eigedom" sit som "eigar og forvaltar" av alle kommunale bygg og anlegg. Eigedom "kjøper" tenester hjå teknisk drift for å drifte og vedlikehalde bygga og anlegga.

Overordna mål

- Sikre at Luster kommune har eit oppdatert plangrunnlag som til ei kvar tid er i samsvar med overordna mål for utviklinga av kommunen, dvs. areal- og temaplanar som gir prinsipp og retningslinjer for byggje- og utviklingstiltak i kommunen.
- Sikre at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir omhandla i plan- og bygningslova.
- Yte god service og rettleiing til tiltakshavarar, innanfor dei rammer som gjeld i lovregulerte forvaltningssaker.
- Oppretthalde realkapitalen i kommunal eigedom. Sikre god drift og utvikling av kommunale bygg og anlegg slik at brukarar og medarbeidarar har gode råmer for sine tilbod og sitt virke.
- Gje den kommunale infrastrukturen (VAR) ein standard som gir innbyggjarar og næringsliv tilbod med tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet, samt sikrar gode miljømessig løysingar til så gunstige priser som mogleg.
- Ha eit kommunalt vegnett som dekker innbyggjarane og næringslivet sitt behov slik at transporttilbodet kan bli trygt og rasjonelt.
- Sikre at kommunen har eit godt nivå på førebyggjande arbeid på teknisk område, samt sikre at generell beredskap og vakt- og beredskapsordningar gjer kommunen budd på unormale hendingar slik at skadeverknader og konsekvensar vert så små som mogleg.

Tenester og oppgåver - generelt

Budsjettmessig har tenesteområdet 16 funksjonar og i tillegg er nokre plan-, forvaltnings-, drifts- og utviklingsoppgåver. Desse siste er budsjettmessig plasserte på andre funksjonar direkte eller via interne overføringar.

190 Drift

Budsjettmessig omfattar tenesta driftsutgifter for Teknisk drift, leiing, ingeniør v/a, formenn, fagarbeidarar uteseksjon, vaktmeistarar og reinhaldarar, samt kostnader felles maskindrift. Budsjetteknisk legg ein opp til at funksjonen skal balansere, kostnadane vert dekkja opp ved sal av tenester til dei ulike tenestestadane, kommunale bygg og anlegg. Tenesta sel og nokre tenester til kyrkjesektoren, bustadorganisasjonane og private.

Vedlikehaldsavdeling, røyrleggarar, maskinkøyrarar og reparatør, dekkar opp ein relativt stor del av drift og vedlikehald av kommunalt vatn- og avløpsanlegg, kommunalt vegnett og anlegg. Kommunal maskindrift disponerer nokre større maskiner, bla, hjullastar, veghøvel og lastebil med kran.

Kommunen kjøper tenester til brøyting og strøing av vegar, samt meir spesialiserte vedlikehaldsoppgåver på bygg(ventilasjon, elektro mv). Desse utgiftene vert belasta aktuell tenestestad direkte.

Vaktmeistertenesta dekkar heile den kommunale bygningsmassen på driftssida. Snekkarar og målar supplerer for større vedlikehald av kommunale bygg og anlegg basert på årlege vedlikehalds- og byggutviklingsprogram .

Teknisk drift har ansvar for reinhald av alle kommunale bygg, unnateke pleie/omsorg.

265 Kommunale bustader

Kommunen har ein stor bustadmasse. Ein del er organisert i stifting (SLU, Stiftinga Luster Utleigebustader), og ein leilegheit i bustadbyggjelag, Steinahagen, med eige budsjett/rekneskap. Bustadmassen dekkar kommunale bustadplikter, sosiale behov, rekruttering og etablering. Utleige er administrert av Servicetorget, og ei bustadnemnd står for prioritering/inntak. Husleigesatsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingsattsar. Vedlikehalds-oppgåvene vert dekkja av teknisk drift og større arbeid vert gjort når det er skifte av leigetakarar. Rådmannen v/Eigedom, ev SLU, har ansvar for sal og nybygg.

301 Plansak

Tenesta har ansvar for overordna kommune- og samfunnsplanlegging med vekt på arealplanlegging, oppfølging av kommuneplanen sin arealdel med utarbeiding av reguleringsplanar, forvaltning av desse og handsaming av private reguleringsplanar. Tema- og utviklingsplanar for dei ulike tenestemråde skjer i regi av desse. *Det vert utarbeida årlege planleggingsprogram som følgjer budsjettet/økonomiplanen.*

302 Byggesak

Tenesta er forvaltning og tilsynsoppgåver i medhald av plan- og bygningslova, herunder arealbruksplanar i medhald av lova. Vidare oppgåver er handsaming av byggesøknader, delingssøknader, dispensasjonar frå planar og veglov, utsleppssøknader og avfallsplanar, samt tilsyns- og sanksjonshandsaming i medhald av plan- og bygningslova og ureiningslova. Kommunen sine utgifter til forvaltning etter plan- og bygningslova vert delvis dekkja av kommunal gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingsattsar.

303 Oppmåling

Tenestestaden skal syta for at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir omhandla i plan- og bygningslova (§5). Nykartlegging og periodisk vedlikehald/oppdatering av kart skjer i all hovudsak gjennom avtalt samarbeid i Geovekst og NorgeDigitalt. Kommunen forvaltar delingslova og matrikkellova og tilhøyrande teneste-produksjon, herunder registrering i medhald av matrikkellovgjevinga. Kommunen sine utgifter til forvaltning og tenesteproduksjon vert dekkja i kommunal gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalings-satsar. ROS-kartlegging, digitalisering av arealplanar og digitalt planarkiv har ansvars plassering på andre tenestestader.

315 Bustadbygging – bustadfelt

Budsjetteknisk vert det budsjettert nokre mindre vedlikehaldstiltak på kommunale bustadfelt som ikkje går inn under veg, veglys og VA.

Tilskot til spreidd bustadbygging: Kommunen yter eit tilskot på kr 75 000,- per tomt til spreidd bustadbygging etter nærare utarbeidde retningslinjer.

Kommunal bustadbygging: Kommunen har store arbeidsoppgåver i å leggje til rette for bustadbygging. Planlegging, opparbeiding og utvikling av bustadfelt. Kommunen har utarbeidd retningslinjer for tildeling av tomtar. Jf. *elles investerings-/planleggingsprogrammet*.

330 Samferdsle

Kommunen sitt ansvar og engasjement er Solvornferja. Det er avtale med Lustrabaatane AS for gjennomføring av ferjeruta. Anbudsperioden for ferja er t.o.m. 2021, ev tosidig opsjon t.o.m. -24. Fylkeskommunen gir tilskot til tiltaket med grunnlag i skuleskyss og regional utvikling/ reiseliv, kr 450.000 pr år.

Leige av kai/kaiområde vert ført på funksjonen.

333 Kommunale vegar

Kommunen har eit omfattande kommunalt vegnett, ca. 120 km og plassar/parkeringsanlegg. Vegnettet, fast dekke, grusveg og bruer skal ha kontinuerleg vedlikehald sommar og vinter. Drift og vedlikehald vert gjennomført i eigen regi og med innleige av maskiner. Brøyting vert utført via anbodkontraktar med private med avtale t.o.m. 30.04.2017. Større tiltak på vegnettet vert gjennomført som anleggsutviklingstiltak med årlege prioriteringar.

Kommunen yter tilskot til vedlikehald av privat veg (1.33301).

334 Trafikktryggleikstiltak

Med utgangspunkt i kommunal trafikktryggingplan vert det gjennomført ein årleg prosess for kartlegging, planlegging og gjennomføring av mindre tiltak. Det vert søkt om midlar til tiltaka. Tiltak som får tilskot, vanlegvis om lag 50% av kostnaden, vert prioritert for gjennomføring. Driftsmidlar dekker mindre sikringstiltak. Eigendel til ”Aksjon skuleveg” vert finansiert over investeringsplanen.

338 / 339 Førebygging mot brann og ulukker/beredskap mot brann/ulukker

SBR-IKS har ansvaret for både førebygging og beredskap mot brann/ulukker.

Gjennom SBR-IKS har kommunen ein brann- og ulukkesberedskap som ivaretek kommunen sine plikter i medhald av brannlovgevinga, deltek i ordninga for akutt ureining (IUA) og i det interkommunale selskapet ALSF (Alarmsentralen Sogn og Fjordane).

345 Vassverk

Kommunal vassforsyning er omfattande og kjenneteikna av mange og relativt små vassverk. Vedlikehald av 12 vassverk med m.a. tilhøyrande leidningsnett og basseng. Vert gjennomført driftsovervaking av tilknytte vassverk og basseng minimum 2 gonger/dagleg og analyse av vatnet i henhald til drikkevannsforskriften. Vassprøvar vert teke kvar 14 dag. Generelt vedlikehald, lekkasjesøk og reparasjonar etter behov. Talet på vassverk gjev mange utfordringar for å sikra nok og sikker forsyning.

353 Kloakk

Som for vassforsyning er det mange anlegg for drift og ettersyn. Tilsyn på 50 kloakk-pumpestasjonar og driftsovervaking minst 2 gonger/dagleg. Kloakkprøvar vert gjennomført 4-6 gonger i året . Generelt vedlikehald, reparasjonar av pumper og staking av kloakkrøyr.

354 Tømming av slam

Tømming av slamavskiljarar vert gjennomført i regi av Simas. Simas har og ansvaret for fakturering av slamabonntar. Alt etter type anlegg er det tømming kvart år, anna kvart år eller fjerde kvart år.

355 Renovasjonsordninga

Kommunen får løyst sine oppgåver i det interkommunale selskapet Simas. Selskapet tek seg av innsamlingsordning og handsaming av innsamla avfall.

Simas kjøper tenester frå kommunen v/Teknisk Drift til drift av Miljøstasjonen i Gaupne.

Kommunen har sjølv ansvaret for renovasjon i sentrumsområde, utfartsområde og badeplassar. Føresetnaden er kommunal kostnadsdekning.

357 Offentleg toalett

I Luster Kommune er det ein del toalett, som er opne for alle, særleg om sommaren. Det er fleire overnattings- og serveringsverksemder, bensinstasjonar, butikkar og liknande, som i praksis har toalett som alle kan nytte. Einskilde verksemder har grunna lokalisering meir ”offentleg” toalettbruk enn andre. Luster Kommune har ikkje driftsansvaret for mange toalett. Offentleg toalett med offentlig driftsansvar er relativt dyrt å drifte.

Her vert budsjettert tilskot til offentlig tilgjengelege toalettanlegg i kommunen og kommunen sine utgifter til eigne anlegg.

Styringsmål 2016

Styringsmål			Datakilde	Status		Mål 2016
				Luster	Landet	
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0
	B	Tal klagesaker m/omgjæringsvedtak	Registrering	1	-	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Registrering Visma	104		<100%
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune 2014	4,8	4,6	4,8
	M	Sjukefråvær (Teknisk drift)	Fråværsstatistikk 2014	4,5	-	<4,0
Teknisk	B	Vasskvalitet, prøvar utanfor grenseverdi	Resultat vassprøvar	12	-	0
	B	Sakshandsamingstid oppmålingsforretning (snitt dg)	Kostra 2013	65	66	60
	B	Andel søknader om tiltak der kommunen overskrider lovpålagt sakshandsamingstid	Kostra 2012	7 %	5 %	0

*) Dette styringsmålet er «nytt» og registrering av ev. avvik/status vil bli gjort frå og med januar 2016

Budsjett og årsverk 2016

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
190	TEKNISK DRIFT	90	-136	-165,8
315	BUSTADTILTAK	720	970	-25,8
330	SAMFERDSEL	2 210	2 210	0,0
332	KOMMUNALE VEGAR	7 628	8 375	-8,5
333	PRIVATE VEGAR	400	400	0,0
335	REKREASJON TETTSTAD	305	305	0,0
	SUM	11 353	12 124	-6,4

*332 Tilleggsløyving 2015 til vintervedlikehald. 2016 B har 50.000 i auka straumutgifter veglys./auka brenntid.

Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
301	PLANSAK	285	285	0,0
302	BYGGESAK	564	646	-12,7
303	OPPMÅLING	1 533	1 436	6,8
	SUM	2 382	2 367	0,6

Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
338	FOREBYGG. AV BRANN OG UL	600	650	-7,7
339	BRANN- OG ULYKKESVERN	4480	4021	11,4
345	VASSVERK	-3910	-3617	8,1
353	KLOAKK	-2236	-2031	10,1
354	TØMMING AV SLAM	-100	0	
355	RENOVASJONSORDNINGA	-300	0	
	SUM	-1466	-977	

*339 Auka utgifter til nødnett og kompetansetiltak

*354 og 355 - gebyrinntekter, utgifter ført på TD, mfl.

2012	42,7 årsverk
2013
2014	47,8 årsverk
2015	47,1 årsverk
2016	50,1 årsverk (+røyrleggar, reinhaldar, byggesak...)

Særskilt om 2016

Eigedom og anlegg; Drift, vedlikehald og utvikling (190, 265)

- Ta i bruk UMS varsling, (befolkningsvarsling via telefonnettet til både fasttelefon og mobiltelefon) i samband med beredskap, vass- og avløpsarbeid og vegarbeid. Kan og nyttast i andre samanhengar / gruppevarsling.
- Styrka vedlikehald av grøntområde.
- Utvidar overvåkingsanlegget innan va. Prioriterer anlegg i utkantanlegga. Dette vil gje tryggare og sikrere drift.
- Arbeide aktivt med lekkasjesøk og førebygging med mellom anna utskifting av gamle leidningar og pluggkøyring/utspyling av vassleidningar.
- Arbeidet med oppfølging av enøkplan, gjennomføring av enøktiltak og betre styring av energibruken, kompetanseheving, utnytting/bruk av SD-anlegg skal ha fokus.
- Ny brannordning for indre delar av kommunen vert innført frå 01.01.16.
- Arbeid med adresseprosjektet for heile kommunen starta opp i 2014. Adressenamn er vedtekne, og arbeidet med tildeling av adresse pågår. Arbeidet fortset i 2016 med skilting.
- Det er eit mål om auka aktivitet innan geodataområdet, m.a. via regionalt samarbeid. Det vil på sikt gje vinstar, også på andre forvaltningsområde.
- Kompetansebygging innan eigedomsforvaltning av kommunale bustadar
- Etter at Parken AL sa opp avtalen om offentleg toalett er det ikkje inngått ny avtale. Avtale/opplegg om offentleg toalett i Gaupne, ev Skjolden bør drøftast nærare.
- Styrking av ordinært vedlikehaldsbudsjett; Gaupne skule toalett mellomsteget (150.000) Helsesenter (150.000), Grandmo (100.000), Støyskjerming (100.000)

Plan og byggjeaktivitet (301, 302, 303)

- Tilskotsordning til bygging utanfor kommunale byggefelt med privat infrastruktur er budsjettert med 750.000. Skulle ventetid på utbetaling auka vesentleg så vert saka lagt fram i T1/T2.
- Reguleringsplanlegging vert prioritert i 2016, jf planleggingsprogram.
- Ved overgang til pensjon og nyrekruttering er det ressursauke med 20% stilling.
- Betalingssatsar oppmåling dekkar mindre andel av sjølvkost og kommunen har relativt låge satsar. Satsane er auka med 5 %.
- Betalingssatsar byggesak dekkar og mindre andel av sjølvkost og kommunen har relativt låge satsar. Satsane er auka med 5 %

Infrastruktur, veg og anlegg (330, 333, 334, 338, 339, 345, 353, 354, 355, 357)

- Trafikktryggingstiltak/aksjon skuleveg 2015, tek utgangspunkt i plan m/tiltaksliste. Skogrydding, siktlinjer skal prioriterast. Brenntid veglys vert utvida med ein time, sløkking kl. 01.30.
- Investeringsprogrammet gir omtale av dei prioriterte VA-investeringane for 2016. Avgiftsnivået vatn vert auka med 3 % der det er om lag 100% sjølvkostinndekking. Avgiftsnivået avløp vert auka med 5 %, her er sjølvkostinndekkinga om lag 90%, jf betalingsregulativet.

- Driftsordningane i regi av Simas vert vidareført. Gebyr vert justert med 2,5 % etter framlegg frå Simas. I tillegg kjem ei auke på kr 150,- pr. standard husholdningsabonnemnet som skal dekke kostnader som skal dekke kommunen sine oppgåver innan renovasjon. Simas aukar ikkje slangebyra, men her kjem ei auke på same grunnlag som over på kr. 75,- pr. ab. jf betalingsregulativ
- I samband med ny kontrakten for ferjeruta Solvorn - Urnes skal kommunen arbeide for å utvide tal parkeringsplassar i Solvorn.
- Sikra kai i Solvorn for allmenne offentlege føremål. (regulering ev kjøp.)
- Vurdere å hente inn utvida brukarresultat for tekniske tenester.

Tiltak 2016 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Gjennomgå kommunen si drift av kommunale samfunnshus og private forsamlingshus	Tar utgangspunkt i Plan for lokale kulturhus 2010 – 2021, vedteken i Luster kommunestyre 24.09.2009.	Bygdelaga
Etablere ein «KTP-Luster» (Kommunal TransportPlan – Luster) som grunnlagsdokument for kommunen si satsing og prioritering på offentleg transport/og kommunikasjonsnett i kommunen med fokus på desse oppgåvene: <ul style="list-style-type: none"> - Fylkesvegar - Kommunale vegar - Private vegar – tilskotsordn. - Gang- og sykkelvegnett - Veglys - Parkeringsplassar i utfartsområde - Ferjedrift - Anlegg for drivstoffylling for småbåtar - Ladestasjon for el-bil i Gaupne 	For å få ei effektiv og økonomisk drift av vegar, samt nybygging og endring vegar er det å ha ei langsiktig plan ynskjeleg. Sjølv om arbeidet startar opp i 2014 så vil det truleg ikkje verta fullført før i 2015. Arbeidet er ikkje starta opp, må setjast opp att i 2016.	Fylkeskommunen, SVV
Utarbeida ein strategi for anlegg og vedlikehald av alle offentlege park/grøntområde	Redusert standard på grøntområde, spesielt i Gaupne sentrum. Dette gjeld spesielt blomster, trær og andre buskvekster. Må leige inn nødvendig ressurs til å "shine opp", oppgradere grøntareala våre.	
Stimulere fellesorgan som bygde- og grendelag til å utvikla aktuelle uteområde, og premiera lokale initiativ til opprydding og opprusting av sine nærmiljø	Sjåast i samanheng med punkt om utarbeide strategi for anlegg og vedlikehald av alle offentlege park/grøntområde	Bygdelag

Tiltak etter 2016 (økonomiplan) frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Kommunal utbygging og utvida Offentleg-Privat-Samarbeid (OPS)	I samband med utbygging av byggjefelt er dette aktuelt, og som allereie er gjennomført	Private aktørar
Delta med finansiering i spesielle infrastrukturtiltak om det kan etablerast vinn-vinn	Må først definere/registrere infrastrukturtiltak som kan vere aktuelle	Fylkeskommunen, Vegvesen
Aktiv tilrettelegging for bygging av fritidshusvære /hytter i kommunen		Private

5.8 Tenesteområde Næringsutvikling og naturforvaltning

Organisering

Tenesteområdet er organisert i ei stabseining (næring) og ei resultatseining (landbruk og naturforvaltning).

Overordna mål

- Halda oppe talet på arbeidsplassar i kommunen, både i landbruket og andre næringer.
- Vidareføra den kommunale næringspolitikken som skissert i k-sak 10/14: «Grunnlaget for handsaming av nærings saker i Luster kommune».
- Leggja til rette for fast busetnad i heile kommunen, jf areal- og eigedomsforvaltninga.
- Leggja til rette for friluftsliv og sikra innbyggjarane tilgang til jakt og fiske.
- Ta vare på eit representativt tverrsnitt av naturtypar og naturkvalitetar for framtidige generasjonar og sikra levelege vilkår for vilt og fisk
- Ta vare på kulturlandskapet og få redusert/stansa attgroinga.
- Gjera berekraftig utvikling til eit overordna prinsipp ved all planlegging og drift.

Tenester og oppgåver - generelt

320 Kommunal næringsverksemd

- Gjeld i hovudsak inntekter ved sal av konsesjonskraft, jf kommentar innleiingsvis.
- Leigeinntekter for næringsbygg er budsjetterte på bakgrunn av avtalar. Avtalane baserer seg på prinsippa for husleigenivå på kommunale næringsbygg som vart vedteke i budsjettet for 2012

325 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet

- Kontakt/samarbeid med næringslivet og samarbeidande partar som Innovasjon Noreg, fylkesmannen si landbruksavdeling, fylkeskommunen, næringsnettverket i Sogn og bankvesenet.
- Forvalte kommunen sitt konsesjons- og næringsfond.
- Delta i utviklinga av den regionale arbeidsmarknaden.
- Ha ledige næringsareal og tilgang til bygg for nærings tiltak
- Delta i utvikling av kompetansen i næringslivet
- Kommunen skal ha ei aktiv rolle i arbeidet med å vidareutvikla reiselivet

329 Landbruksforvaltning

- Betra lønsemda innan tradisjonelt landbruk
- Få bestanden av rovdyr ned på streifdyrnivå
- Få etablert lønsame tilleggsnæringer på gardsbruk
- Leggja til rette for ”Inn på tunet”-tilbod
- Handsama og kontrollera saker i høve Innovasjon Noreg (BU-ordninga).
- Hjelpa dei som tek kontakt med søknader til Innovasjon Noreg.
- Handsama saker etter gjeldande lovverk (jordlov, konsesjonslov, odelslov mv).
- Følgja kommuneplanen ved avgjerder som vert fatta i areal- og eigedomsforvaltninga, t.d. ved å utøva ein liberal frådelingspolitikk av bustadtomter på uproductiv mark.
- Sakshandsama og kontrollera statlege støtteordningar som areal-, kulturlandskaps- og produksjonstillegg for landbruket, SMIL-midlar mv.
- Landbruksfagleg rettleiing og planlegging.

- Handsama saker om elveforbygging og kraftutbygging
- Føra tilsyn med elveforbyggingar i samsvar med instruks frå NVE. Synfara alle anlegg minst kvart femte år. Ein jamn aktivitet tilseier kontroll av ca 25 anlegg årleg.
- Administrera veterinærordninga for kommunane i Luster veterinærdistrikt (3). Syta for tilgang til veterinær heile døgnet, alle dagar i året. Betala ut godtgjeringar og tilskot.

360 Naturforvaltning

- Viltforvaltning, fiskeforvaltning, miljøforvaltning og forvaltning av verneområde
- Utføra naturoppsyn etter avtalar med ulike oppdragsgjevarar. I tillegg utføra oppsyn på område der kommunen sjølv er sett til å handheva regelverk.
- Oppfølging av handlingsprogram for friluftslivet i gjeldande kommunedelplan.
- Følgja opp handlingsprogrammet i kommunen sin vedtekne miljøplan
- Arbeida for å få staten til å ta større ansvar for uttak av skadedyr/rovdyr.
- Gjennomføra dei kommunale oppgåvene med jegerprøven i samsvar med instruks.
- Arbeida med miljøfagleg rettleiing og yta hjelp til skular i prosjektarbeid i den grad det er kapasitet til det.
- Forvalta verneområde kommunen har fått ansvaret for i tråd med gjevne vernereglar og innarbeidd praksis i kommunen.
- Samarbeida med forvaltningsstyra og statlege stillingar knytt til oppsyn og forvaltning av verneområde.
- Følgja opp igangsette prosjekt under ”Naturarven som verdiskapar”.
- Arbeida for å få grunneigarane til å ta eit større ansvar for hjorteviltforvaltninga og tilretteleggja for gjennomføring av prosjektet for bestandsretta forvaltning.

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2015
				Luster	Landet	
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0
	B	Tal klagesaker m/omgjeringssvedtak	Registrering	0	-	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap Visma	98%		<100%
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune 2014	4,7	4,6	>4,5
	M	Sjukafråvær	Fråværsstatistikk	1%	-	<2,0
Ten omr	B	Andel saker innan naturforvaltning med fristbrot (tilskotsordningar)	Registrering	0	-	0

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

Budsjett og årsverk 2016

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
285	BREIBAND	1 000	1 000	0,0
320	KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD	-277	-296	-6,5
321	KONSESJONSKRAFT	-6 150	-9 150	-32,8
325	TILRETTELEGGING OG HJELP FOR NÆRINGSLIVET	3 154	3 178	-0,8
329	LANDBRUK	3 755	3 848	-2,4
360	NATURFORVALTNING	747	577	29,5
	SUM	1 229	-843	-245,8

*285 Anleggsbidrag frå LK.

*320 Husleige/leigeinnt. næring.

2014 6,0 årsverk.(5 landbr/natur + 1 anna næring.)

2015 5,5 (4,5 landbr./ natur)

2016 5,5

Særskilt om 2016

325 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet

Luster kommune skal vere aktiv i høve delfinansiering av både små etablerarprosjekt og større satsingar i næringslivet. Det er fleire interessante utviklingsprosjekt under gjennomføring og på planstadiet i næringslivet i Luster. I februar 2014 i k-sak 10/14 vedtok kommunestyret; -"Grunnlag for handsaming av næringsssaker i Luster kommune", styringsdokument for både administrativ og politisk handsaming av næringsssaker. Dette dokumentet vart drøfta i næringsutvalet i februar 2015, det vart ikkje gjort endringar.

Dokumentet skal rullerast i februar 2016.

I dokumentet som vart vedteke i februar 14 gjeld nye vilkår for lån i næringsfondet; låna kan til vanleg vere 20% av kostnaden med tiltaket og det kan ytast lån inntil kr 2 mill til kvar verksemd.

-Arbeidet med felles kompetanseutvikling for næringslivet vil bli vidareført med fleire temamøte vinteren 2016. Dette vil skje i samarbeid med næringslivet. Dette er arrangement der Luster kommune og Luster Sparebank samarbeider om det praktiske.

-Posten «Aktivitetsplan reiseliv» har i 2015 hovudsak vore nytta til finansiering av Luster kommune sin del av økonomisk bidrag til selskapet Visit Sognefjord AS. Selskapet har ein offensiv strategi for å gjere Sognefjorden til eit endå betre reisemål, og gjere næringa endå viktigare for regionen. Luster kommune har gjennom vedtak bunde seg til ein treårig avtale om økonomisk støtte til Visit Sognefjord, fram til 2017.

Visit Sognefjord har eit samarbeid med både skisentera og bedrifter elles om å vidareutvikle vintersesongen i Sogn.

Sesongen 2015 har vore god for reiselivet i kommunen. Det er fleire verksemder som arbeider med utviklingsprosjekt framover mot sesongen 2016.

-Gjennom Sogn Regionråd er no alle næringsansvarlege i kommunane i eit samarbeidande nettverk. Vidareutvikling av næringslivet i regionen og den regionale arbeidsmarknaden er sentralt i dette arbeidet.

I 2015 har Luster kommune delteke i «byregionsamarbeidet» mellom Leikanger, Sogndal og Luster. Dette samarbeidet går vidare i 2016, etter at det er løyvd midlar frå Kommunaldepartementet. I den fassen ein no går inn vert det arbeidd med tre hovudtema:

1. Korleis kan kommunane utnytte tilflyttingspotensialet knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv?
2. Korleis kan kommunane bidra til å sikre eksisterande , og leggje til rette for nye statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane?
3. Korleis kan vi kople og utnytte kompetansemiljøa i kommunane til innovasjon og nyskaping?

I 2015 er det bygt ut nytt næringsområde på Galdatoppen Næringsområde på Hafslo. Fleire tomtar er selde, men det er enno att fleire ledige tomtar.

I 2015 vart Sognaheisen på Sogn Skisenter teken i bruk. Arbeidet med reguleringsplanen vil gå vidare i 2016.

Utbygging av breiband pågår på fleire stader i kommunen. I 2015 søkte Luster kommune om statlege midlar og fekk til fiberutbygging på Skjolden. Dette prosjektet vil vere ferdig tidleg i 2016. Hausten 2015 var det og klart at Luster kommune sin søknad om statlege midlar til Luster/Dale var prioritert. Det vil bli utbygging av breiband her i 2016. Elles vil det bli vidare arbeid med kommersiell utbygging av fiber i Gaupne og Hafslo sentrum i 2016.

Innafor kraftsektoren i Luster kommune er det aukande aktivitet. Større oppgraderingar på Statkraft sine anlegg, småkraftutbyggingar som er i gang og småkraftutbyggingar som vil ta til i 2016.

329 Landbruksforvaltning

Gardsformidlingsprosjektet er avslutta og oppgåver som naturleg ligg til kommunen på saksområdet vert dekkja av faste stillingar i organisasjonen.

Gebysatsane på budsjettområdet er gjennomgådde og oppjusterte ein del utover prisstigninga for å harmonera med tilsvarande satsar i nabokommunar.

Ordninga med skyssutjamning til veterinærtenester er avvikla. Tilsvarande sum, kr 75 000, er stilt til rådvelde for eventuelle samarbeidstiltak for gjerdehald i utmark.

Etter å ha vore uendra frå 2008, er det kommunale stimuleringsstilskotet til veterinærtenesta prisjustert. Det er utfordrande å sikra stabil bemanning av veterinærar til vaksamarbeidet, og for tida er det stor gjennomtrekk.

I regi av regionrådet vert det frå 01.01.16 starta eit interkommunalt prosjekt «Skog i Sogn» for 3-4 år framover. Fylkesmannen støttar prosjektet med 500.000 pr år og vår fagressurs 40% stilling inngår i samarbeidet. Forvaltnings- og utviklingsoppgåver i regionen vert løyste i samarbeid og samvirke. 40% stilling er om lag Luster sin eigeninnsats/ressursinnsats i prosjektet. Balestrand og Luster er sentrale i prosjektet då det er dei som har faglege ressursar og bidra med, ny stilling er utlyst og startar på nyåret.

Det skal arbeidast for å få i gang eit prosjekt som kan skapa positiv utvikling innan mjølkeproduksjon og storfeproduksjon.

360 Naturforvaltning

Stillinga som fjelloppsyn er vidareført i 50% stilling og er kombinert med 50% vikariat som naturforvaltar så lenge det vikariatet varer. Igangsette prosjekt frå naturarvprosjektet vert i hovudsak vidareført av fjelloppsynet.

Kommunen forvaltar verneområde som i si heilheit ligg innanfor kommunen sine grenser. Både 2014 og 2015 har dette vore krevjande for Nigardsbreen sin del, med ulukker og nestenulukker, og det har vore påkrevja med ekstrainsats innan oppsyn og informasjon.

Tiltak 2015 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Aktivt arbeida for auka tilflytting i alle delar av kommunen gjennom felles tilflyttingsprosjekt	Hausten 2013 vart prosjektet «Folk i fleire hus» avslutta. Sjå omtale ovafor. Det er ikkje noko eige prosjekt for tilflytting i kommunen no. Luster kommune vil likevel ha fokus på tilflytting ved å legge til rette for nye innbyggjarar (bustadfelt, bustadbygging og arbeidsmarknad). Det er og viktig å ta godt vare på dei som har flytt til kommunen. I «byregionsamarbeidet» mellom Leikanger, Sogndal og Luster vil eit av dei sentrale tema i 2016 vere: Korleis kan kommunane utnytte tilflyttingspotensialet knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv?	
Gjennomgå grunnlagsdokument for næringsaker / landbrukssaker i kvar valperiode	Grunnlagsdokumentet skal reviderast i kommunestyret vinteren 2016	
Leggja til rette for: -nye og eksisterande kompetanse-arbeidsplassar -nye og eksisterande industrielle verksemdar med høgt teknologinivå og marknadsfokus -ein arena for nettverksbygging og samhandling i næringslivet -satsing i energisektoren -å vera vertsskap for regionale samarbeids-tiltak	Kommentar: Punkta er ein del av det «daglege næringsarbeidet», og vert arbeidd med kontinuerleg.	
Støtta opp om vidareutvikling av Sogn Skisenter	Utviklingsprosjektet ved Sogn Skisenter som vart vedteke i kommunestyret er komme godt i gang. I dette arbeidet skal det arbeidast fram grunnlag for ein ny reguleringsplan for «sentrale område på Heggmyrane». Det nye Modvo-trekket eller Sognaheisen er ferdig og vart nytta vinteren 2015.	
Arbeida for tilrettelegging av effektive datakommunikasjonsløysingar i heile kommunen.	Det er etablert fiber gjennom kommunen og frå Gaupne til fremst i Jostedalen. Det meste av næringslivet har tilbod om fibertilgang. I 2014 er det starta bygging av fiber i byggjefelt på Hafslø og på Nes. I 2015 vil det bli fiber til busette i Gaupne sentrum. Private kundar har elles breiband gjennom kopar (DSL) eller radiobasert breiband. Hausten 2013 vart det betre radiobasert breiband til fleire grender i	

	<p>kommunen. Enno står det att «hol» som må tettast. På sikt bør målet vere flest mogeleg med fibertilgang. Luster kommune har fått tilskot til «høghastigheits breiband» på Skjolden som ein del av S og Fj. Fylkeskommune sin søknad. Dette fiberprosjektet er i hovudsak gjennomført i 2015.</p> <p>Det er og komme på plass fiber og forbetra mobilforhold på Turtagrø i eit samarbeid mellom Telenor, Luster kommune, Turtagrø hotell og Hydro Energi.</p> <p>Mobildekninga er stort sett bra i kommunen, men enno dårleg einstilte stader med fast busetnad. Hausten 2015 hadde kommunen møte med dekningsjefane i både NetCom og Telenor. Etter planen vil det i 2016 og 2017 bli bygd 4G til dei fleste (vonleg alle) basestasjonane i Luster kommune. Luster kommune har fått tilsagn om statlege midlar til å bygge breiband i Dale/Luster.</p>	
Sikra at attraksjonar og aktivitetar i Luster frå sin rettmessige fokus gjennom Visit Sognefjord, gjennom samordna marknadsføring og profilering av attraksjonane i kommunen	Visit Sognefjord fungerer godt og med god oppslutnad frå næringa i Luster. Det har vore arbeid med strategiplanar for selskapet der næringa har vore involvert.	
Støtta vidareutvikling og etablering av nye aktivitetsverksemdar i reiselivet etablering av nye.	Luster kommune har ei stor breidde i aktivitetsbedrifter i reiselivet, truleg ei av dei beste samlinga aktivitetsbedrifter i heile FjordNoreg. Luster kommune prioriterer medverknad til utvikling og vekst i etablerte aktivitetsverksemdar og utvikling av nye.	
Støtta større tilskipingar som skapar omsetning for besøksverksemdene og som skapar profilering for kommunen og regionen	Dette er eit område som ligg under kultur sitt ansvar. Tilskipingar som har mål om å nå utanfor regionen og som skapar god profilering av kommunen, skal prioriterast.	
Fremja Lustrabadet som attraktivt reisemål i Luster	Lustrabadet er eit tilbod som reiselivet i større grad bør bruke i si marknadsføring.	
Ureinining, fjerning av skrot	Arbeid pågår kontinuerleg. Lovverket skal nyttast for å påleggja private å rydda opp på private område, kommunen skal ha ekstra fokus på sine eigne område.	
	Det store oppryddingsprosjektet i Flåten er ferdigstilt med kommunal medverknad.	
Fjerning av framande og skadelege artar	Koordineringsansvar ligg i første rekke til fylkesmannen, i verneområde vernestyresmakt. Kommunen kan gje tilskot gjennom SMIL-ordninga ved gjennomføring av tiltak.	
Snøskuterløyper	Luster vart godkjend som deltakar i forsøksordninga med faste løyper for snøskuterterkøyring og fekk på plass kommunal forskrift om ordninga og har gjennomført pålagd kartlegging av alle friluftsområda i kommunen.	

	<p>Aktuelle løyper er konsekvensutgreidde, men ingen av dei oppfyller kravet om grunneigargodkjenning.</p> <p>Av formelle årsaker stoppa regjeringa forsøket og sette i staden i gang arbeid med lovendring på området.</p> <p>Kommunane kan no styra dette på nærare fastsette vilkår, m.a. reguleringsprosess.</p>	
<p>Stimuleringstiltak for å:</p> <ol style="list-style-type: none"> få ungdom til å ta over gardsbruk gjera bruka meir lønsame på sikt 	<p>Luster kommune har ei rekke ordningar på området. Gjennomgangen av grunnlaget for handsaming av nærings saker våren 2014 gav som resultat at storleiken på lån til bruksutbygging i landbruket vart noko nedjustert i høve til tidlegare, men framleis er dette ei god ordning for landbruket. Gjennom rådgjeving, planlegging og anna tilrettelegging har kommunen aktivt medverka til høg aktivitet innan bruksutbygging.</p>	
<p>Vektleggja rådgjeving for å oppnå:</p> <ul style="list-style-type: none"> - auka driftsomfang innan husdyrnæringar - fleire fellesdriftløysingar - samarbeid mellom skogeigarar - høg og relevant fagkompetanse hjå næringsutøvarane - gode fagmiljø med smittande optimisme 	<p>Det pågår drøftingar med produsentlaget og TINE for å prøva å koma i gang med eige mjølkeprosjekt i kommunen, ev. saman med Sogndal.</p>	<p>Produsentlaget i Luster, TINE</p>
<p>Utarbeida heilskaplege arealplanar/planar for skogbruket</p>	<p>Arbeid som pågår kontinuerleg.</p>	
<p>Forvalta lovverket aktivt for å nå måla om bruksstruktur og busetjing</p>	<p>Arbeid som pågår kontinuerleg. Dei overordna måla i kommuneplanen er retningsgjevande for alt arbeid innan forvaltning og rådgjeving som eininga utfører</p>	
<p>Miljøsertifisering</p>	<p>Det er oppretta samarbeid med Sogndal om miljøsertifisering av verksemdar. Skal vurdere aktuelle tiltak for å oppgradera Luster rådhus til miljøfyrtårn</p>	

Driftsendringar etter 2016 (økonomiplan)

•

Tiltak etter 2016 (økonomiplan) frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
<p>Stimulera til etablering av næringsfellesskap</p>	<p>Luster kommune vil til ei kvar tid arbeide for at det finst ledige lokale for etablerarar. Det er eit mål å få etablert slike lokale i fellesskap, slik at ein kan oppnå gevinstar ved gode arbeidsmiljø.</p>	
<p>Leggja til rette for bygdeutviklingsprosjekt som er retta mot tilleggsnæringar i landbruket</p>	<p>Kommunen er samarbeidspart i det igangsette, to-årige, bygdeutviklingsprosjektet "Matopplevingar i Luster". Prosjektleiari i 40% stilling tilsett.</p>	<p>Bygdelaga</p>

5.9 Tenesteområde Kultur

Organisering

Tenesteområdet er organisert slik: Biblioteket som eiga tenesteeining, Lustrabadet som eige KF, kulturskulen som interkommunal ordning (Sogn kulturskule) med Leikanger som vertskommune og øvrige kulturtilbod og tiltak som ein del av rådmannen sin stab.

Overordna mål

Dei overordna måla er nedfelt i kommuneplanen, kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet (2016-27), plan for lokale kulturhus (2010-21), kommunedelplan for forvaltning av kulturminne og fagplanar om barn og ungdom og rusførebygging. Dei overordna måla er:

- Gje innbyggerane tilgang til moderne og tilpassa kulturanlegg,
- Utvikle eit mangfald av lag organisasjonar og stimulere til auka aktivitet i desse,
- Stø opp om profesjonelt kulturarbeid og vurdere tilskot til ungdom som har valt å satse ”profesjonelt” innan ei kulturell ytring,
- Satse på private investorar i bygging og drift av større kulturanlegg,
- Skape ”Lustraidentitet” og ta vare på språkleg kulturarv (nynorsk, dialekt, stadnamn),
- Nytte kultur som potensiale for næringsaktivitet.

Tenester og oppgåver - generelt

231 Aktivitetstilbod barn og unge/tilskot til lag og organisasjonar.

Ordninga er regulert i reglement for tilskot til kulturføremål (2016-2019).

365 Kulturminnevern

Koordinere den kommunale innsatsen innan kulturminnevernet, museum og lokalhistorisk arbeid. Aktiviteten er forankra i eigen kommunedelplan og i tilskotsreglementet.

370 Bibliotek

Funksjonen omfattar formidling av informasjon, kunnskap og kultur gjennom medium som bøker, tidsskrift, CD-ar og informasjonsteknologi.

377 Kunstformidling og utsmykking

Medverke til den offentlege satsinga på formidling av eit profesjonelt kulturtilbod i Den Kulturelle Skulesekken og andre kulturformidlingsprosjekt der kommunen er part. Ordninga skal vidareførast innan gitte rammer (budsjett, eksterne tilskot). Tilsvarande også for det som gjeld utsmykking av offentlege hus og anlegg.

380/386: Drift av idrettshall og samfunnshus

Gaupne idrettshall er lagt opp som kommunal aktivitet for skulane og barnehagane i Gaupne for gymnastikk på dagtid.

Luster idrettsråd (brukarstyre) fordeler brukartid på ettermiddag og helg. Avtale av 2008 regulerer bruken av hallen (fordeling av tid, reglar for utleige/satsar/ betaling/ekstravask). Den gamle gymnastikksalen ved Luster ungdomsskule inngår også som ein ressurs for bruk på ettermiddag og kveldstid.

Jostedal samfunnshus er lagt opp som kommunal aktivitet for skule og barnehage sin bruk av gymnastikksal/symjebasseng på dagtid og frivillige lag/organisasjonar på ettermiddag/kveld. Eigen avtale med Jostedal bygdelag regulerer drift med badevakt og tilgang til symjebasseng. Den økonomiske delen av avtalen er på kr 15.000 i tilskot og disponering av bill. inntekter. Luster kommune betalar for straum og reinhaldsmidlar.

Fjordstova i Skjolden har ein eigen avtale om drift av symjebasseng, gymnastikksal og off. toalett. Budsjettet kjøp av tenester. Avtalen vart politisk handsama i k-sak 60/04.

380 Idrett

Området er regulert av kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I samsvar med vedtak om bygging av anlegg finansiert med spelemidlar garanterer kommunen for at anlegga skal vera opne og drivast forsvarleg. Tilskot til drift er regulert i reglement for tilskot til kulturføremål. Sogn Skisenter får eit årleg driftstilskot på 900.000(k-sak) og det er føresett årleg driftstilskot til Lustrabadet .

383 Musikk- og kulturskule

Skulen vert organisert som eit interkommunalt samarbeid mellom Leikanger, Sogndal og Luster, med felles administrasjon og Leikanger som vertkommune.

385 Prosjektretta kulturtiltak

Funksjonen er samansett av kommunal finansiering av lokale tiltak i Den Kulturelle Skulesekken, Den Kulturelle Spaserstokken, tilskot til nærmiljøanlegg, kulturpris/ kulturstipend og tilskot til Luster frivillegsentral.

391 Kyrkja mv

Kontaktledd/rammeansvarleg for overføringar til kyrkjer, kyrkjegardar og andre trussamfunn.

I tillegg til ovannemnde funksjonar medverkar administrasjonen også innan planlegging, informasjonstiltak, prosjektarbeid, regionale samarbeidstiltak, større kulturarrangement, kontaktverksemd regionalt og nasjonalt/internasjonalt.

Styringsmål 2016

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2016
				Luster	Landet	
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0
	B	Tal klagesaker m/omgjeringssvedtak	Registrering	0	-	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2014 Visma			< 100%
	M	Medarbeidartilfredsheit (skala 1-6)	BedreKommune 2014	4,8	4,6	
	M	Sjukefråvær	Fråværsstatistikk 2014	0,3	-	

Tjenesteområde	B	Tal utlånte bøker pr. innbyggjar	Nasjonalbiblioteket	6,67	4,71	6,0
	B	Utlån av alle medium frå bibliotek pr. innbyggjar **	Nasjonalbiblioteket	9,6	4,9	8,8
	B	Andel av elevar i kulturskulen, av tal barn i alderen 6-15 år	SSB	-	15%	
	B	Tal besøk i biblioteka	Registrering	10	4,2	9

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål (obs - ikkje tal pga for få personar), Ø = Økonomimål

*) Dette styringsmålet er nytt og registrering av ev. avvik/status vil bli gjort frå og med januar 2016.

**)Utlånstala folkebibliotek vil gå ned i 2015. Lånegruppa frå Luster vidaregåande skule er borte, jf omlegging..

Budsjett og årsverk 2016

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
231	AKTIVITETSTILBUD BARN OG	600	589	1,9
365	KULTURMINNEVERN	100	100	0,0
370	BIBLIOTEK	2 321	2 382	-2,6
375	MUSEER	200	180	11,1
377	KUNSTFORMIDLING	50	50	0,0
380	IDRETT	1 900	1 850	2,7
381	IDRETTSBYGG	3 600	3 645	-1,2
383	KULTURSKULEN	2 597	2 521	3,0
385	ANDRE KULTURAKTIVITETER	2 211	2 116	4,5
386	KULTURBYGG	860	985	-12,7
	SUM	14 438	14 418	0,1
Funksjon		Bud 2016	Bud 2015	Endring i %
390	KYRKJE	6 013	6 010	0,0
392	ANDRE RELIGIØSE FORMÅL	210	175	20,0
	SUM	6 223	6 185	0,6

2015 3,5 årsverk

2016

Særskilt om 2016

- Tilskotsordningar er regulerte av eige reglement. Føringer i forhold til prioriteringar innanfor reglementet tilseier at føremål retta mot barn og unge og kulturtiltak som skapar auka lokal aktivitet skal prioriterast.
- Kulturminneplan er under arbeid. På fleire område manglar det ressursar til oppfølging, -prioritering og ev auka ressursar må drøftast i samheng med plan-arbeidet. Det er ikkje prioritert midlar til å auka innsats til tiltak i Solvornstrondi, jf lokal forvaltningsplan.
- Ny bibliotekorganisering med folke- og hovudbibliotek i Gaupne i samarbeid og samvirke med oppvekstbibliotek i skular/oppvekstsenter og barnehagar skal utviklast vidare.
- Ny avtale om finansiering av Sogn folkemuseum er under arbeid, fylkeskommunen reduserar sitt driftstilskot frå 2017.
- Tilskotsordningar knytt opp til kommunale planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og lokale kulturhus vil for 2016 prioritera «nye» aktivitetar og tilbod for og av barn og unge.

- Luster kommune har i sine planar lagt opp til å løyve kommunale tilskot til investeringar i spelemiddel-prosjekt i 2016-2019.
Anlegga utløyser søknader om refusjon for drift og vedlikehald jf. tilskotsreglementet. Etter politisk prioritering er det lagt inn 50.000 kroner i auka løyving til refusjon av driftsutgifter for anlegg for idrett og friluftsliv. (f.380)
- Driftstilskot i Lustrabadet er løyvt på same nivå som 2015, 2,2 million kroner, i tillegg kjem betaling for skulesymjng på 750.000.
- Sogn kulturskule. Kommunestyret har bedd om ei utgreiing der ein vurderar eigen lokal kulturskule opp mot dagens interkommunale skule. Arbeidet vert gjennomført med mellombels komite oppnemnt av kommunestyret.
- Budsjettrammene til drifta av kulturskulen er utvida med 3%. Det er avtale om reduksjon av administrasjonsutgifter(200.000) slik at tal elevplassar kan få ein mindre auke. Konsekvensane er at litt meir av aktiviteten vil kunna gå føre seg i Luster i 2016 (44%), noko meir i Sogndal (40%) og litt mindre i Leikanger (16%).
Det er ikkje budsjettert med midlar til å etablera nye tilbod, og tiltak nemnde i Status og utviklingsplan for Sogn kulturskule vert såleis ikkje sett i verk innanfor budsjettramma.
- Sogn kulturskule driv fire halve muskarstillingar i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Driftstilskot til kyrkja er budsjettert på nominelt same nivå som 2015.
- Kommunale kostnader med tilskot til trussamfunn er regulert ved ei utrekning av kostnader med den samla drifta av kyrkja i Luster fordelt på medlemar, for så å bli multiplisert opp pr. medlem i dei ulike trussamfunna som har medlemar i Luster kommune. Talet på medlemar i andre trussamfunn har auka og konsekvensen er at tilskotet også vil auke i 2016.
- **Driftsendringar etter 2016 (økonomiplan)**
- Auka museumstilskot ?
-

Tiltak frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Gjennomgå kommunen si drift av kommunale samfunnshus og private forsamlingshus	I samarbeid med komm. eigedom vil det bli fokusert på samarbeid med bygdelaga og huseigarane	Lokal prosess med kommunal plan for lokale kulturhus
Regionalt samarbeid med fokus på rammene for eit kultursamarbeid i Sogn	Kommuneplanen sin samfunnsdel	Regional møteverksemd
Strategi for framtida sitt kulturliv i kommunen	Kommuneplanen sin samfunnsdel	Lokal planprosess
Strategi for integrering av arbeidsinnvandrarar og flyktningar	Kommuneplanen sin samfunnsdel	Lokal planprosess
Kommunedelplan Lokale kulturhus	Revisjon av gjeldande kommunal plan	Lokal planprosess
Kommunal plan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	Gjennomføring av tiltak prioriterte i vedteken plan	Investingsprogram. Samarb. m. søkerane

6. Investeringsplan 2016 – 2019

INVESTERINGSPLAN 2016-2019	Økonomiplan					2016-19
	2015	2016	2017	2018	2019	
KOMM. BYGG						
H.B.U-skule, utbygging		33700				33700
Husmorskulen, bruk av bygg og eigedom						0
Rådhuset - renovering byggjeste 1		9000				9000
Rådhuset - renovering byggjeste 2			10000			10000
Luster ungdomskule, musikklokale/ombygging		500			5000	5500
Indre Hafslo oppvekstsenter, barnehage		1500				1500
Jostedal oppvekstsenter, barnehage		500	4500			5000
Lustrabadet		2000			4000	6000
Yrkesskulebygget/Friskhuset		1500	10000	10000		21500
Brannstasjon		1000				1000
ATS, lager, bruktbuikk mm.			1500	1500		3000
Gaupne idrettshall, rehabilitering		2750				2750
Fellesløyving bygg til fordeling		2000	2000	2000	2000	8000
KOMMUNALE VEGAR OG ANLEGG						0
Bilar og maskiner		2000	500	1000	1000	4500
Gaupne sentrum		1000	1000			2000
Sentrumsopprusting, Gjerde og Dale			3000	3000		6000
Brannsikring Solvorn		500				500
Anlegg idrett og friluftsliv		1000	2000	2000	2000	7000
Anleggsutvikling til fordeling		2000	2000	2000	2000	8000
Trafikktryggingmidlar		300	500	500	500	1800
Veglys; Hafslo kyrkje - Moane		3100				3100
VAR						0
Vassforsyning		3750	3750	2750	2750	13000
Avløpstiltak		3570	5070	4070	3000	15710
						0
BUSTADBYGGING						0
Bustadfelt Beheim II, byggjeste 1		2000				2000
Bustadfelt Beheim II, byggjeste 2					5000	5000
Bustadfelt Gaupne/Verket II,		10000				10000
Bustadfelt Lundshaugen, utv		300				300
Bustadfelt Indre Hafslo, Vinda			2000			2000
Bustadfelt Marifjora			2000			2000
Bustadfelt Høyheimsvik		750				750
Bustadfelt Kvitevollen		525				525
Bustadfelt Bolstadmoen.		1000				1000
Bustadfelt Grindane i Gaupne, Marifjora, ...						0
Fortun, kommunale utleigebustad		300				300
FELLESYSTEM						0
IKT		1000	1000	1000	1000	4000
Felles inventar og utstyr		500	500	500	500	2000
Oppmåling/kart		300	300	500	500	1600
Adresseprosjektet		1500				1500
						0
Diverse;						0
Tilskot kyrkjelege fellelsråd.		200	200	200	200	800
						0
Alle summar inkl. mva.	0	90045	51820	31020	29450	202335

Av dette rebusjettet frå 2015

25 531 *23 031 pluss 2,5 mill ikkje medrekna frå Verket II

Investeringar 2016 – 2019.

BYGG:

Prosjekt: 22251 Hafslo barne og ungdomskule – utbygging og ombygging Fornyng av HBU, tilbygg og ombygging.			
Oppstart 2013 Ferdigstilling 2016			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2013	2000	876	- 1124
2014	7124	2000	- 5124
31.12.14	2876		
2015	41566	36566	-5000
31.12.15	36566		
2016	33700		
2017			

Prosjektomtale:

Etter avvikling av Luster vidaregåande skule vart prosjektet endra.

Fellesbygget vart sentralt i ny planløyning for HBU. I fellesbygget og deler av samfunnsbygget kjem klassetrinn 8-10. Administrasjonen skal ha sine kontor i øvste etasje i fellesbygget. I underetasjen kjem arbeidsromma for lærarane. Fellesromma som t.d. tekstilforming og tresløyd blir som tidlegare.

Skulekjøkken blir totalt renovert og får tillagt tilstøytande rom. (Nytt skulekjøkken blei teke i bruk etter haustferien 2015.)

Etter noko ombygging og mindre tilbygg (SFO) vil vi få ein god og fleksibel skule ved bruk av eksisterande ungdomsskule til trinn 1-7 og SFO.

Det blir eit tilbygg mellom bygningane på bakkenivå. Dette gir nye biblioteklokale, ny inngang til ungdomstrinnet og mellomsteget og gjennomgang innomhus.

Kostnader knytt til byggeprosjektet vil kunne gjennomførast innafor tidlegare budsjettet.

Kjøp av eigedommar/tomt, kjøp av LVGS, erstatningsnaust og tiltak i samfunnsbygg (låssystem og stolar amfi) er no innlemma i prosjektet. Kostnad 7,5 mill.

Desse tilleggga kan delvis finansierast innanfor byggebudsjettet, men det trengs ei tilleggsløyving på tilsaman 3,7 mill. Tilleggsløyvinga er lagt inn i tabell over.

Framdrift:

Framdrifta går etter planen og den nye skulen skal kunne takast i bruk ved skulestart hausten 2016.

Det er planlagt bygging av erstatningsnaust for dei eksisterande nausta ved skulen.

Prosjekt: «Husmorskulen», Bruk av bygg og eigedom.			
Oppstart Ferdigstilling			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016			
2017			
2018			
2019			

Prosjektomtale:

Luster kommune kjøpte i 2015 skuleeigedommen på Hafslo frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kommunen overtok og gjeldande festeavtale. Festeavtalen vart innløyst pr 31.12.2015.

I samband med skuleutbygginga på Hafslo gjorde arkitekt Fossland nokre vurderinga på kva bygningsmassen kunne nyttast til. Eit alternativ var barnehage i underetasje og utleigebustadar i resten av arealet.

Bygget kan og ombyggjast til flyktningebustadar, verna bustadar, leilegheiter til sal eller utleie mv.

Framdrift:

Det bør setjast ned ei prosjektgruppe som ser på bruk av gamle Luster vidaregåande. Det er og eit tema om Gamlestova barnehage skal flytte ned til skuleområdet, eller om dei skal halde fram i noverande lokale?

Prosjekt: 13050 Rådhuset – renovering Teglsteinsfasaden må renoverast/etterisolerast, skifting av vindauge m.m.			
Oppstart 2014 Ferdigstilling 2018			
Prosjektkostnad: 19 mill. (2016 og 2017.)			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2014	4000	500	-3500
31.12.14	500		
2015	6677	750	-5927
31.12.15	750		
2016	9000		
2017	10000		
2018			

Prosjektomtale:

Fasade:

Fasadane på Rådhuset har stort behov for renovering og reoperasjon. Løysninga/alternativ som var valt, som var likt slik rådhuset ser ut i dag, med fornya teglsteinsfasadar, synta at dei økonomiske anslaga var alt for låge. Anbodskokurransen vart stogga og det vart gjort nye vurderingar ut frå følgjande føresetnader:

Ny prosjektbeskrivelse; All mur ytterfasade blir fjerna. Fasade isolasjon vert festa på eksisterande betong. Alle vindauger vert «standard» vindauger som er aluminiumskledd på utsida, for å minimere vedlikehald. Søyler og veggjar blir kledd med kebony. Vindaugefelt vert lekta ut og kledd med anna materiale for.eks cembrit. Taket over atriet vert bygd som tidlegare planlagt. Veggane i atriet vert pussa opp og vert ståande som eit vitne på det som var før.

Dette alternativet vert valt under føresetnad av at den store kostnadsforskjellen mot å fortsetja med teglstein kan dokumenterast.

Teknisk anlegg:

I prosjektet, korkje i byggjesteg 1 eller 2, var det tatt med skifte av ventilasjonsanlegg. Men det syner seg at anlegga er dårlege og må skiftast.

Luster rådhus er ventilert av 4 stk ventilasjons anlegg, levert i 1993. Norconsult gjorde ein kostnadsvurdering i 2013 på skifte av alle 4 anlegga, ca 3,5 mill. eks. mva.

Automatikk:

Det er feil på automatikken i to av anlegga. Feilen ligger i regulatorane, og denne regulatortypen er utgått og kan ikkje erstattast.

Kjøling:

Tre av ventilasjons anlegga har R-22 kjølemedie. Frå 2015 er det forbode å etterfylle kjølemedie av typen R-22. Under service viser alle tre kjøleanlegga for lite kjølemedie, etterfylling er ikkje mulig. Desse tre kjølemaskinene må erstattast med nye.

Ventilering:

Energi forbruket på desse anlegga er mykje høgare enn på nye anlegg.

Oppsummering:

Ventilasjonsanlegga på Luster rådhus er modne for utskifting. Det er moegeleg å bygge om og erstatte komponentar som er defekt, men alderen på anlegga tilseier at det vil bli store reoperasjonskostnader på desse anlegga i åra som kjem. Utskifting av tekniske anlegg er ein stor kostnad, men vil å gi lågare drifts kostnader og mindre energi forbruk.

Framdrift:

Byggjesteg 1, 2016: Tak, ventilasjon og glastak over atrium.

Byggjesteg 2, 2017: Renovering fasadar.

Prosjekt: 22250 Luster ungdomskule			
Musikklokale og språklab			
Oppstart 2016			
Prosjektkostnad: i tillegg kjem riving av gamle badebassenget.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015			
2016	500		
2017			
2018			
2019	5000		

Prosjektomtale:

Ved Luster ungdomskule er det meldt inn bygningsmessige behov; lokale for musikkundervisning, løysing for språklab, lokale for praktisk/estetiske fag

Arkitektkontoret A38, v/arkitekt Rolf Sande, har vurdert ulike løysingar og det ligg føre skisse som løyser utfordringane.

Ang. språklab så var utgangspunktet at det burde verta sambruk med anna fag. I skissene ser ein også føre seg sambruk av musikklokale for ungdomsskule og kulturskule.

Kostnadsoverslag med nye lokale og flytting av språklab er på 3,5 -4 mill.

Skulen har no vedteke å installere programvare til språkfag på elevmaskinene i klasseromma og såleis frigjere eksisterande språklab. til musikkavdelinga.

Rådmannen tilrår å vente med utbygginga av musikklokale mv. ved Luster ungdomskule til det er avklart kva som ev kan integrerast i eit renovert Yrkesskulebygg, jf planane om etablering av Friskhuset. Det er rådmannen si vurdering at musikk-undervisning m.m vil kunne løysast i dagsenterdelen av Friskhuset.

Løyving i 2016 vil kunne nyttast til ombygging av språklabben, og til mindre bygningsmessige tiltak.

Riving badebasseng Luster ungdomskule:

Rådmannen ser ikkje at det er aktivitetar som kan nytte gamle bassenget, og vil tilrå at bygget bør rivast i planperioden.

Mellombels vil gjerne lagerbehov, jf renovering av Yrkesskulebygget, kunne avhjelpast her. Riving av gamle badebassenget er så langt ikkje kostnadsrekna.

Framdrift:

Eventuelt nybygg må sjåast i samanheng med Lustrabadet, Yrkesskulebygget/Friskhuset og kulturskuletilbodet. Det vert reservert investeringsmidlar til sist i perioden som ev kan nyttast/flyttast.

Prosjekt: Indre Hafslo oppvekstsenter Utviding barnehage.			
Oppstart 2016 Ferdigstilling 2016			
Prosjektkostnad: 1,5 mill.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	1500		
2017			
2018			

Prosjektomtale:

Frå august 2015 er det 30 plassar i barnehagen, det fører til at det aukar opp med barn samt vaksne.

Dette utfordrar garderobesituasjonen til barna og ikkje minst dei vaksne.

Pauserom og arbeidsrom/kontor blir flytta bort i skulebygget mellombels. Det frigjer plass til leikeareal dette barnehageåret.

For å forbetre forholda på permanent basis vert det bygt eit tilbygg/garderobe inntil der pauserommet og kontoret er, om lag 30m2.

Framdrift:

Bygging i 2016.

Prosjekt: Jostedal oppvekstsenter Utviding barnehage.			
Oppstart 2016 Ferdigstilling 2017			
Prosjektkostnad: 5 mill.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	500		
2017	4500		
2018			

Prosjektomtale:

Jostedal samfunnshus vart oppført i 1985, og barnehagen vart oppført som tilbygg i 1990. Ny planløsning skal ta høgde for mellom anna 24 plassar, større våtgarderobe, ny personalgarderobe, arbeidsplassar for pedagogar, 1 kontor, 1 møterom/ kontor spes.ped., vurdere stellerommet, barnetoalett m lukka dører, div. lager, utesoveplass og utelager for syklar.

- førebels romprogram er definert i A38- notat av 6.08.2015.

Det er planlagt å setje ned ei prosjektgruppe som vurderar forskjellige løysningar, sambruk, ombygging og tilbygg.

Framdrift:

Byggjstart hausten 2016, ferdigstilling 2017.

Prosjekt: 38161 Lustrabadet Kjellarlokale Lustrabadet, m.m.			
Oppstart 2014			
Prosjektkostnad gjenstående : 3 + 4 mill.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2014	1176	800	-324
31.12.14	800		
2015	826	200	-626
31.12.15	200		
2016	2000		
2017			
2018			
2019	4000		

Prosjektomtale:

I 2014 vart det vedteke nokre mindre supplerande investeringstiltak i badet. Noko av dette er gjennomført, men vel 600.000 vert flytta til 2016.

Lustrabadet har eit ikkje utnytta areal i underetasjen på om lag 360 m² fordelt på to rom. Det eine rommet, ca 120 m² (rom 001) nyttar Lustrabadet til lager m.m.

Ein del av dette rommet må nyttast til teknisk rom/ventilasjon for begge romma.

I dag er ikkje nokon av romma ventilerte. Kapasiteten på ventilasjonsanlegget må dimensjonerast for framtidig bruk av begge romma.

Kostnad inkl. prosjektering for ventilasjon er kalkulert til 1,45 mill. eks.mva.

Lustrabadet har vidare behov for dette rommet til sine formål.

Det vert lagt opp til å fullføre dette rommet i 2016 og det ligg til rette for å nytte brukt ventilasjonsanlegg frå skulerenoveringa på Hafslo som kan redusere kostnad.

Det andre rommet, ca. 240.m² (rom 002) kan nyttast til andre formål.

Når det gjeld den samla finansiering av anlegget så er det framleis lang ventetid på spelemidlar og saka om mva kompensasjon er ikkje avslutta.

Rentekompensasjon for eit lån på 14,2 mill.kr ligg innanfor ordninga med "rentekompensasjon for skole og svømmeanlegg" og er utnytta.

Framdrift:

Midlar i 2016 blir nytta til garantiarbeid/oppfølgande arbeid på vedtekne tiltak samt innreiing av rom 001 med ventilasjonsanlegg som er prosjektert.

Innreiing og bruk av rom 002 er ikkje avklart. Arbeidsgruppa som såg på framtidig bruk av kjellarlokalet inkl utviding Luster ungdomsskule og Yrkesskulebygget fann ikkje noko opplagt bruk av lokalet. Inntil vidare kan rommet tene ulike lagerformål.

Vidare bruk av rom 002 må skje i samarbeid med Lustrabadet. Det vert reservert investeringsmidlar til sist i perioden som ev kan nyttast/flyttast.

Prosjekt: 32061 Yrkesskulebygget/Friskhuset Oppgradering.			
Oppstart: 2016, ev ferdigstilling 2018			
Prosjektkostnad: usikre kalkylar.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015			
2016	1500		
2017	10000		
2018	10000		
2019			

Prosjektomtale:

Arbeidsgruppa som vart oppretta la fram ein rapport som konkluderte med at Yrkesskulebygg 1 bør ombyggjast til treningscenter, fysioterapi og kontor. Det bør vere eit inntekspotensiale på min. 500.000 pr år i bygget.

Arbeidsgruppa konkluderte med at Yrkesskulebygg 2 bør ombyggjast til dagsenter. Eit dagsenter vil gi avgrensa med inntekter, men anlegget bør kunne dekke fleire tilbod og ev og gi noko leigeinntekter.

Det vert lagt opp til at bygga blir bygt saman. Førebels kostnadsanslag er berekna til 25-26 mill. Nytt namn på bygget er Friskhuset.

Rapporten omkring prospektet vart lagt fram for formannskapet den 14.10.2015 der prosjektleiar Jostein Melheim orienterte om prosjektet. Formannskapet var rosande til utført arbeid og gav signal om vidare arbeid.

I lys av forprosjektet og nasjonale føringar på ei sterk kommunal prioritering av førebyggjande folkehelsearbeid tilrår rådmann at ein går vidare med prosjektet og set av planleggingsmidlar, men ventar med investeringsavgjerd til viktige element i saka er avklart.

Kostnader med renovering, interesse/leigeavtale treningscenter, meiraktivitet utover det som ligg i prospektet og samla driftsøkonomi er viktige punkt å avklare før endeleg vedtak vert fatta.

Framdrift:

Det må setjast ned ei ny /utvida prosjektgruppe for vidare arbeid og planlegging. Gjennomføring av tiltaket krev investering over to budsjettår og det er infasa investeringsmidlar, til saman 20 mill., i 2017-18 med planmidlar i 2016.

Målsetjinga er å få fram eiga sak til kommunestyret første halvår 2016 der ein tek stilling til om tiltaket skal realiserast.(investeringsavgjerd.)

Prosjekt: 33991 Brannstasjon			
Brannstasjon i Gaupne, ombygging			
Oppstart 2014 Ferdigstilling 2016			
Prosjektkostnad: Ikkje berekna.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2014	828	428	-400
31.12.14	428		
2015	799	799	
2016	1000		
2017			
2018			

Prosjektomtale:

Luster kommune har kjøpt og teke i bruk «Øyene bygget» til brannstasjon. For å få høveleg brannstasjon, utav «bilverkstaden», må det gjennomførast ombygging innvendig i 1 etasje, i hovudsak garderober. Det er gjennomført noko oppussing i garasjedel /golv mm. Det er og mindre behov utomhus med noko asfaltering.

Bygget (garasjedelen) blir i dag oppvarma med oljefyring. Jamfør Miljøplanen til Luster kommune skal kommunen aktivt arbeida for at ein fjernar eigne og private oljefyrar. På sikt må Luster kommune skifte ut oljefyren. (vert ikkje finansiert no.)

Kostnadsoverslaga for desse arbeida har vore undervurdert. Til dette kjem og at det er kome «nye» krav til garderedelen. Arbeidstilsynet har mellom anna grunna «dokumentasjon» på kreftfare sett fokus på klarare skille mellom rein og skitten sone samt ventilasjon i bygget.

For å fullføre dette inkl. ventilasjon er det behov for ei tilleggslyving på 750.000.

Helse Førde har og meldt inn at dei ynskjer landingsplass for ambulanshelikopter ved brannstasjonen.

Eigedommen kan og i tillegg nyttast til øvingsområde for Sogn brann og redning mv. Romma i 2 etasje er tenkt nytta som ein del av øvingsområde/kurslokale. I 2 etasje er det møte/kursrom og kontor. Romma treng oppussing. Det er stort potensiale i uteområdet til øvingar.

Det vert arbeidd med å gjere noko meir ut av dette øvings/kurs-anlegget.

For dette, eit eventuelt fellesprosjekt med andre naudetatar og organisasjonar i Indre Sogn, er det laga eit prospekt for bruk av anlegget til øving og kursing.

Målet er å få med fleire interessentar i tiltaket som brukarar og til å ta del i finansiering.

SBR IKS har sett av 800.000 i sine budsjett.

Det er naturleg at Luster kommune deltek i spleiselaget/finansieringa. Det er reservert 250.000 i tilrådd budsjettlyving. Kostnad og finansiering utover dette er ikkje avklart

Framdrift:

Oppussing av 1 etasje vil bli slutført tidleg i 2016. Oppussing av 2 etasje, samt øvingsområde, vil bli arbeidd vidare med både med tanke på prosjektering og finansiering.

Prosjekt: ATS			
Bruktbutikk, lager /verkstad hjelpemiddel			
Oppstart Ferdigstilling			
Prosjektkostnad: Ikkje berekna.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016			
2017	1500		
2018	1500		
2019			

Prosjektomtale:

ATS har planar for gjenbruks-/bruktbutikk, som krev bygningareal. Ein har og eit samarbeid med Simas for å dette til.

Arealbehova ved oppstart av gjenbruks-/bruktbutikk vil vera svært avhengig av vareutval, ambisjonsnivå og driftsopplegg. I dette høvet legg ein opp til stor breidde i vareutvalet (jmf. eige punkt), og ein tenkjer seg behov for areal i tråd med dette. Vidare vil ein ha behov for eit lagerlokale for varer på veg inn i butikken, og varer som vert mellombels lagra i påvente av vidareending eller vurdering for ny runde i butikken. Ein må også disponera eit areal for reingjering og eventuelle mindre reparasjonar.

Ein har i tillegg ønskje om ei samlokalisering av lager og reparasjonar for ergoterapitenesta og lager som utstyrssentral for folkehelsekoordinator.

Vidare tenkjer ein seg ein liten «kafè» i tilknytning til gjenbruks-/bruktbutikken og ein carport til dei større bilane.

Framdrift:

Rådmannen meiner det er gode idear og planar som ligg føre, men det er vanskeleg å prioritere 2-3 million kroner til eit tilbygg ved ATS no.

Rådmann har stilt spørsmål om ein skal sjå på/vurdere oppstart ev i mindre skala i eksisterande lokale som står ledige/kan disponerast. Det er ikkje entusiasme for eit slikt opplegg.

ATS ynskjer nybygg skal vere nær til eksisterande bygg.

Etter dette er det, slik rådmann ser det, mest aktuelt å sjå på tiltaket i eit meir langsiktig perspektiv.

Etter politisk prioritering er investeringsmidlar flytta fram til 2017 og 2018 og det *vert lagt opp til nærare gjennomgang av planane i 2016, når det gjeld innhald, lokale, framdrift og kostnader.*

Prosjekt: Gaupne idrettshall rehabilitering			
Oppstart Ferdigstilling			
Prosjektkostnad: Skifte tak 2,75 mill.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	2750		
2017			
2018			
2019			

Prosjektomtale:

Det er vorte avdekka taklekasje i idrettshallen og det er utarbeidd ein rapport på rehabilitering av Gaupne idrettshall. Utdrag frå rapport:

Bygget fungerer godt funksjonelt, men det har vore ein del idrettsskader i hallen som ev kan skuldast eksisterande sportsbelegg.

Ein del av overflatene innvendig i bygget nærmar seg tida for naudsynt fornying/utskifting. Vindauger og dører har låg U-verdi i høve dagens byggekrav og bør mht energiøkonomisering snart skiftast ut.

Det har òg vore ein del lekkasjar i bygget, delvis gjennom yttertaket i garderobedelen og delvis frå qesimsane i idrettshallen. Lekkasjane har vore heilt frå bygget var nytt, slik at delar av dei innvendige himlingane ber preg av omfattande fuktskader over lang tid. Delar av eller alle himlingane i garderobeanlegget bør difor skiftast.

Garderobane ber òg preg av elde og slitasje og treng etter kvart oppgradering. Elektrisk anlegg og VVS-anlegg vert opplyst til å fungera tilfredstillande. Det vert likevel tilrådd ei viss oppgradering mot dagens standard. Desse tiltaka bør likevel vurderast av fagpersonell med aktuell fagkompetanse.

Bygget er opplyst til å ha eit høgt energiforbruk, og det tilseier at det driftsøkonomisk er rett med tilleggsisolering av tak og vegger samt skifting av vindauge og dører.

På bakgrunn av rapport synes det naudsynt å prioritere yttertaket, ved å fjerne gamal tak-isolasjon, legge heilt ny takisolasjon (30-40cm) opp på eksisterande korrugerte stålplater samt montere ny folietekking over. Kostnadsberekna til 2,75 mill. inkl. mva.

Rehabilitering av Gaupne idrettshall er med i Kommunal plan for fysisk aktivitet og friluftsliv, 2016- 2027 og i regional plan etter 2020.

Ein del av rehabiliteringstiltaka kan det løyvast spelemidlar til.

Etter nærare vurdering vil rådmann tilrå at tiltaket vert teke inn som «hastetiltak» ut frå dei skader som er avdekka og som kan utvikla seg vidare. Nytt tak vil og redusere energikostnaden ein del og opnar for at andre oppgraderingstiltak kan gjennomførast.

Det vert førebudd søknad til spelemidlar for rehabilitering. (nytt tak er ikkje godkjent tiltak)

Framdrift:

Skifte av tak 2016.

Vidare oppgradering, som vil vere søkegode til spelemidlar, vert å vurdere seinare i planperioden, mindre tiltak kan eventuelt takast over årlege byggutviklingsmidlar, men desse tiltaka bør utstå til taket er fullgodt.

Prosjekt: 20200 Fellesløyving til fordeling – Byggutvikling (BU)			
Mindre byggutviklingstiltak etter ei årleg prosjektliste.			
Årleg løyving			
Prosjektkostnad: Løyving kvart år 2 mill.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015	2000	2000	
2016	2000		
2017	2000		
2018	2000		
2019	2000		

Prosjektomtale:

Luster kommune har om lag 45.000 m2 bygningsareal.

Utvikling av dette arealet og tilpassing til driftsendringar tilseier eit kontinuerleg behov for oppgradering.

Målsetjinga er at driftsbudsjett skal vere slik at større vedlikehald kan dekkast der medan mindre investeringar, standardauke, ny teknologi vert definert og prioritert som byggutvikling (BU). Desse tiltaka kan såleis både drifts- og lånefinansierast.

Einingane melder inn behov og ynskjemål på mindre investeringstiltak/ større vedlikehaldstiltak i tenesteplanarbeidet (TP)

Prioriterte tiltak 2016:

Grandmo Lagshus 200.000
Hafslo barnehage 300.000
Hafslo omsorgs. og eldresenter 750.000
Solskjerming 200.000
Andre enøktiltak 300.000
Garderobar TD 250.000

Administrativ fullmakt for gjennomføring /kombinerast med vedlikehaldsmidlar.

VEGAR OG ANLEGG:

Prosjekt: 33301 Kjøp av bilar, maskiner Utskifting av maskiner og teknisk utstyr - teknisk drift			
Jamleg løyving			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015		1850	
2016	2000		
2017	500		
2018	1000		
2019	1000		

Prosjektomtale:

Kommunen har hatt ei rammeløyving for skifte av bilar/utstyr på teknisk drift. I 2015 har ein gjort vedtak om å avslutta leasing av bilar innan heimetenesta og byggja opp eiga forvaltning av bilparken.

Bilane som var leasa vart kjøpte. (9stk.)

Det bør skiftast 3 bilar i 2016, vidare 2 -3 bilar i året. Bilane som blir utskifta i heimetenesta i 2016 vil bli overtekne av ATS (1 bil) og teknisk drift (2 bilar).

Kostnad for ny bil. ca kr 300.000

I tillegg er det behov for ein bil, 9 setere, til ATS som skal nyttast til bla.anna intertransport. Nybil pris ca. kr 700.000,- Bruktbil frå kr. 500.000,-

Teknisk drift har i 2016 behov for å skifte ut kantklyppeutstyret/klyppeaggregat til lastar. Det må reserverast om lag 400.000 til dette.

Administrativ fullmakt.

Prosjekt: 33570 Opprusting av Gaupne sentrum Ulike tiltak tettstadutvikling Gaupne.			
Oppstart 2014		Ferdigstilling 2016	
Prosjektkostnad: Ikkje berekna.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2014	860	260	-600
31.12.14	260		
2015	1000	350	-650
31.12.15	350		
2016	1000		
2017	1000		
2018			
2019			

Prosjektomtale:

Det er gjort nokre mindre tiltak.

Etter å ha fått på plass ladestasjon og utarbeida forslag til plan for torg og forbetring av trafikksituasjonen rundt Pyramiden kjøpesenter stoppa diverre arbeidet opp.

Det vart ikkje semje med Pyramiden i forhold til parkeringsområdet.

Det kan vere aktuelt å ta opp igjen dette arbeidet i 2016.

Alternativt/eller i tillegg vil kommunen sjå nærare på å forbedre trafikkløysinga mellom Pyramiden og Lustrabadet samt bussparkering. Til dette kjem og tiltak for trafikktrygging og sikring av skuleveg til Gaupne skule.

Fleire konkrete tiltak vert drøfta nærare i seinare plan/budsjettprosess

Framdrift:

Arbeidet med opprusting av torgarealet framfor Pyramiden og trafikkløysningar, inkl trafikktryggingstiltak må drøftast nærare. Det er avsett 1 mill kvart av åra 2016 og 2017.

Prosjekt: 33571 Sentrumsopprusting			
Ulike tiltak tettstadutvikling Gjerde og Dale/Luster.			
Oppstart		Ferdigstilling	
Prosjektkostnad: Ikkje berekna.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015		Planarbeid	
2016		Fullføring av planarbeid	
2017	3000		
2018	3000		
2019			

Prosjektomtale:

Det er starta planarbeid som ikkje har hatt ynskt framdrift. Men det har heller ikkje vore prioritert investeringsmidlar som har fordra ferdigstilt planarbeid.

Arbeidet med å ferdigstill planarbeidet er no, etter avslutta kommuneplan-arbeid teke opp att. Det er og kome signal om at tiltak skal prioriterast.

I Dale/Luster er det eit større tiltak for å realisere gangveg/fortau langs fylkesvegen. Liknande kan vere aktuelt på Gjerde i tillegg til utbetring av kryssløysing, ny veg og parkeringsløysing.

Tiltaka krev samvirke med vegstyresmakter og andre private interessentar.

Det er ikkje gjort noko kalkulasjonar over kostnader slik at løyvingar er høgst førebelse.

Framdrift:

Arealplanarbeid er føresett ferdigstilt i 2016. Etter fullført planarbeid må aktuelle tiltak prioriterast, planleggjast og finansierast.

Det er etter politisk prioritering reservert investeringsmidlar i 2017 og 2018.

Prosjekt: 33804 Brannsikringsplan for Solvorn – brannsikring

Oppstart 2014 Ferdigstilling 2016			
Prosjektkostnad: Ikkje berekna.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2014	1050	50	-1000
31.12.14	50		
2015	1050	550	-500
31.12.15	550		
2016	500		
2017			

Prosjektomtale:

På bakgrunn av tiltaksplanen vil ein prioritere varslingsiltak og vannpostar.

Det er no komme på plass delvis ekstern finansiering. Søknaden vert fornya og arbeidet med branntekniske tiltak vil starte opp/pågår.

Totalt har Luster kommune 2.550.000,- til tiltaka (1 mill frå riksantikvaren, 1,05 mill Luster kommune og Stiftinga UNI 0,5 mill). Riksantikvaren har løyvd kr. 750.000,- til brannvarsling og kr. 250.000,- til vannpostar.

Framdrift:

Arbeidet med brannvarsling er gjennomført i 2015, Vannpostar vil bli etablert i 2016.

Løyvinga i 2016 er rebudsjettering av tidlegare løyving då tiltaket har teke lenger tid enn føresett.

Prosjekt: 38002 Anlegg idrett og friluftsliv 2011 -19			
Ny kommunal plan /handlingsplan vedteken i kommunestyret i desember 2011			
Kommunale løyvingar til anlegg, årleg råmeløyving.			
Prosjektkostnad: Ikkje berekna.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015	2750		
2016	1000		
2017	2000		
2018	2000		
2019	2000		

Prosjektomtale:

Luster kommune har prioritert nye anlegg i "Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-27» sitt 4-årige handlingsprogram. Løyvingane dekker den kommunale andelen av godkjend finansieringsplan til prosjekta. Løyvinga må sjåast i samanheng med statstilskot til bygging av idrettsanlegg (spelemidlar) og søkarane sin eigendel.

I ny handlingsplan er nokre anlegg prioriterte på nytt og framdriftsplanar er justerte. Det er pårekna at spelemidlar til store anlegg, også utover anlegga i Lustrabadet må pårekna relativ lang ventetid på dei statlege løyvingane, og mest realistisk er frå 3 til 4 år.

Oversikt over «forventa» kommunal del spelemidlar i 2016/2017:

Desse vert dekkja av ny løyving for 2016(1 mill) og restmidlar for 2015 (om lag 2 mill.) Avsett til saman nærare 3 million kroner.

(A = anlegg som har søkt og fått innvilga spelemidlar, men ikkje teke ut heile den kommunale løyvinga fordi tiltaket ikkje er formelt revidert og fått utbet. statstilskotet.)

Ordinære anlegg:

1.	Trail anlegg, Motorsport, Gaupne	kr	87.000
2.	Enduro anl., Motorsport, Gaupne	kr	10.000
3.	Knattcross anl., Motorsport, Gaupne	kr	10.000

Nærmiljøanlegg:

A	Ballbinge Veitastrand, restløyving kommune	kr	100.000
1.	Klatrepark, Hafslø	kr	200.000
2.	Klatrepark, Gaupne	kr	200.000
3.	Rehabilitering ballbinge, Gaupne	kr	50.000

Anlegg for aktivitet i Friluftsliv:

A.	Dagsturhytte Molden, restløyving kommune	kr	287.000
1.	Wittgenstein stien Fortun-Skjolden	kr	715.000
2.	Tursti Feigumfossen	kr	171.000
3.	Tursti Døsen – Viva (gml. vegen til Jostedalen frå Luster)	kr	108.000

Tot. kr 1.938.000

Andre tiltak;

-Parkeringsplass Krossen m.m, utviding. Tiltaket kan prioriterast over anlegg for aktivitet i Friluftsliv. (250.000)

-Sogn skisenter.

-Hovudstadion Gaupne.

Administrativ fullmakt, ajourføring av prioritering etter framdrift i søknadsprosess.

Prosjekt: 33300 Anleggsutvikling – til fordeling. Mindre investeringstiltak kommunale vegar og anlegg vert prioritert innanfor denne råmeløyvinga.			
Årleg løyving			
Prosjektkostnad: 2 mill. kvart år			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015	2000	2000	
2016	2000		
2017	2000		
2018	2000		
2019	2000		

Prosjektomtale:

Asfaltering/reasfaltering vil ta ein stor del av årleg råmeløyving.

I 2016 vert løyvinga avsett til:

- Parkeringsplass Høyheimsvik
- Mur Markstein
- Deler av kommunal veg Lambhaug – Fet, grøftearbeid og reasfaltering
- Joranger kyrkje – Oppheim asfaltering
- Bru Breelvi, utbetring tilkomst begge endar.

Administrativ fullmakt.

Prosjekt: 33401 Trafikktryggingstiltak – plan for trafikktryggleik 2016 - 2028 Kommunen har plan for trafikktrygging med aktuelle tiltak.			
Jamleg løyving			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015	200	352	
2016	300		
2017	500		
2018	500		
2019	500		

Prosjektomtale:

Det er utarbeidd og vedtatt "Kommunal plan for trafikktrygging 2016-2028"

I samband med politisk handsaming for godkjenning vart det og prioritert tiltak 2016.

Fylkeskommune dekker inntil 75 %(60%) av kostnaden på tiltak under kategorien «aksjon skuleveg». Det kan vere aktuelt å vurdere eigne trafikktryggingstiltak, folkehelseiltak t.d turveg/gangveg-tiltak utanom dette.

Framdrift:

Følgjande tiltak vert prioritert som trafikktryggingstiltak i 2016;

- Kryss Krekavegen/Vegaskjelet, opphøga gangfelt. (tiltak nr.23 h-pl)
- Gaupne barneskule, trafikktilhøve rundt skuleområde. (nr.71)
- Hestnes: Fortau/kryss – 50 m. (nr.87)
- Hestnes: Busstopp ved Hestnes. (nr.88)
- Hafslo sentrum, fotgjengarfelt kryssing Tangsvegen. (nr.99)
- Dale, opphøga gangfelt ved Jokerbutikk

Det vert lagt opp til ein større prioritering/sortering av tiltak i budsjettarbeidet for 2017.

Prosjekt: 33402 Veglysanlegg Hafslo; Hafslo kyrkje –Moane. Trafikktryggingstiltak.			
Løyving			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	3100		
2017			
2018			
2019			

Prosjektomtale:

I dei politiske drøftinga om større trafikktryggingstiltak/veglystiltak er veglystiltak frå Hafslo kyrkje til Moane på Hafslo trekt fram og prioritert. Anlegget er ikkje detaljplanlagt.

Strekninga frå kyrkja og til Moane er på 2,6 km. Om lag 65 lyspunkt a 15.000 pr stk er anslag på kostnader. I tillegg kjem kabel, grøftarbeid, straumskåp og mva.

Investeringskostnad inntil 3,1 mill.

Driftskostnadane vil bli om lag 25.000 pr år.

Desse tala baserar seg på «moderne» anlegg med jordkabel og stålmaster og armatur for LED-lamper.

Luster Energiverk kan vere interessert i å kable lågspent ev legge fiber for strekninga/delar av strekninga noko som kan gi kostnadsdeling på grøftkostnader.

Det kan byggjast enklare anlegg med trestolpar og luftspenn utanfor «tettbyggt» område.

Tiltaket er med i "Kommunal plan for trafikktrygging 2016-2028"

Det er politisk prioritert å byggje anlegget i 2016.

Framdrift:

Det vert sett i gang detaljplanlegging og utarbeiding av anbudsgrunnlag.

Godkjenning av tiltaket vert lagt inn i T1 eller som eiga sak.

Målsetjinga er å byggja veglysanlegget i 2016.

VAR

Prosjekt: 34501 Vassforsyning			
Tiltak for å sikra kvalitet og kvantitet på kommunal vassforsyning			
Jamleg løyving			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015	1000		
2016	3750		
2017	3750		
2018	2750		
2019	2750		

Prosjektomtale:

Ny hovudplan for vassforsyning m/handlingsplan vart vedteken i 2011. Planen legg til grunn årlege investeringar i storleiksorden 2,750 mill.kr for å sikra kvalitet, kapasitet og fornying.

Rullering av handlingsplanen i 2015. Ny handlingsplan syner behov for noko auka tiltak som hastar for sikker og nok vassforsyning spes. på Hafslø.

Løyvinga i 2016 og 2017 vert auka til 3,750.

For 2016 er det slik prioritering;

	Stipulert kostnad
• Nytt basseng nedre Røselekkane	1500
• Nye filter membranlegg Kalhagen	2000
• Nytt bygg Jostedal vassverk	450

Vidare i økonomiplanperioden er det slik prioritering:

• Nytt vassbehandlingsanlegg Dale vassverk	3150
• Utviding basseng Kalhagen. Grunna nytt byggjefelt Beheim 2	1500
• Utsifting kum og hydrant Melheim	500
• SD-anlegg utviding og tilknytning anlegg 50 000 per punkt,	250
• Lekkasjesøk og sonemålarar. Innmåling kummar	500
• Kommunalt vatn Eidslandet	

Administrativ fullmakt

Prosjekt: 35302 Avløpstiltak			
Tiltak kopla til kommunedelplan for avløp 2004-15.			
Jamleg løyving			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015	1000		1554
2016	3570		
2017	5070		
2018	4070		
2019	3000		

Prosjektomtale:

Noverande kommunedelplan for avløp gjeld i perioden 2004 - 2015. Ny kommunedelplan, gjeldande frå januar 2016, legg grunnlaget for prioritering av tiltak fram til 2025.

Tiltaka er på bakgrunn av ny handlingsplan og gjeld for 2016 – 2020.

For 2016 er det slik prioritering;

- Ny pumpestasjon Gaupne/Prix 1 000
- Hus over p-stasjon 70
- Nytt avløpsanlegg Veitastrond 1 500
- Pumpeledning Ekservollen- Dalsøren camping 1 000
- SD-anlegg utviding og tilknytning anlegg, 200

Vidare i økonomiplanperioden er det slik prioritering:

- Ny ledning Gaupnegrandane 1000
- Nytt avløpsanlegg Jostedal skule 1500
- Nytt avlaupsreinseanlegg Veitastrond byggjefelt 1500
- Kommunalt avlaupsanlegg Eidslandet 1500
- Ny pumpestasjon Ekservollen 1000
- Ny pumpestasjon kaien Solvorn 1000
- Tilrettelegging Grindane/Bruflat byggjefelt 3000
- Mindre tiltak.....

Administrativ fullmakt

BUSTADBYGGING

Kommunestyret vil få lagt fram sak/saker med utbyggingsvedtak der ein prioriterar felt og ser på ev stegvis utbygging for å tilpasse utbyggingstakt til behov/etterspørsel.

Prosjekt 31565: Beheim 2			
Oppstart 2013 Ferdigstilling byggjetrinn 1 2015			
Prosjektkostnad			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2014		8871	
2015		8500	2000
2016	2000		
2017			
2018			
2019	5000		

Prosjektomtale:

Reguleringsplan (61 daa) for 71 bueiningar er ferdig, omfattar både terrassehus og einebustader. Byggjesteg 1, som vart fullført i 2015, omfattar nedre del av feltet inkludert nytt vatn- og avlaupssystem.

Framdrift:

Midlar 2016 er overførte midlar frå 2015. Oppstart byggjesteg 2 ikkje avklart. Det vert reservert investeringsmidlar til sist i perioden som ev kan nyttast/flyttast.

Prosjekt 31567: Verket 2			
Oppstart 2014			
Prosjektkostnad: 17 mill.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2014	6000	3500	-2500
31.12.14	3500		
2015	10500	3500	-7000
31.12.2015	3500		
2016	10000		
2017			

Prosjektomtale:

Kommunestyret vedtok i møte 20.06.2013, sak 47/13 reguleringsplan for «Verket 2». Norconsult har utarbeidd detaljreguleringsplan og anbudsgrunnlag.

Hausten 2015 vart det gjort avtale med grunneigarane på Røneid om bruk av elvemassar nedstraums nedre bru Jostedalselvi. Statkraft er ansvarleg for tiltaket. Br. Lomheim gjennomfører masseforflytting av elvemassar for oppfylling av Verket 2 og fyrst og fremst vegområdet. Arbeidet er planlagt ferdig 2015. det var føresett at større delar av infrastrukturen skulle vore bygt i 2015, budsjetterte midlar er flytta til 2016.

I 2016 skal Konrad Fuglesteg AS gjere klart området for vidare bustadbygging med nedsetjing av ny pumpestasjon og ferdigstilling av infrastruktur; veg, vatn, avlaup, straum og gatelys. Det er ikkje lagt opp til trinnvis utbygging når det gjeld infrastruktur. Storleik på anleggsbidrag til Luster energiverk er ikkje avklara, men Luster energiverk opplyser at det må installerast ny trafostasjon i området.

Framdrift:

Politisk sak vinteren 2016 der det blir avklart utbygging/sals- alternativ og tomteprisar. Byggyklare tomter 2016.

Lundshaugen			
Oppstart 2016			
Prosjektkostnad: Ikkje klart			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	300		
2017			
2018			
2019			

Prosjektomtale:

Utviding av byggjefeltet er med i arealdelen. Kan utvide eksisterande felt med nokre få tomatar utan stor kostnad med infrastruktur. Arealplanlegging vert starta for å gjennomføre dette.

Vidare utviding av feltet/nytt felt vert etablert som nytt tiltak under nemninga Vinda.

Framdrift:

Planlegging og tilrettelegging for 2-3 tomatar i 2016.

Vinda-			
Oppstart planarbeid 2016, opparbeiding 2017.			
Prosjektkostnad: Ikkje klart			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016			
2017	2000		
2018			
2019			

Prosjektomtale:

Etablering av nytt byggjefelt er med i arealdelen i kommuneplanen. Etter politisk prioritering er nytt felt oppsett med investeringsmidlar på 2 million kroner til opparbeiding i 2017.

Reguleringsplanarbeid må påstartast og er/vert lagt inn i planleggingsprogrammet.

Infrastrukturkostnadane for feltet, VVA, er så langt ikkje vurderte. Men feltet vil krevje relativt store VVA-investeringar, slik at det må påreknast vesentlege løyvingar i påfølgande år, avhengig av storleik på endeleg felt, ev byggjestegsoppdeling og oppstartskostnader. Dette må ein kome tilbake til i planarbeidet.

Framdrift:

Planarbeid i 2016.
Start opparbeiding 2017.

Marifjøra			
Oppstart planarbeid 2016, opparbeiding 2017.			
Prosjektkostnad: Ikkje klart			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016			
2017	2000		
2018			
2019			

Prosjektomtale:

Byggjefeltet og utviding av feltet er med i arealdelen.

Etter politisk prioritering er nytt felt oppsett med investeringsmidlar på 2 million kroner til opparbeiding i 2017.

Planfagleg vurdering er at det er behov for ny reguleringsplan.

Reguleringsplanarbeid må påstartast og er/vert lagt inn i planleggingsprogrammet.

Infrastrukturkostnadane for feltet, VVA, er så langt ikkje vurderte.

Men feltet vil krevje relativt store VVA-investeringar, slik at det må påreknast vesentlege løyvingar i påfølgande år, avhengig av storleik på endeleg felt, ev byggjestegsoppdeling og oppstartskostnader. Dette må ein kome tilbake til i planarbeidet.

Framdrift:

Planarbeid i 2016.

Start opparbeiding 2017.

Grindane Gaupne			
	Oppstart	Ferdigstilling	
	Prosjektkostnad: Ikkje klart		
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016			
2017			
2018			
2019			

Prosjektomtale:

Det er avsett areal i arealplanen til bustadbygging i Grindane. Det er ikkje avsett midlar i planperioden.

Framdrift:

Vert vurdert nærare i vidare plan- og budsjettprosess.

Prosjekt 31555: Høyheimsvik			
	Oppstart 2014	Ferdigstilling 2016	
	Prosjektkostnad: Ikkje klart		
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2014	500	500	
2015	500	0	-500
31.12.15	0		
2016	750		
2017			

Prosjektomtale:

5 tomtar er ferdig regulert, jf eksisterande reguleringsplan. Grunnkjøp er avklara. Det trengs noko bygging av infrastruktur, veg, vatn og avløp.

Framdrift:

Byggjeklare tomtar 2016.

Prosjekt 31570: Kvitevollen.			
Oppstart 2014 Ferdigstilling 2016			
Prosjektkostnad: Ikkje klart			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2014	1650	1350	-300
31.12.14	1350		
2015	3000	4375	+1900-525
31.12.15	4900		
2016	525		
2017			

Prosjektomtale:

Ferdig reguleringsplan og areal kjøpt i 2014.
Opparbeiding av felt hausten 2015.
Ferdigstilling 2015/2016.
Sluttoppgjer i 2016.

Framdrift:

Tomtar er byggjeklare i 2016.

Bolstadmoen			
Oppstart Ferdigstilling			
Prosjektkostnad: Ikkje klart			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	1000		
2017			

Prosjektomtale:

Reguleringsplanarbeid (11 daa) for ca 10 bueiningar er gjennomført. Planarbeid i eigen regi. Arkeologiske undersøkingar er no gjennomført. Reguleringsplan er godkjent.

Prosjekt ikkje klart, men nokre tomtar kan truleg etablerast med små investeringar og på bakgrunn av «enkel planlegging.».

Framdrift:

Det vert lagt til rette for infrastruktur-vatn og avlaup-til dei første tomtane i 2016.
Byggjeklare tomtar i 2016.

Prosjekt 31505: Bustad – sosial utbygging			
Gjennomgangs/ungdomsbustad Fortun			
Oppstart 2014 Ferdigstilling 2015			
Prosjektkostnad: Ikkje klart			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2014	250	250	
31.12.14	250		
2015	1250	950	-300
31.12.15	300		
2016	300		
2017			

Prosjektomtale:

Kommunestyret vedtok i sak 17/14 at bygging av kommunal utleigebustad i Fortun skal løysast ved å bygge på kommunalt område på Drægni. Kommunen skal leggje til rette for nødvendig infrastruktur, VVA, slik at det kan byggast 4-5 bustader i området.

Bygging av utleigebustaden skal gjennomførast i regi av stiftinga Luster utleigebustadar. Bygging pågår.

Løyving 2016 er rebudsjetterte midlar frå 2015 for sluttoppgjær.

Gjennomgangsbustader på Sørsida/Ornes vert drøfta i eiga sak.

Framdrift:

Kommunal bustad, i regi av SLU, vert ferdigstilt på våren 2016.

Det er byggjeklare tomter for sal i tillegg til den kommunale gjennomgangsbustaden

FELLESSYSTEM

Prosjekt 12050: Tele og datakommunikasjon IKT			
Årleg løyving			
Prosjektkostnad: Løyving 1 mill kvart år			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015	1000	1000	
2016	1000		
2017	1000		
2018	1000		
2019	1000		

Prosjektomtale:

Fornyng av maskinvare og felles administrativ programvare må gjennomførast kontinuerleg, jf. og regionalt samarbeid som kan påverke prioriteringar og framdrift.

I 2016 er desse særskilde prosjekta/tiltaka prioriterte:

- Nettverksomlegging (brannmurstyrt)
- Ny Terminalserver lukka side
- Ny Terminalserver Adm. side
- Ny backupserver virtuell
- Nytt skuleadministrativt system
- Oppgradere Gericca frå oracle til MS SQL
- Infoskjermssystem felles LK
- Wintid omlegging/tillegg frå terminal, over på web/mobil
- PC/Surface utskifting skule

Administrativ fullmakt.

Prosjekt 20210: Fellesløyving inventar og utstyr til fordeling.			
Fellespost til innkjøp av utstyr og inventar.			
Årleg løyving			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015	600		
2016	500		
2017	500		
2018	500		
2019	500		

Prosjektomtale:

Behov for skifte av inventar og utstyr som det ikkje er mogleg å dekkja over rammer i einingsbudsjetta.

Felles kartlegging og prioritering vert gjort gjennom tenesteplanane for 2016.

Prioritert i 2016;

Tilleggsfinansiering til IKT og inventar etter nærare vurdering.

Administrativ fullmakt.

Prosjekt 30301: Oppmåling, kartverk Utvikling av kart, karttenester med tilhørende utstyr.			
Årleg løyving			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2014	367	67	-300
2015	250	0	-250
2016	300		
2017	300		
